

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 02.07.2013
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 25.06.13

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 118/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 119/13	Protokoll frå førre møte
PS 120/13	Referatsaker
PS 121/13	Offentleg ettersyn. Reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 mfl. (Sjøsida Eigedom AS)
PS 122/13	Reguleringsplan for Huldal aust - 2.gongs høyring av planprogram
PS 123/13	Per Kristin Frøysa Gnr. 21/1 Innløysing av driftsbygning.
PS 124/13	Forvaltningsplan for Runde, Grasøyane og Goksøyrymyra - høyringsuttale
PS 125/13	Forvaltningsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016
PS 126/13	Strategiplan for SMIL midlar 2013 - 2016
PS 127/13	Strategiplan for NMSK midlar 2013 - 2016.
PS 128/13	Søknad om startlån til toppfinansiering. U.off. §13.

Referatsaker

RS 28/13

Varsel om oppstart planarbeid.

RS 29/13

Ny bydel i Fosnavåg -
marknadsverdi på
næringseigedomar. U.off. §23.3

PS 118/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 119/13 Protokoll frå førre møte

PS 120/13 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/1453
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
121/13	Formannskapet	02.07.2013

OFFENTLEG ETTERSYN. REGULERINGSENDRING FOR GNR. 34, BNR. 22 MFL. (SJØSIDA EIGEDOM AS)

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, at reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 (Sjøsida Eigedom AS), vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

AG Plan og Arkitektur AS, Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta.
Sjøsida Eigedom AS, c/o Kvalsvik Elektro AS, 6090 Fosnavåg.

Vedlegg, prenta:

1. Plankart, sist datert 22.5.2013.
2. Føresegner, sist datert 22.5.2013.
3. Planomtale med tilhøyrande vedlegg, sist datert 22.5.2013.
4. Innspel frå Moen Eigedom AS, datert 26.11.2012.
5. Innspel frå Fjordvarme AS, datert 26.11.2012.
6. Innspel frå Fosnavåg Rederipark AS, datert 26.11.2012.
7. Innspel frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 4.12.2012.

Vedlegg, uprenta:

1. Innspel frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 17.10.2012.
2. Innspel frå Statens vegvesen, datert 18.10.2013.
3. Innspel frå Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, datert 23.11.2012.
4. Innspel frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 27.11.2012.

Bakgrunn:

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012. AG Plan og Arkitektur AS søkte på vegne av tiltakshavar Sjøside Eigedom AS, om oppstart av arbeid med reguleringsendring i september 2012.



Lokalisering av planområdet


Formannskapet godkjende søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid i møte 2.10.2012, F-sak 284/12. Planarbeidet vart kunngjort igangsett 16.oktober 2012.

Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 27.11.2012. Innan fristen kom det inn 8 merknader/innspel.

Saksopplysningar:

Dagens situasjon

Eksisterande bygg på gnr. 34, bnr. 22 er seksjonert (10 seksjonar). Sjøside Eigedom AS står som eigar av seksjon 5 og 7. I tillegg har dei vegrett over seksjon 6b (parkeringsområdet mellom eksisterande bygg og kommunal veg).




Illustrasjon som viser Sjøside Eigedom AS sine seksjonar og areal dei har vegrett over.

På delar av gnr. 34, bnr. 22 er det i dag forretning-/kontorbygg med parkeringsareal i del av 2. etasje. I første etasje er det verksemdar som Meny, Vinmonopolet, Trendy Frisør og Pernilles Clinique.

Planforslaget

Sjøside Eigedom AS ønskjer å byggje på to etasjar med leilegheiter over noverande forretningsareal. Det kan vere aktuelt med andre føremål som kontor og tenesteyting. Området er i reguleringsplanframlegget lagt ut til «Sentrumsføremål», der det kan leggjast til rette for sentrumsføremål med unntak av hotell og bevertning.

I 1. etasje er det i reguleringsplanforslaget lagt til rette for at det kan etablerast forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.



Utsnitt av reguleringsplanforslaget

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast leiligheiter og nødvendig utomhus opphaldsareal, ev. også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3).

Maksimum tillaten BYA er sett til 100 % for S-området. Byggegrense er lik formålsgrense. I S-området er det lagt til grunn at bygningane skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig kote 15,20 NGO. Heissjakt vil bli nærare vurdert ved detaljprosjektering. Det kan vise seg at diverse installasjonar må ligge på taket og vil då kunne kome til å gå over oppgitt maks høgde. Det er forslag om at bygningane som hovudregel skal ha flatt tak.

Bustadfunksjonen krev areal for lek og opphald. Det er i reguleringsplanforslaget lagt til grunn at takareal skal nyttast til felles ute opphaldsareal for lek. Tilkost til området skal skje med heis eller trapperom frå 3. etasje.

Skisseprosjektet som følgjer reguleringsplanforslaget viser 16 leiligheiter, dvs. minstekravet til leikeareal er 320 m². I tillegg kjem terrasseareal knytt til dei enkelte leiligheitene.

Planframlegget inneheld ikkje nye vegar. Eksisterande vegar er heilt eller delvis teke inn i planforslaget. Felles tilkomstveg V3 har breidde 4 meter. Veg V1 er teken inn i planen i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Sunnmørsfisk AS og Sjøside Eigedom AS har i følgje tiltakshavar vegrett over parkeringsarealet, seksjon 6, til offentlig veg.

Planforslaget legg til grunn at parkeringskravet skal dekkjast på område som høyrer til den eigedomsseksjon som vert utbygd eller som utbyggjar disponerer inntil byggjeområdet. For grunnplanet er det krav om 40 plassar. Det er vist 38 plassar utomhus.

Det er i planforslaget forutsett at 2 parkeringsplassar skal dekkjast på grunnplanet i parkeringshuset. Leiligheitene i 2. og 3. etasje skal parkere i parkeringshuset. Andre sentrumsføremål skal også parkere i parkeringshuset.

Det er i planforslaget lagt til grunn at køyremønsteret i området skal endrast ved oppsetjing av skilt, som viser inn- og utkøyning. Dette er vist på plankartet med piler.

Innspel til planarbeidet:

Bergens Sjøfartsmuseum, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Søre Sunnmøre Landbrukskontor og Statens vegvesen melder at dei ikkje har innspel til planarbeidet.

Moen Eigedom AS informerer innleiingsvis om at leigetakarane deira genererer rundt 1000 kundar kvar dag og endå fleire fredag og laurdag. Noko som fører til sterkt press på trafikken i området og på parkeringsplassen mesteparten av dagen. Moen Eigedom AS fastslår at dei har varemottak med aktivitet både på dag- og kveldstid, på kaiareal. Dei informerer vidare om at Vinmonopolet tek i mot varer 2 gongar i veka ved hovudinngangen. Posten leverer post 2 gongar dagleg. Moen Eigedom AS gir klart uttrykk for at dei ikkje har ledig parkeringsareal på deira område.

Kommentar:

Varerampe – tilkomst kai-området

Kombinasjonen av varemottak og parkering på «kaiplanet» vil kunne føre til tidvise ulemper, særleg når vareruta står som skissert i vedlegget til merknaden og parkeringsplassane langs kai fronten er i bruk. Dei ulike seksjonane har vegrett over parkeringsplassen. Dette gjeld kai området og seksjon 7 og 7c. Bruken av varemottaka må såleis innrette seg etter allereie faktiske rettar og med nødvendige omsyn også for andre eigarar innan området. Etter kommunen si vurdering vil ikkje dei to (2) tenkte parkeringsplassane til seksjon 7C på grunnplanet skape vanskar for funksjonane i området.

Tal parkeringsplassar

Krav til parkeringsplassar går fram av gjeldande vedtekter og kommunen sine parkeringsvedtekter. Om verksemd treng meir plassar grunna utviklinga i kundegrnlaget vert det ei sak for den enkelte eigar – i høve eigedomsrett på tilgjengeleg areal. I byggesak må tiltakshavar vise til parkeringsdekning i h.h.t. reguleringsplan og parkeringsvedtekt. Planomtalen gjer greie for korleis Sjøside Eigedom skal løyse parkeringskravet.

I praksis vil samla utbygging, som eigedomsselskapet vil stå for, måtte avgrensast i forhold til tal tilrettelagde parkeringsplassar. Ulik arealbruk løyser ut ulikt behov for tal parkeringsplassar.

Fjordvarme AS meiner det ligg godt til rette for at Sjøside Eigedom AS kan nytte sjøen som energikjelde til oppvarming og kjøling ved hjelp av varmepumper. Fjordvarme AS kjem med innspel om at det bør veljast vassbasert oppvarming av bygningsmassane. I tillegg bør utbygging av infrastruktur for varme- og kjøling koordinerast med anna utbygging av infrastruktur for andre delar av sentrum.

Kommentar:

Etter kommunen si vurdering, finn ein det ikkje tenleg gjennom reguleringsplan å påleggje Sjøside Eigedom AS å nytte vassboren varme. Det er naturleg at val av energiløysing vert nærare vurdert i samband med byggjesak.

Fosnavåg Rederipark AS meiner disponeringa av areala i bygga er generell. Dei skulle gjerne sett at den var betre spesifisert. Rederiparken gir uttrykk for at dei er mest uroa for tilkomst og parkeringssituasjonen i området. Framtidig bruk av bygget vil ha mykje å seie for desse momenta. Rederiparken informerer om at mange «uvedkommande» parkerer på taket deira. Dei meiner at denne delen av Fosnavåg sentrum allereie i dag har knapt med parkeringsplassar.

Rederiparken informerer vidare om at dei eig vegen frå Tollåsbakken og arealet oppe på taket. Dei andre selskapa i området har avtale med rederiparken. Sjøside Eigedom AS har avtale om tilkomst via ein parkeringsplass til sin eigedom.

Avslutningsvis ber rederiparken om at det vert teke omsyn til deira eigarinteresser. Dei ønskjer også at det vert teke omsyn til utsikt, ved bruk av glasveggar.

Kommentar:

Skisseprosjektet som er lagt ved reguleringsendringa, viser leilegheiter i 2. og 3. etg. Tiltakshavar ønskjer i midlertid større fridom i bruk og føremålet sentrumsfunksjonar med unnatak av hotell/bevertning. Føremålet er meint å vere noko generelt då siktemålet er å kunne nytte bygningsmassen til typiske sentrumsfunksjonar som forretning, tenesteyting, bustadbebyggelse og kontor. Slik tiltakshavar ser det no er det mest aktuelt med leilegheiter.

Planområdet vil kunne nyttast til dei ulike føremåla i varierende grad. Kravet til parkering er ulikt for bustader og forretning/kontor. Ein legg til grunn at utbygginga vil stette krava til parkeringsdekning.

Konsulent har sett det som tenleg at tilkomsten til alle parkeringsareala vert vist i planen. Vegen frå Tollåsbakken til taket er difor med. Seksjonane 7 og 7c må inngå nødvendig avtale om tilkomst via veg V3 før slik tilkomst kan realiserast.

Konsulent /tiltakshavar kan ikkje «garantere» at fasadane vert som vist i skisseprosjektet. Tiltakshavar vil legge vekt på at det skal takast omsyn til nabobygg. Dette vil verte nærare vurdert i byggesak.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal legg til grunn at barn og unge sine interesser blir teke vare på (jf. PBL § 5-1). Fylkesmannen minner om at planen må sikre/dokumentere tilgang til gode og funksjonelle uterom som er eigna for leik og rekreasjon.

Kommentar:

I planframlegget er det vist uterom for leik og rekreasjon. Det er sett krav om uteoppholdsareal lik 20 m² for kvar leilegheit. Slik plass er føresett å kunne etablerast på taket til 1. etg. Med heis i bygget vil arealet vere universelt tilgjengeleg.

Vurdering:

Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i henhald til kommunen sine krav.

Tiltaket vart innleiingsvis i planprosessen vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova, og ein konkluderte med at tiltaket ikkje hadde så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, at konsekvensutgreiing var nødvendig.

Planomtalen skildrar planen på ein god måte. Rådmannen vil særleg trekkje fram to viktige moment i planen sett i høve til gjeldande plan for området: høgde på bygg og parkering.

Høgde:

I eksisterande reguleringsplan (reguleringsendring for Sunnfisk Eigedom (id. 1515200502), godkjent 1.9.2005)) er det lagt til rette for forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (B/F/K1 og B/F/K2) med henholdsvis maksimum møne- og gesimshøgde 7,2 meter og 11,1 meter. I planforslaget som no ligg føre er det lagt til rette for sentrumsføremål (bustad, forretning, kontor, tenesteverksemd), med maksimum møne- og gesimshøgde som ikkje overstig kote 15,2 meter. Dette er vesentleg høgare enn i gjeldande plan. Tiltakshavar grunngjev høgda med at eksisterande golvhøgde på 1. etg er lik kote 2,63 m og skissert nødvendig eksisterande 1. etg og skissert 2. og 3. etg, sum lik 12,5 meter. Sum avrunda høgde til kote 15,20. I tillegg kjem høgde knytt til nødvendige installasjonar på taket (heis- og ventilasjonssjakt).

Som vedlegg til reguleringsplanforslaget følgjer skisseprosjekt med snitt som viser høgden på etasjane og total høgde bygg. Det ligg også ved sol- og skuggeanalyse og 3D visualisering.

Skisserte høgde er vesentleg høgare enn godkjende høgder frå gjeldande plan. Tiltakshavar sin eigedom ligg sentralt i Fosnavåg sentrum og i høve til sjøen/fjorden utanfor. Skisserte utbygging i området, vil truleg framstå som eit signalbygg i Fosnavåg. Det er viktig at eit framtidig bygg vert utforma med omhug. Sentrum treng ny bustadmasse/leilegheiter. Skal ein få til større aktivitet i sentrum, må ein vere villig til å leggje til rette for høgare bygg. Rådmannen meiner skisserte høgder kan godkjennast. Rådmannen påpeikar at det ser svært viktig at ein i byggjesaka sørgjer for at bygget får ei god arkitektonisk utforming.

Parkeringsplassar:

Det er til tider mangel på parkeringsplassar i Fosnavåg sentrum. Det er såleis svært viktig at nye prosjekt stettar kommunen sine krav til parkeringsdekning. Etter rådmannen si vurdering er planforslaget i henhald til kommunens krav.

Sentrale tema, så som støy, stormflo, havnivåstigning og framtidig havnivå er etter kommunen si vurdering godt utgreidd.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området, jf. Naturmangfaldlova. Barn og unge sine interesser er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i framlegg til plan en ved dagens situasjon. Det er gjennomført ei generell ROS-analyse.

Konklusjon:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-10, til at forslag til reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Fosnavåg, 27.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

TEIKNFORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 OMSYNSSONER







1. BYGNINGAR OG ANLEGG

(PBL § 12-5 nr. 1)

-  FRITLIGGJANDE SMÅHUSBEIEMÅ
-  SENTRUMSFØREMÅL
-  KOMMUNALTEKNISK ANLEGG, PUMPESTASJON

2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 2)

-  KØYREVEG
-  FORTAU
-  ANNAN VEGGRUNN - TEKNISK ANLEGG
-  KAI
-  PARKERINGSPLASS
-  PARKERINGSBUS

3. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

(PBL § 12-5 nr. 6)







-  HAVNEDRØYE SJØ

4. SIKRINGSSONE






(PBL § 11-8 o.l., jf. § 12-6)

-  FRØSKT ØH40

LINESYMBOL

-  Planen si grense
-  Føremålsgrense
-  Grense for sikringszone
-  Regulert senterlinje
-  Regulert parkeringsfelt
-  Regulert fotgjengarfelt
-  Friskitlinje

PUNKTSYMBOL

-  Avkjørsel til P-hus (PH)
-  Tilkomst kai/bygning
-  Innkjøring P
-  Ulkjøring P
-  HC-plass



METER




GEODETISK DATUM	HØGDEREFERANSE	EKVIDSTANSE	KARTGRUNNLAG
EUR/F89 UTM-zone 32	NN1954	1 m	Grunnkart Herøy kommune
REVISJONAR			
1. Revidert som følge av merknader frå kommunen			
SAKSHANDSAMING:			
Planutval		DATO	SIGN
Off. ettersegn		22.5.2013	KG
Kommunestyret, eideendokjemning		DATO	SIGN

HERØY kommune
REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR:
SJØSIDA EIGEDOM I HERØY KOMMUNE



Forslagstillar: Sjøside Eigedom AS	Tegnr. & versjon: 1	Målestokk: 1:1000 (A3)
	Kfir: AS	Dato: 29.4.2013
Utarbeidd av: AG Plan og Arkitektur AS	Tekningsnummer: 2151-100	Revisjon: 1

AG Plan og Arkitektur AS
 Webjørn Sverresengt. 12, 6150 Ørsted
 Tlf 790 61 600, E post: fny@agplanarkitektur.no, www.agplan.no



REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM

Nasjonal arealplan-ID:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1515201289	XXX	xx.xx.2013	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til sjøareal

I sør: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/43, 34/171, 34/324 og vegane Rådhusgata og Tollåsbakken

I aust: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/494 og 34/517

I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr./bnr. 34/22 og 34/170

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Frittliggjande småhusbusetnad
- Sentrumsføremål (S)
- Kommunalteknisk anlegg (KA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau (F)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Kai (KAI)
- Parkeringsplass (P)
- Parkeringshus (PH)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

- Hamneområde i sjø (HA)

Sikringszone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense/føremålslinje.

- b. Innanfor byggeområde kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- c. I samband med søknad om tiltak innan S-området skal det leggst ved situasjonsplan i målestikk M 1:200, 3D presentasjon med bilde frå viktige retningar i forhold til naboskap og sentrum. Om samla tiltak er føresett gjennomført i ulike byggjetrin, skal presentasjonen vise både planlagt og omsøkt tiltak.

§ 6 – AREALBRUK

I område merka «S» kan det byggjast sentrumsføremål med unnatak av hotell og beverting slik:

I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leilegheiter) og nødvendig utomhus opphaldsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3).

I bygning kan vere EI-trafo.

I område merka PH kan byggjast parkeringshus for dekning av parkeringsbehov gjeldande for område S. Parkering på "taket" til parkeringshuset inngår i dekning av parkering for andre tilgrensande bygg.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for dei enkelte delområda:

- S - område: maksimum 100 %
- KA - område: maksimum 100 %
- PH - område: maksimum 100 %

BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Berre parkering plassert innanfor S-området skal reknast med i grunnlaget for BYA. Parkeringsdekning utanfor området, td i området PH, skal ikkje reknast med. Byggjegrænse følgjer føremålsgrenser.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Som hovudregel skal nyttast flatt tak.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal eller areal som høyrer til same eigarseksjon. Parkering kan dekkjast i nabobygg PH. Krav til tal biloppstillingsplassar følgjer av kommunen si Vedtekter til plan- og bygningslova § 69 nr. 3 og 4. Gjeldande for denne reguleringsplanen er m.a. at:

- Bygningsdel med forretnings- og kontorfunksjonar på grunnplan (i 1. etg.) skal ha 40 oppstillingsplassar for privatbilar. Parkeringa dekkast på området P med minimum 38 P-plassar. Resterande plassar kan dekkast i parkeringshuset PH.
- bustadeining skal ha 1 bilplass pluss 0,5 bilplass til gjesteparkering. Overstig det samla bustadtalet 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 parkeringsplass frå og med 11. bueining.
- Forretnings- og kontorareal skal ha for 1 bilplass pr. 50 m² golvflate BRA.
- Lager skal ha 1 bilplass pr. 100 m² golvflate BRA

På situasjonsplan skal plassering av parkeringsdekning visast.

2. Frittliggjande småhusbusetnad

Gjeld del av gnr. 34 bnr. 43, ei eksisterande bustadtomt. Dette området er teke med i planen grunna naudsynt areal til frisiktsone til vegane V2/V3.

3. Sentrumsføre mål (S)

- a. I område merka S skal bygningar ikkje ha større gesims-/mønehøgde enn kote 15,2 NGO. Heis- og ventilasjonssjakt kan avvike frå maks høgde.
- b. Inngang til 2. og 3. etg. i område S kan etablerast frå grunnplan seksjon 7c under kote 2,69 NGO. Golv skal søkjast lagt så høgt som uteareal tillet ut frå at krav til tilgjengeleg bueining vert tilfredstilt. Eksisterande trapperom skal oppretthaldast, ev tillagt heis. Tilkomst kan også etablerast frå takplanet til PH-området.
- c. Ved søknad om tiltak innanfor bustadføremålet skal det leggjast fram dokumentasjon som viser radonmengda i området. Ev nødvendige kompenserande tiltak skal innarbeidast i byggverket, jf TEK10.
- d. Ved prosjektering av bygning skal støy og ev lukt frå drift på tilgrensande kai område utgreiast og takast omsyn til ved val bygningsmessige og tekniske konstruksjonar. Dette i forhold til bygningsdel sitt bruksføre mål.

4. Kommunalteknisk anlegg (KA)

Gjeld eksisterande kloakkpumpetasjon på gnr. 34 bnr. 494.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan.
- d. Innafor kvar eigedom må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- e. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- f. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløpe gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.
- g. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal, innan areal for bustaddelen i sentrumsbebyggelse (S-området), opparbeidast/etablerast min. 20 m² areal eigna til leik for born. Utomhusareal/felles leikeplass/opphaldsareal skal etablerast på takterrasse med tilfredstillande støytilhøve. Dette kan etablerast med tilfredstillande avskjerming. Som skjerm kan nyttast glasflate knytt saman med fasade. Som del av søknad om tiltak til bustadføremål skal fasade- og avskjermingstiltaka dokumenterast i h.h.t. til gjeldande krav vedkomande støy i TEK.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

a. Vegar og annan veggrunn:

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

V1 er del av offentleg tilgrensande veg - Holmefjordvegen.

V2 er del av offentleg tilgrensande veg – Rådhusgata/Tollåsbakken.

V3 er privat/felles veg frå V2 til takflate på PH. V3 er også tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon. På annan veggrunn kan etablerast EI-kiosk.

b. Fortau (F):

Det er i planen vist fortausareal mellom parkeringsplass P og tilgrensande veg V1. Fortau er offentleg.

c. Kai (KAI):

Gjeld privat kai-areal mellom tilgrensande sjøareal og S-området. Kai-området skal ha tilkomst over parkeringsarealet P.

d. Parkeringsplass (P):

P er privat parkeringsplass (på grunnen) for S-området.

e. Parkeringshus (PH):

PH er privat parkeringshus. Innomhus kan huset dekke parkeringsbehovet for utbygging på område S. 1. etasje har tilkomst på gateplan frå parkeringsplass P. Tilkomst er vist med avkøyrspil på plankartet. I parkeringshus kan etablerast parkering i 2 etasjar.

Tilkomst til slik parkering skal vere frå grunnplanet. På parkeringshuset kan sitt tak vere parkeringsplass og tilkomst til kringliggande bygningar. Tilkomst til parkeringsplass på taket er frå privat veg V3.

§ 7 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)

Hamneområde i sjø (HA)

Område merka "HA" gjeld hamneområde i sjø. Hamneområdet i sjø skal haldast ope for fri ferdsel i hamna og i kringliggjande sjøområde, i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgrensingar som måtte gjelde for bruken. HA-området kan nyttast av tilgrensande kaiområde.

Alle tiltak innanfor området kan først skje etter løyve gitt etter "Lov om havner og farvann".

§ 10 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 11 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 26)

a. Nødvendig opphaldsareal ute, jf leikeareal til bustadbebyggelse, skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

b. Tiltakshavar skal utarbeide framlegg til skiltplan for avkøyringsreguleringa i reguleringsplanen i samband med søknad om tiltak vedkomande bygging av 2. og ev.

3. etg. Kommunen skal handsame skiltplanen samstundes med søknad om rammeløyve.

Herøy kommune, xx/xx/2013

ordfører

rådmann


Herøy kommune

Formannskapet

Rådhuset

6099 Fosnavåg

Framlegg til reguleringsendring for Sjøsida Eigedom AS Herøy kommune



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt navn: Sjøside Eigedom, reguleringsendring

Dokumentet sitt navn: Planomtale

Saksnr: 2151

Oppdragsgjevar: Sjøside Eigedom AS

Oppdragsgjevar sin representant: Helge Kvalsvik

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal (sivilingeniør RIF/
planleggar)

Medarbeidarar: Eldar Hansen (GIS-ingeniør)

Skisseprosjekt/arkitektur: Anne Kristin Apelseth (sivilarkitekt MNAL)

Medarbeidar: Tina Bjørneset (arkitekt MNAL)

1	22.5.2013			kg	kg	HK
	21.3.2013	29		kg	kg	Tiltakshavar HK
Revisjon nr.	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)	Utarbeida	Kontrollert	Godkjent	

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnavn
2151	1	P:prosjekt/2151_Regulering_Sjøside_Eigedom/Prosjekt mappe/Plandata_Tekstdokument/Planomtale.doc

Innhold

1.	Samandrag	5
2.	Nøkkelopplysningar	6
3.	Bakgrunn	7
3.1.	Grunnlag for planen.....	7
3.2.	Føremål med planen	7
3.3.	Tiltakshavar, konsulent	7
3.4.	Krav om konsekvensutgreiing.....	7
4.	Planprosessen	8
4.1.	Oppstartsmøte.....	8
4.2.	Forvarsling	8
4.3.	Møte med særskilde grupper	8
5.	Planstatus og rammer	9
5.1.	Overordna plan	9
5.2.	Gjeldande reguleringsplanar.....	9
5.3.	Temaplanar.....	10
5.4.	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	10
6.	Skildring av planområdet	11
6.1.	Lokalisering.....	11
6.2.	Dagens arealbruk	12
6.3.	Eigedomsforhold	12
6.4.	Trafikkforhold.....	13
6.5.	Teknisk infrastruktur	13
6.6.	Støy.....	14
6.7.	Luftforureining	15
6.8.	Strandpromenade	15
7.	Skildring av planforslaget	15
7.1.	Planlagt arealbruk.....	15
7.2.	Reguleringsføremål	16
7.3.	Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar	17
7.4.	Tilknytning til infrastruktur	22
7.5.	Universell utforming.....	23
7.6.	Arkitektur/estetikk og 3D visualisering.....	23

7.7.	Sol-/skuggeanalyse	25
7.8.	Naturmangfaldlova	26
7.9.	Born og unge sine interesser	26
7.10.	Renovasjon	26
7.11.	ROS	26
7.12.	Krav om rekkefølge	29
7.13.	Utbyggingsavtale	29
7.14.	Økonomsike konsekvensar for kommunen	29
7.15.	Føresegnene	29
7.16.	Plankart (2151-100).....	29
8.	Verknadene av planen	30
8.1.	Natur og miljø	30
8.2.	Landskap, estetikk	30
8.3.	Sentrumsutvikling	31
8.4.	Born og unge	32
8.5.	Inngrep ved utbygging	32
8.6.	Samfunnstryggleik	32
9.	Innkomne innspel	33
9.1.	Merknader.....	33
10.	Avsluttande kommentar.....	34

Vedlegg:

- Vedlegg A:** A1: Vurdering av innspel/merknader
A2: Innkomne skriv
- Vedlegg B:** ROS-vurdering (Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga).
Sjekkliste naturmangfald
Sol-/skuggeanalyse
Utskrifter støyberekning
- Vedlegg C:** Spørsmål om oppstart (18.9.2012)
Vedtak og saksutgreiing i formannskapet, F-sak 92/12 (4.9.2012)
Utsendte dokument i samband med forvarsling
- Vedlegg D:** Dokument vedkomande seksjoneringa.
- Vedlegg E:** Skisseprosjekt (arkitektur) for Sjøside Eigedom AS

1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22 i Herøy kommune.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan i.h.t. PBL § 12-3.

Området er i tidlegare regulert og inngår i planen Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum (1515200104), godkjent 23.11.2001, med reguleringsendring for Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22» (1515200502), godkjent 1.9.2005.

Grunnen i området er primært i privat eige, men planområdet omfattar også tilgrensande offentleg areal, veg/parkering og sjøareal.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

Det er utarbeidd eit skisseprosjekt for ny bygningsmasse for Sjøside Eigedom AS.

Tiltakshavar er Sjøside Eigedom AS.

Arbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS. Planarbeidet med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Skisseprosjektet (arkitektur) er utarbeidd av Anne Kristin Apelseth (AKA) som fagansvarleg. Tina Bjørneset har assistert AKA.

Føremål	Areal (daa)
Bygningar og anlegg	
Sentrumsføremål	2,4
Frittstående bustad (frisiktsone i avkøyrsløp)	(22 m ²)
Kommunalteknisk anlegg	(13 m ²)
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	0,5
Fortau	0,2
Annan veggrunn – teknisk anlegg	0,2
Kai	1,2
Parkeringsplass	1,5
Parkeringshus	0,9
Bruk og vern av sjø og vassdrag	
Ferdsløp	0,3
Sum areal planframlegg	7,2

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Fosnavåg
Stad/adresse:	6090 Fosnavåg
Forslagstillar:	Sjøside Eigedom AS
Forslagstillar sin representant:	Helge Kvalsvik
Eksisterande planstatus:	I gjeldande reguleringsplan: forretning/kontor (F/K1), bustad/forretning/kontor (B/F/K1), forretning/kontor 1. etg. samt bustad/uteområde/parkering 2 etg. (B/F/K2) og parkering
Planområdet sitt areal (daa):	7,2
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Sentrumsføremål, vegar med tilhøyrande areal, parkeringshus, kai
Aktuelle problemstillingar:	Ny bygningsmasse, parkering, kai, ROS – havnivå/bølgjer
Kunngjering, dato (avis):	16.10.2012
Varslingsdato berørte partar (brev):	16.10.2012
Frist for innspel:	27.11.2012
Medverknad:	N
Krav om konsekvensutgreiing (j/n):	N

3. Bakgrunn

3.1. Grunnlag for planen

Tiltakshavar ønskjer å byggje på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane er primært tenkt nytta til leilegheiter/kontor, men andre funksjonar er aktuelle og reguleringsformålet vil difor vere «sentrumsfunksjonar» med unnatak av hotell/bevertning. Noverande arealbruk på grunnplanet, jf. gjeldande reguleringsplan områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs. bruksføremålet forretning/kontor.

Plan og føresegner er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar "Forskrift og kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2008.

3.2. Føremål med planen

Målet med planarbeidet er hovudsakleg å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan i.h.t. PBL § 12-3.

Grunnen i området er primært i privat eige, men planområdet omfattar også tilgrensande offentleg areal: veg/parkering og sjøareal.

3.3. Tiltakshavar, konsulent

Arbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS. Planarbeidet med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Skisseprosjektet (arkitektur) er utarbeidd av Anne Kristin Apelseth (AKA) som fagansvarleg. Tina Bjørneset har assistert AKA.

3.4. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at planprogram og/eller konsekvensanalyse er nødvendig i denne saka.

4. Planprosessen

4.1. Oppstartsmøte

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012 på Herøy rådhus, der saka vart presentert og skjema for oppstart gått gjennom. Ein av konklusjonane på møtet var at spørsmål om oppstart av planarbeidet skal leggast fram for formannskapet.

AG Plan og Arkitektur AS sendte inn spørsmål om oppstart av reguleringsarbeid til Herøy formannskap i brev datert 18.9.2012. Formannskapet i Herøy handsama saka i møte 2.10.2012, sak 284/12, der det blei gjort følgjande vedtak:

”Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 at det kan setjast i gong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum”.

Viser elles til vedlegg C.

4.2. Forvarsling

Det blei varsla oppstart av planarbeidet, ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til berørte partar 16.10.2012, med frist for å kome med innspel sett til 27.11.2012. Det kom inn til saman 8 merknader/innspel, viser elles til kapittel 9 i planomtalen.


4.3. Møte med særskilde grupper

Vi har ikkje sett behov for eige møte med «særlege» grupper, som eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, ungdomsrådet, og barn og unge sin representant. Kommunen sa seg samde i denne vurderinga i oppstartsmøte. Det kom heller ikkje ønskje om dette i samband med forvarslingsperioden.

5. Planstatus og rammer

5.1. Overordna plan

Området er i kommunedelplanen for Bergsøy (arealdelen) avsett til industriområde og område med krav om reguleringsplan før utbygging.



Utsnitt fra kommunedelplanen for Bergsøy

5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er tidlegare regulert og omfattar/grensar til følgjande planar, jf. bilete på neste side:


- Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum (1515200104), godkjent 23.11.2001
- Reguleringsendring for Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22» (1515200502), godkjent 1.9.2005

Planområdet er lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1 og BFK2) og parkering.

Føresegnene for gjeldande plan seier m.a. følgjande om byggehøgder:

- *Møne/gesims i B/F/K1 maks cote +11,1 meter. Møne/gesims for F/K1 maks cote +7,2 meter.*

Eksisterande terreng (parkeringsareal og kai-område) rundt bygget varierer ein del. Vi har fått oppmålt nokre punkt på utomhusarealet, og høgda framfor inngangen til butikkane ligg på ca kote 2,6 - som då gjev ei netto byggjehøgde lik 8,4 meter for B/F/K området slik det er regulert no.



5.3. Temaplanar

Tettstadsanalysen. I denne vert det peika på "det urbane" sentrum, offentlege byrom og overordna grønstruktur. Sjøside Eigedom AS ligg i eit område som er definert å vere del av det urbane sentrum. Eigedomen er ikkje del av byrom eller overordna grønstruktur. Vi vurderer ei betre utnytting av eigedomen til å vere i samsvar med god byutvikling og i samsvar med kommunen si målsetting om næringsmessig vekst og auka busetnad i sentrum.


5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Ingen kjende som har vesentleg verknad for planframlegget.

6. Skildring av planområdet

6.1. Lokalisering

Planområdet ligg i Herøy kommune, sentralt plassert i Fosnavåg sentrum. Det er kort veg til alle sentrumsfunksjonar.



Fosnavåg sentrum:

Sjøside Eigedom

Biletet over viser kjernen i Fosnavåg sentrum. Forretnings- og kontorbygg er vist med blå farge, medan bustadbygg er vist med brun farge.




Planområde m/ forvarsla plangrense, vist på ortofoto

6.2. Dagens arealbruk

På del av eigedomen gnr. 34 bnr. 22 er det i dag forretning-/kontorbygg med parkeringsareal i del av 2. etasje. I 1. etasje er det verksemder som Meny, Vinmonopolet, Trendy Frisør og Pernilles Clinique. Området rundt bygget består av veg- og parkeringsareal. Området har kai areal i nord, og grensar til sjøareal.

6.3. Eigdomsforhold

Sjøside Eigedom AS er eigar av seksjonane 5, 7 og 7c. I tillegg har dei vegrett over seksjon 6b (parkeringsområdet mellom eksisterande bygg og kommunal veg). Sjå neste side for seksjonsoversikt.



Seksjonsoversikt som tiltakshavar er eigar av.

6.4. Trafikkforhold

Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum, og har tilkomst til fylkesveg 20 via dei kommunale vegane, Rådhusgata, Tollåsbakken, Edvin Jacobsen veg og Holmsildvegen. Det er opparbeid parkeringsplassar på gnr. 34 bnr. 22. Det er elles kort veg til offentlege parkeringsplassar i sentrum.

6.5. Teknisk infrastruktur

Det vart klarlagt under oppstartsmøte at det ikkje er behov for ny teknisk infrastruktur som følgje av ønska utbygging. Tilknytning til offentlig veg blir som i dag.

6.6. Støy

Vegtrafikkstøy:

Det ligg ikkje føre trafikktalet for Edvin Jacobsen veg, Rådhusgata eller andre gater i sentrum anna enn for fylkesvegane. Edvin Jacobsen veg er ei ytre omkøyring i sentrum. Det ligg ikkje andre parkeringsplassar til denne gata enn parkeringa knytt til planområdet. Trafikken til/frå Fosnavåg har ÅDT 6250, medan trafikken på fv20 gjennom sentrum er ÅDT 1900. Trafikken til/frå Fosnavåg som "stansar" antar vi er retta mot parkeringsplassane og bebyggelsen elles. Trafikken til/forbi planområdet vil då bestå av "gjennomgangstrafikk" i Edvin Jacobsen veg og trafikk til/frå forretningane/verksemdene i planområdet.

Stipulerte trafikktalet, vurdering av støymengd (ved bruk av NBSTOY, Nordisk berekningsmetode, Sintef sin datamodell):

- Gjennomgangstrafikk ca ÅDT 300. Trafikk særleg på dagtid.
- Til/frå trafikk til verksemdene/forretningane innan planområdet, jf noverande matvarebutikk, Vinmonopolet, frisør mv: trafikk rekna som at støymengda tilsvarer «til» trafikk i 40 km/t. ÅDT ca 750.

Sum ÅDT ca 1050, i prognoseåret ÅDT ca 1365 (dvs. +30 %). Simuleringsføresetnader: 5 % tungtrafikk (i all hovudsak varelevering), Høgd opp til golv balkong: 4.2 m, ballkongvegg/skjerm: H=1,1 meter. Mottakarhøgde 1,5 meter. Gjennomsnittleg avstand køyretøy – mottakar: 17 m. Hastigheit køyretøy 40 km/t. Byveg.

Simulering av støymengd for opphald på balkong/terrasse 2. etg. mot gate er:

ÅDT	UTGANGSNIVÅ Lden	TOTALNIVÅ UTE den	TOTALNIVÅ UTE natt
1100	56,0	53,5	43,7
1300	56,8	54,3	44,4
1525	57,5	55,0	45,0
1700	57,9	55,4	45,5

Som simuleringa viser vil trafikk rekna som gjennomsnittleg døgntrafikk ÅDT måtte ligge over 1525 for å kome i konflikt med gul sone (55 dB). Sjølv med ÅDT lik 1700 vil overskridinga vere liten. Etter vår vurdering vil det vere rimeleg å tru at faktisk trafikkmengde ikkje overstig 1525 køyretøy som ÅDT om 10 år i dette området. Viser her til at det ikkje er andre tilgjengelege byggeareal i område og at parkeringsarealet er avgrensa som brukt i dag. Trafikkveksten vert difor «normal» og då gjeld påslaget på 30 % som stipulert vekst gjeldande.

Støy frå kai området:

I samband med vår utarbeiding av reguleringsplan for Fosnavåg hamn utarbeidde Multiconsult AS ein støyrapport der m.a. støy frå båtar var med. I Fosnavåg hamn er etablert verksemdar som Fosnavåg Seafood og Fosnavåg Notbøteri. Trafikken til Sunnmørsfisk AS er mindre i form av båtrafikk, tal leveransar ved kai, landligge mv og kan ikkje direkte samanliknast med situasjonen i Fosnavåg hamn. Konklusjonen i berekninga for Fosnavåg hamn er:

Det er ingen overskridelser av grenseverdi for støy fra industrivirksomhet i dag. Imidlertid fører båtrafikk inn og ut av vegen til overskridelser for noe eksisterende bebyggelse nær

seilingsled. Eventuell ny bebyggelse i gul støysone må vurdere avbøtende tiltak. Dette kan innebære lokal støyskjerm eller lydisolerende tiltak i fasader.

De ganger det ligger båt til kai over natten i fiskerihavnen, som har hjelpemotor i drift, er det overskridelse av grenseverdi for mange boliger rundt havnen. Det er vanskelig å utforme støyskjermende tiltak for denne støykilden. Havneeier bør vurdere å tilby landstrøm til fartøy som skal ligge over lengre tid da dette vil fjerne støyen helt. Det antas imidlertid at etablering av infrastruktur for landstrøm vil kreve til dels store investeringer.

Utrekninga viser at det normalt sett vil vere periodevis støy frå kai området som kan medføre at tiltak må gjerast med bygningskonstruksjon og ventilasjonsanlegg. Vi legg dette til grunn også for «Sjøside».

6.7. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for særskilt luftforureining. I kringliggande område er det fiskeriverksemd som kjøper kvitfisk og produserer klippfisk. I tilknytning til lossing vil det vere «fiskelukt» frå kai området, men dette vil gjelde berre ein del av året – normalt perioden januar til påske. Vi legg til grunn at dersom fiskelukta vert oppfatta som «eit problem» vil ein i tilknytning til ventilasjonssystem legge inn reinsefilter.

6.8. Strandpromenade

I tilknytning til oppstartsmøte vart det drøfta om "promenade" langs sjøen skulle inngå i planen. Det vert vist til prinsipp som m.a. er innarbeidd i planen for Fosnavåg hamn. Etablering av ein samanhengande promenade er sett på som eit sentralt element for å gje Fosnavåg ein ekstra kvalitet som kystby samt som nærområde til prosjektet. Etter vårt syn og slik vi forstår kommunen vil tilgjenge langs sjøen måtte drøftast i ein større samheng enn innan det området denne planen omfattar. Tiltaka i framlegg til plan vil ikkje hindre framtidig strandpromenade.

7. Skildring av planforslaget

7.1. Planlagt arealbruk

Målet med planarbeidet er hovudsakleg å utarbeide ein detaljplan med tilrettelegging for fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22. Siktemålet er å bygge to (2) etasjar med leilegheiter over noverande forretningsareal, men det kan vere aktuelt med andre føremål som kontor og tenesteyting. Marknadsutviklinga vil i noko grad styre val av bruksføremål. Arealbruken for noverande B/F/K-område og F/K-område er difor endra til arealbruken "sentrumsføremål". I område merka «S» fremjar vi i planframlegget at det kan det byggjast sentrumsføremål med unnatak av hotell og bevertning slik:

I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leilegheiter) og nødvendig utomhus opphaldsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3).

I tilknytning til handsaming av spørsmålet om oppstart av reguleringsarbeidet vurderte/konkluderte kommunen med m.a.:

"Ein vurderer tiltak som bidreg til å auke folketalet i Fosnavåg sentrum som positivt. Sentrum treng tilførsel av ny bustadmasse/leiligheiter og omsøkt plan kan medverke til å utvikle eit vidare sterkt kommunesenter og skape auka aktivitet. Fosnavåg er no i ei rivande utvikling gjennom realisering av hotell, konserthus, parkeringshus, leiligheitsbygg samt mange andre spennande prosjekt".

(F-sak 284/12).

Skisseprosjektet som følgjer planframlegget går ut på bygging av leilegheiter. I tillegg til fremja S område er teke med i planen «seksjon 5». Denne er føresett nytta til parkeringshus (PH-område) for å dekke deler av parkeringsbehovet som utbygging innan S-området utløyser. Tilkomstvegen til "taket" på parkeringshuset er også med, veg V3. Sameleis er med kai området og noverande regulert parkeringsplass T2 – no regulert som P-areal.

7.2. Reguleringsføre mål

Areala er delt i følgjande område:

Område	Storleik, daa	Arealbruk	Utnytting, BYA	Tal tomter, ev. kommentar
S	2,4	Sentrums-føre mål	Maks BYA = 100 %	Skissert 16 nye leilegheiter i 2. og 3. etg. Andre føremål kan vere aktuelle.
FS	22 m ²	Frittliggende bustad		Inngår grunn frisksone i avkøyrslø
KA	13 m ²	Kommunal-teknisk anl.		Gjeld eks. pumpe-stasjon

Køyreveg	0,5	Gjeld V
Fortau	0,2	Gjeld F
Annan veggrunn - tekniske anlegg	0,2	
Kai	1,2	Gjeld KAI

Parkeringsplass	1,5	Gjeld P
Parkeringshus	0,9	Gjeld PH
Ferdse (sjø)	0,3	Gjeld FE
Samla areal plan	7,2	

7.3. Gjennomgang av reguleringsføremål og skildring av løysingar

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhusbusetnad

Det er i planen teke med del av ei eksisterande bustadtomt, gnr. 34 bnr. 43. Eit mindre areal (22 m²) grunna naudsynt frisiktzone i tilknytning til vegane V2/V3.

Sentrumsføremål (S)

Arealbruk:

Noverande arealbruk på grunnplanet, jf. gjeldande reguleringsplan områda F/K og B/F/K skal halde fram, er bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å byggje på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane skal primært romme leilegheiter. Tiltakshavar vil i midlertid ha muligheit til å vurdere forretning, tenesteverksemd og kontor i tillegg. Bruksføremåla er avhengig av kva marknadsforhold som gjer seg gjeldande ved realisering. Til bustadføremålet høyrer parkering og utomhus opphaldsareal. Desse føremåla er også føresette å kunne vere på området. Parkering på grunnplanet «seksjon 7c» og ev på dekket til 2. etg. «seksjon 7» (på eksisterande tak noverande forretning) mot «seksjon 5» om arealet her ikkje treng nyttast til utomhus opphaldsareal for leik.

Utnytting, BYA:

Maksimum tillaten BYA er sett til 100 % for S-området. Dette samsvarer med utbygging som i dag med tillegg av ikkje utbygd område seksjon 7c. Byggegrense vert då formålsgrense.

I grunnlaget for utrekning av BYA skal krav til parkeringsdekning ikkje takast med. Berre det parkeringsarealet som faktisk vert nytta på området skal reknast inn i grunnlaget for BYA. Dette grunna område S si dekning av parkeringsbehov innvendig i parkeringsbygg PH.

Møne/gesimshøgde:

I S-området skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig kote 15,20 NGO. Grunngevinga for dette er eksisterande golvhøgde på 1. etg. lik kote 2,63 m og skissert nødvendig høgde eksisterande 1 etg. og skissert 2. og 3. etg, sum lik 12,5 meter. Sum avrunda høgde til kote 15,20. Skisseprosjektet som følgjer saka har snitt som viser dette. Av snittet som viser etasjane ser ein og at høgda på golvet til 2. etg. samsvarer med høgda på taket til parkeringshuset (område PH - seksjon 5). Det er elles i


skisseprosjektet lagt vekt på at voluma i 3. etg. ikkje skal vere gjennomgåande, men skape variasjon med private rom mellom bustadseksjonar (byggningsseksjonar). Dette vil redusere inntrykket av byggehøgda. Med bakgrunn i framtidig havnivå vil heissjakt bli nærmare vurdert ved prosjektering. Det kan vise seg nødvendig at diverse installasjonar må ligge på taket og vil då kunne gå over oppgitt maks høgde. Vi har difor i føresegnene teke med at: *Heis- og ventilasjonssjakt kan avvike frå maks høgde.*

Takvinkel/takform

Ved val av takvinkel skal ein ta omsyn til kringliggjande bygningar. Sjøside grensar til Sunnmørsfisk AS. Bruk av flatt tak samsvarer med hovudforma i dette området. Flatt tak er også nytta for å redusere mønehøgda i forhold til bygning i tre (3) etasjar. Kommunen har stor merksemd knytt til byggjehøgde og vi finn at flatt tak bør vere fastsett som hovudform i det området som «Sjøside» omfattar. Vi finn det rett at arkitektoniske uttrykk frå vår tid vert nytta slik at det nye bygget framhevar vår tid sin byggeskikk og medverkar til vidare utvikling av sentrumsarkitekturen.

Utomhus opphaldsareal (Leikeplass)

Bustadfunksjonen krev areal for lek og opphald. Vi har i fleire prosjekt nytta takflater som utgangspunkt for etablering av slike, såleis også her. Arealet mellom Sunnmørsfisk, tak seksjon 5 og nytt bygg på seksjon 7 og 7c (farga grønt) viser tenkt område med plass til leikeareal. Arealet er ca 540 m². Tilkomsten til området frå leilegheitene vil vere med heis eller trapperom frå 3. etg. Arealet er knytt til veg 3 utomhus. Universelle krav vert lagt til grunn i samsvar med TEK10 sine krav for bustadtype.



Som minste opphaldsareal ute (MUA) fastset føresegnene at det skal etablerast min. 20 m² areal eigna til lek for born. Utomhusareal/felles leikeplass/opphaldsareal skal etablerast på takterrasse med tilfredstillande støytilhøve. Dette kan etablerast med tilfredstillande avskjerming mot støykilde. Som skjerm kan nyttast t.d. glasflate knytt saman med fasade. Som del av søknad om tiltak til bustadføremål skal fasade- og avskjermingstiltaka dokumenterast i h.h.t. til gjeldande krav vedkomande støy i TEK.

Skisseprosjektet viser 16 leilegheiter, dvs minstekravet til leikeareal MUA er 320 m². I tillegg kjem terrasseareal knytt til dei enkelte leilegheitene. Det grønne arealet vil kunne ha andre fellesfunksjonar enn lek.

Kommunalteknisk anlegg (KA)

Det er i planen teke med ein eksisterande kloakkpumpestasjon på gnr. 34 bnr. 494.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2)

Vegar

Planframlegget inneheld ikkje nye vegar. Eksisterande vegar er heilt eller delvis teke inn i planen. Den felles tilkomstvegen V3 har breidd 4 meter. Veg V1 er teken inn i planen i samsvar med eksisterande reguleringsplan. Krysset mellom veg V3 og Tollåsvegen er teikna inn i samsvar med gjeldande vegkant (reguleringa er her «litt uklar» grunna analogt kart).

Tilkomst til dei ulike seksjonane:

Sunnmørsfisk AS som eig kaia og Sjøside Eigedom AS (seksjonane 7 og 7c) har i følgje tiltakshavar vegrett over parkeringsarealet, seksjon 6, til offentlig veg. Det vert for seksjonane 7 og 7c lagt opp til inngang både frå kaia (grunnplanet), frå eksisterande trapperom og frå taket på seksjon 5. Det er i skisseprosjektet vist to (2) trapperom med heis, eksisterande trapperom vert tilført heis og nytt trapperom /heis i seksjon 7c.

Fortau (F)


Gjeld fortausareal som i gjeldande plan, mellom tilgrensande offentlig veg V1 og parkeringsplassen P.

Kai (KA)

Gjeld privat kai for Sunnmørsfisk AS. Seksjon 7 c har tilkomst over kai-området.

Parkering (P)

P (på grunnen, eksisterande forretningar på grunnplan):



P er i gjeldande reguleringsplan offentlig. Denne er no endra til privat (jf seksjon 6b) og inngår som nødvendig dekning av parkeringsareal for forretningsverksemda til 1. etg. I gjeldande plan er det i føresegnene sett krav om 40 P-plassar for 1. etg. Oppdelinga i parkeringslommer er endra ved at P-plassane framfor vareleveringsport inne i hjørnet mot «Meny» er merka «varemtatt/parkering». Dette arealet har såleis «fleirbruk», men må reknast å vere areal for vareleving som primærbruk. Parkeringsplassar her er difor ikkje rekna inn i som del av parkeringsdekninga for 1. etg. Plankartet viser 38 oppmerka P-plassar på grunnplanet utomhus. For å oppfylle tidlegare krav om 40 P-plassar til forretningane på grunnplanet, er det føreset at 2 parkeringsplassar kan dekkast på grunnplanet i parkeringshuset – PH. Slik parkering vil vere ei god løysing for tilsettparkering. På området er det elles vist 2 stk HC P-plassar i nærleiken til inngangane til eks forretningar.

Tidlegare parkering i området inntil seksjon 5 (PH-området) er elles teken vekk som følgje av krav frå kommunen.

Parkeringa er føresett regulert ved å skilte inn- og utkøyring. Kommunen erfarer at det trafikale mønsteret krev slik regulering og har sett krav om dette. Det er difor i føresegnene teke inn at innkøyring skal skje frå nord og utkøyring i avkøyrsla i sør.

Parkeringshus (PH)

Eigar av seksjonane 7 og 7c har eigedomsrett til bruk av seksjon 5 innvendig. Taket er eigd av Sunnmørsfisk AS. Bruken av bygget er føresett til parkering, men boder kan også etablerast, jf behov som leilegheitene ev vil ha. Samla tal parkeringsplassar er rekna til 47 om noverande takhøgde vert delt med nytt dekke.

Parkeringsdekning for seksjon 7 og 7c, brukt til leiligheiter:




Arealet gjeld «ikkje» utbygd areal på grunnplanet og bygging i 2. og 3. etg over noverande forretningsbygg. Arealet er tenkt overbygd med leiligheiter. På grunnplan er tenkt at arealet kan nyttast til 2 HC-P-plassar, samt areal til inngang med trapperom og heis, avfallsbod og ev sportsboder. Det er ikkje avklara no om arealet/del av arealet skal byggast inn med vegg- eller framstå som «uteparkeringsplassar». Dette vil kome fram i søknad om tiltak.

Parkeringsdekninga skal elles løysast med parkering på grunnplanet i seksjon 5. Her er vist 24 P-plassar. Sum parkeringsplassar er då 26. 2 parkeringsplassar inngår i dekninga av parkering for forretingane i 1. etg., jf noverande utbygging.

Kommunen sitt krav til parkeringsplassar vil vere 23 for 16 leiligheiter.

Parkering ved utbygging til næringsføremål/sentrumsføremål anna enn leiligheiter:

Parkering på grunnplan

Parkering 2. etg. (nytt dekke) seksjon 5
(parkeringshus)Parkering på grunnplan:

Same løysing som ved utbygging med leiligheiter. Parkeringa dekkast på grunnplan seksjon 7c og på grunnplan seksjon 5 (PH-området). Her er då plass til 24 P-plassar (+ 2 til forretning 1. etg.).

Parkering 2. etg: I seksjon 5 (parkeringshus) er tenkt bygt dekke som deler noverande høgde i to. Plan 2 vil ha plass til 23 P-plassar. Taket på seksjon 7 er føresettt nytta til parkering (i samsvar med gjeldande reguleringsplan). Skissa viser 6 parkeringsplassar. Det er avtale om tilkomst til område over veg V3.

Taket på PH-bygget høyrer til Sunnmørsfisk AS og dekkjer deler av deira parkeringsbehov.


Samla parkeringsdekkning ved utbygging til næringsføremål/sentrumsføremål (eks leiligheiter) er skissert til $(2+22+23+6)=53$ P plassar. Dette dekkjer ei utbygging av 2.650 m² bruksareal.

Oppsummering parkering:

	Grunnplan	P-hus (omr. PH)	Seksjonane 7 og 7c	Sum P-plassar
Forretningane 1. etg.	38	2		40
Leiligheiter i 2. og 3. etg		22	2	24
Andre sentrumsføremål		22+23	6+2	53

Varemottak, grunnplanet

Det er i dag etablert to varemottak i tilknytning til eksisterende forretningsbygg.



Dei etablerte varemottaka er teke omsyn til i den nye planen. Varemottaket i «kråa» vil kunne nyttast uavhengig av parkeringa elles. Varemottaket på enden av bygget vil måtte ta omsyn til dei andre bruksrettane som gjeld for tilstøytande eigedomar/seksjonar. Ved bruk av dette varemottaket vil lastebil/varebil stenge tilkomsten til kaia, til seksjon 7c og til ein del av parkeringsplassane langs sjøen på nordsida. Vi legg i midlertid til grunn at bruken vert tilpassa dei rettane som naboar/seksjonar har og at tilpassa bruk ikkje medfører konsekvensar som vil vere til hinder for vanleg tilkomst til kai-området. For drivarane av forretningane i 1. etg vil det og sjølvsaugt vere i deira interesse at parkeringsplassane langs sjøen fungerer i hht føresetnadene.

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr.6)Hamneområde i sjø (HA)

Gjeld sjøområde inntil kai-området. Arealet skal haldast ope slik at kai-området fungerer.

Sikringszone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)Frisikt (H140)

Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Vist sone gjeld berre i avkøyrsla mellom V3 og Tollåsvegen.

7.4. Tilknytning til infrastruktur

Området ligg sentralt i sentrum og er knytt til fylkesveg nr. 20 via dei offentlege vegane Tollåsbakken, Edvin Jacobsen veg/Rådhusgata.

Eksisterende bygg er knytt til kommunalt system for vatn og avløp.

I planframlegget er vist eksisterande kloakkpumpestasjon. Det er i føresegnene opna for at det innanfor byggeområda og på anna trafikkareal (jf eks. trafo) kan setjast opp mindre nødvendige bygningar til EI- og teleanlegg samt kommunaltekniske anlegg. Slike bygningar skal godkjennast av kommunen.

7.5. Universell utforming

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen. Så langt det passar bør vidare formings-/funksjonskrava i NS 111001-1,2:2009 (Universell utforming) nyttast. Tilgjenge til 2. og 3. etg er i skisseprosjektet vist med både med trapp og heis. Leikearealet som skal vere i tilknytning til leilegheitene på taket til 1. etg kan såleis nåast med heis.

7.6. Arkitektur/estetikk og 3D visualisering

Sjøside Eigedom AS sin eigedom ligg sentralt både i høve sentrum og sjøen. Eit påbygg på eksisterande bygg vil verte eit «signalbygg» i området. Det er såleis viktig at ein utformar bygget med omhug. Etter vår og tiltakshavar si vurdering bør bygget få god arkitektonisk kvalitet. Det skal leggjast vekt på estetikk, materialbruk og utforming. Utforminga skal gi området eit løft og eit heilheitleg preg og dempe verknaden av bygget. Vår tid sin arkitektur bør kome fram og spele på lag med eksisterande busetnad. I skisseprosjektet er dette søkt løyst. Bygningen er gitt oppdelte volum i 3. etg. Dette samsvarer med den generelle oppdelinga som er på bygg i sentrum, men gjev også rom og luft mellom dei ulike leilegheitskompleksa i bygget. Det samla uttrykket mot sentrum, og då særleg Vågsplassen, er bygningselement i variasjon. Etter vår vurdering er bygningen godt tilpassa kringliggande volum og landskapsrom.

Ny busetnad



Sett frå aust mot vest

Ny busetnad



Sett frå nord mot sør




Noverande bygg/uttrykk



*Bygg som i skisseprosjekt, jf eige vedlegg E.
Arkitekt: Anne Kristin Apelseth/Tina Bjørneset*

7.7. Sol-/skuggeanalyse

Sol/skuggeanalysen er laga ved hjelp av ein 3D-modell der eksisterande bygg med ny bygningsmasse er lagt inn med høgder som i skisseprosjektet (maks gesims-/mønehøgde kote 15,15). Terrengmodell er lagt inn basert på kartgrunnlag motteke frå kommunen, og det er teke stillbilde som viser ulike årstider og tidspunkt på døgnet. Analysen følgjer som vedlegg B til planframlegget.



Sol-/skuggeanalyse: situasjon haustjandøger (23.sept) kl. 15:00

Sol-/skuggeanalysen viser at bebyggelsen bak/sør om planlagt bygning på gnr. 37, bnr. 381, får skugge i mars og i september. Alle bygga i området gjev skugge til nabo i denne perioden. I juni vil bygget i sør/aust få skugge på kveld. I september er sola lav frå kl. 18 og storparten av sentrum vert liggande i skugge på gateplan.

7.8. Naturmangfaldlova

Så langt vi kan sjå medfører ikkje planframlegget vesentlege konsekvensar i høve naturmangfaldslova då tiltaket gjeld bygging over eksisterande bygningsmasse. Tiltaket i seg sjølv påfører ikkje kringliggande naturområde forureining. Viser elles til sjekkliste for naturmangfald i vedlegg B.

7.9. Born og unge sine interesser

Forholdet til barn og unge vurderer vi slik at tiltaket ikkje endrar noko på område brukt av born og unge i dag eller endrar/øydelegg tilgang til slike område.

7.10. Renovasjon

Alle deler av bygningen vil bli utbygd med organisert ordning for renovasjon og tilpassa renovasjonsordninga i kommunen.

7.11. ROS

Radon


Det er ikkje føreteke radonmåling i området, men det er teke inn bestemmingar i føresegnene som skal sikre at radonmåling skal skje før utbygging og at ev unormale forhold vert teke omsyn til ved bygging. Så langt vi kjenner til er ikkje Fosnavåg sentrum spesielt utsett for radongass. Vi legg til grunn at TEK10 sine krav vert innarbeidde i bygningskonstruksjon.

Støy

Viser til kap.6.5. Vi viser til at S-området grensar til kai tilhørende fiskeriverksemda Sunnmørsfisk AS. Kaia vert nytta til lossing, særleg i perioden januar til påske føregår det aktivitet. Fisken vert levert i kar og vert vinsja til kai. Transport til fabrikk med truck. Støyberekninga for «Fosnavåg hamn» viser at det i driftsperiode kan oppstå støy i storleik «gul sone». I planframlegget vert støyen frå kai området ikkje «analysert» no, men det vert lagt til grunn at støy frå kaiområdet skal vurderast/bereknast av fagkyndig i tilknytning til prosjektering av bygning og at det i nødvendig grad vert teke omsyn til ev støyproblem i val av bygningskonstruksjon og plassering av ventilasjonsanlegget sitt inn/ut-system.

Stormflo, framtidig havnivå

Stormflo:



Metrologisk institutt har vurdert 200 års bølgehøgda slik (E-post 1.3.2013):

Dette er ikkje lett å svara på. Etter det eg forstår er det (planområdet) vendt delvis mot nordvest, og då er spørsmålet om det kjem havbølger inn der, eller om all energien blir stoppa av holmane mellom Remøya og Nerlandsøya. Eg trur det er mest sannsynleg, men det kan henda at litt slepp gjennom. Eg trur det er best å spørja lokalkjende folk om det. Viss det er berre lokalt generert sjø så vil neppe signifikant bølgehøgde bli meir enn 1,5m. Men dersom havbølger kjem inn så kan det vera snakk om noko høgare bølger. 20 års bølgehøgda er vurdert til signifikant bølgehøgde 1,2 m.

Vi har drøfta bølgesituasjonen med kystverket og Sunnmørsfisk AS som har verksemd med kai i planområdet. Konklusjonen både til kystverket og til Sunnmørsfisk er at havbølger ikkje er noko problem. Sunnmørsfisk seier at «nordvesten» medfører litt sjø, men at havbølger ikkje er eit problem. I forhold til bølger er då vår oppsummering at signifikant høgde 1,5 m kan leggst til grunn for 200 års bølga. Meteorologisk inst har vidare vurdert 20 års bølga til signifikant bølgehøgde til 1,2 meter. Signifikant bølgehøgde er definert som middelverdien av høgden til den høgaste tredjedelen av bølgjene. Mest sannsynleg maksimal bølgehøgde reknar vi med (som anbefalt i Norsk Standard 9415) er 1,9 gonger den signifikante bølgehøgda. Det vil seie at dei høgaste enkeltbølgjene kan verte ca. 2,85 m for 1/200 og 2,3 m for 1/20.

Bølgehøgda er avstanden mellom bølge-topp og -botn. Ein må rekne med at bølgetoppene går litt høgare opp enn det bølgedalane går ned i høve til middelasstanden. Om vi reknar med at forholdet er 60/40 får vi at bølgetoppene går ca 1,7m opp og bølgedalane ca 1,15 m ned i høve til sjønivået for 1/200. Tilsvarende vil 1/20 bølga gå 1,36 m opp. Vi legg til grunn at verknadene av bølger vert teke omsyn til ved detaljprosjektering.

Framtidig havnivå:

I ei teoretisk modellanalyse er det i rapporten HAVNIVÅSTIGNING – estimerer av framtidig havstigning i norske kystkommunar gjort ei analyse med omsyn til klimatilpassing, havnivåstigning, landheving og tema rundt dette. Rapporten er utgitt av: Det nasjonale klimatilpassingssekretariatet ved Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, september 2009.

Estimata for Fosnavåg går fram av rapporten i tabell 1 side 27.

Tidsrom	Landheving (cm)	Beregnet havstigning (cm)	100-års stormflo Relativt NN1954 (cm)
År 2050 relativt år 2000	9	22 (14-36)	215 (207-229)
År 2100 relativt år 2000	18	72 (52-107)	269 (251-306)

Etter praksis som Fylkesmannen følger vert minimum kotehøgde på 2,69 m.o.h. som gjeldande klimatilpass høgde.

Faktisk situasjon eksisterande bygg:

«Meny»/seksjon 7c:

Eksisterande bygg golv i butikken «Meny» ligg på kote 2,63 (etter nivellering). Høgda på kaia og grunnplanet til areal 7c varierer. Midt på seksjon 7c (ute) er høgda målt til kote 2,29 medan kaia ligg på ca kote 2,10.

I skisseprosjektet er det lagt til grunn at seksjon 7c) skal nyttast til parkering/garasjeanlegg med 3-4 parkeringsplassar. Her er også vist inngang, heis, trapperom og boder. Garasje/lager kjem inn under sikkerheitsklasse F1, dvs gjenntaksintervall 1/20, medan etablering av parkeringsplassar «på land» ikkje har spesielle krav til høgde. Ut frå måledata ligg sjøhøgda på ca kote 1,85 med gjenntaksintervall 1/20 i Fosnavåg (Ålesund 1,81). Uhell vil då skje ved samanfallande stormflo og bølger. Etter vår vurdering vil parkering/lager på grunnplanet til seksjon 7c kunne forsvarast ut frå krava etter klasse F1. Arealet kjem i same situasjon som parkeringa på Vågsplassen (ca kote 2) og ei rekkje andre parkeringsplassar i sentrum.

I seksjon 7c skal også etablerast inngang med trapperom og heis. Desse må tilpassast kravet til tilgjengelegheit, noko som medfører avvik i forhold til framtidig havnivå kote 2,69. Sidan bygningen har eitt trapperom til (i eksisterande bygg – golvhøgde 2,63) og eigen tilkomst frå taket på seksjon 5 kote 7,95 (ca same høgde som skissert for 2. etg. seksjon 7, jf vedlegg F) reknar vi slikt avvik som forsvarleg.

Seksjon 5:

Bygning er føresett nytta til parkering. Golvnivået ligg på ca kote 2,60 (som nivå utvendig). Inngangsport til bygning ligg i lè for sjøen og det vil vere sjønivået si høgde som avgjer om vatn trengjer inn i bygningen. Utgangspunktet vert då framtidig havnivå. Bygningen ligg i sikkerheitsklasse F1 med 1/20 gjenntaksintervall. Samanliknar vi denne høgda med stipulerte høgder for framtidig havnivå 100-års stormflo år 2050 relativt år 2000 (kote 2,15), så ligg golvklart over denne grensa. Tilgjengeleg høgde i bygningen er ca 5 meter (underkant dragar). Vi legg til grunn at HC-parkeringsplassar vert lagt til rette i 1.

etg og at dekke for 2. etg. vert tilpassa på det aktuelle delarealet. Med dekke/dragar i tjukt 50 cm vil tilgjengeleg høgde for kvar av parkeringsdekka (utanom HC-parkeringa) vere 2,25 meter. Golvet på grunnplanet kan difor ikkje hevast nemnande. Skadeomfanget ved 100-års stormflo år 20100 relativt år 2000 vil kunne avgrensast ved fjerning av bilar før uver/stormflo. Bruk av eksisterande bygning til parkeringsbygg og mindre lager (boder) i klasse F1 vil vere samfunsmessig tenleg, og - etter vår vurdering – forsvarleg. (Bygningen kan vanskeleg nyttast til andre økonomisk forsvarlege føremål slik den ligg inneklemt mellom terreng og andre bygningar).

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje andre forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk.

Vedlagt følgjer ei generell ROS-vurdering, jf. skjema B.

7.12. Krav om rekkefølge

I føresegnene er sett krav om nødvendig opphaldsareal ute, jf leikeareal til bustadbebyggelse, skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

7.13. Utbyggingsavtale

Tiltaket medfører ikkje utbygging av tekniske anlegg. Etter kommunen si vurdering, jf oppstartsmøte, er det då ikkje behov for utbyggingsavtale.

7.14. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det regulerte området er i hovudsak privat eigd. Dei einaste offentlege areala som inngår i planområde er delar av tilgrensande offentlig veg. Det er ikkje føresett at kommunen skal endre på denne. Utbygging i samsvar med reguleringsplan vil krevje mindre omlegging av avkøyrslar, men dette vert sett på som eit ansvar for grunneigarane.

7.15. Føresegnene

Føresegnene gir utfyllande bestemmelsar for dei enkelte areala sin bruk. Planframlegget bygger på gjeldande føresegner for område. Berre nødvendige bestemmingar knytt til nytt byggeareal og tilhøyrande funksjonar (her i også endring av etasjetal og gesims-/mønehøgd) er lagt til. Generelt sett gir føresegnene gode vilkår for utbygginga. Det er viktig at vår tid sin arkitektur vert lagt til grunn, jf. også estetikkrettleiaren som kommunen har vedteke.

7.16. Plankart (2151-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin veileidar "Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2013 saman med Novapoint 18.30 (basis, arealplan, veg utvida og virtual map) levert av Vianova Systems AS.

8. Verknadene av planen

8.1. Natur og miljø


Tiltaka som følgjer av planen grip ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø. Plansjekk av naturmangfald har ikkje avdekka konflikhtar.

8.2. Landskap, estetikk

Generelt i Fosnavåg sentrum er bygningane bygd i fleire etasjar og gjev på den måten



god arealutnytting. Siktemålet med utbygginga av sjøsida er også god arealutnytting. Sett i forhold til kringliggande bygg vil ei kotehøgde lik 15,15 (jf skisseprosjekt) meter samsvare godt med bygningsmassen rundt. Tilgrensande bygg har høgde 14 og 16,5 meter. I kvartalet Kjøpmannsgata, Rådhusgata, Holmefjordvegen og hamna varierer høgda mellom 13,6, 14,5, 15,9, 16,5 og opptil 19,9 meter. På skissa på neste side er mønehøgden vist med like fargekodar.




Så langt vi kan sjå vil framlegg til byggjehøgde på Sjøside opptil kote 15,20 (føresegnene) ikkje bryte – men heller spele godt på lag med dei eksisterande bygningane. Arkitekturen speglar hovudelementa i tilgrensande bygning og vil vitalisere opplevinga av det sjønære sentrum.

8.3. Sentrumsutvikling

Kommunen peikar på at Fosnavåg er i stor utvikling og at det er behov for leilegheiter i sentrum. Framlegg til plan legg til rette for slik utvikling ved å utnytte tomte i fleire etasjar enn som utbygd på området i dag. Oppdeling av eigedomen i seksjonar gjer at ulike utbyggarar kan realisere prosjekt. Sjøside Utvikling AS ønskjer å realisere bygging på seksjonane 7 og 7c samt bruke seksjon 5 til parkering. Samla gjev seksjonane ei god utnytting av sentrumsarealet. Etter skisseprosjektet tilfører prosjektet sentrum 16 leilegheiter. Om arealet vert nytta til dei andre regulerte bruksføremåla vil parkeringsdekninga i prosjektet gje rom for ca 2.650 m² forretning/kontor/tenesteareal.

8.4. Born og unge



Utbygginga skjer på allereie utbygd tomtegrunn. Tiltaket medfører ikkje konsekvensar for bruk av areal eller tilgangen til areal som er viktige for born, unge eller folk generelt. Ute opphaldsareal for born og unge kan ikkje løysast på grunnivå. Del av taket på 1. etg. er føresett nytta til felles leikeplass om 2. og 3. etg skal byggast ut med leilegheiter. Der er tilgang til arealet frå heis og trapperom. Arealet har også tilkomst frå felles veg V3. Arealet er på ca 540 m².

leikeareal

8.5. Inngrep ved utbygging

Byggeprosjektet medfører ikkje inngrep utover dei visuelle i landskapsrommet. Tekniske anlegg som allereie er utbygd vil dekkje behova innan S-området og eksisterande vegar skal nyttast som tilkomst.

8.6. Samfunnstryggleik

Tiltaket i seg sjølv medfører ikkje vesentlege konsekvensar for sikkerheit. Vi har drøfta moglege ulemper for parkering under kote 2,68 (framtidig havnivå) og kome til at det vil vere i samfunnet si interesse å bruke seksjonane 5 til parkering/lager (boder) og 7c til inngangsområde/parkering/lager (boder). Slike anlegg er tiltak som ikkje har vesentlege tap ved skade, faresone F1 (gjenntaksintervall 1/20). Vi legg vidare til grunn at eksisterande konstruksjonar – som 2. og 3. etg skal bygge opp på har bæreevne til å tole både dei nye bygga si tyngde og dei bølgekraftene som følgjer av 200- års bølga, signifikant bølgehøgde 1,5 meter). Desse forholda må endeleg avklarast under prosjektering av 2. og 3. etg.

9. Innkomne innspel

9.1. Merknader

Vi viser til vedlegg A for nærmare skildring av dei innkomne skriva i saka.

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Merksemd på parkeringsdekning og tilkomst til parkeringsareal
- Merksemd på varelevering
- Merksemd på utsikt
- Merksemd på born og unge sine oppvekstvilkår.

Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Reguleringsplanen (og utbygginga) legg til grunn at parkeringskravet skal dekkast på område som høyrer til eigedomsseksjon som vert utbygd eller som utbygger disponerer inntil byggeområdet.
- Varelevering må kvar enkelt eigar/drivar syte for skjer på ein god måte i høve dei rettar som er knytt til alle eigedomane i området.
- Tiltakshavar legg vekt på å ta omsyn til nabobygg. Vi finn likevel grunn til å ta fram at Fosnavåg er eit by messig sentrum, utbygging må sjåast i slik samanheng.
- Ved utbygging til bustadføremål skal areal for leik og opphald leggst til rette på taket til 1. etg. Krav til ferdigstilling av leikearealet er sikra i føresegnene.


10. Avsluttande kommentar

Så langt vi kan sjå er planen til Sjøside Eigedom AS å utvikle prosjekt som samsvarer med kommunen si målsetting for sentrumsutviklinga i Fosnavåg. Hovudtrekka i gjeldande regulering vert oppretthaldne med unnatak av tal etasjar/byggehøgde og endring av bruksføremålet til meir generelle sentrumsfunksjonar. Tidlegare bruksføremål går inn i nytt bruksføremål.

Utsnitt av plankart, sjå neste side:


Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg



Utsnitt av plankart, ikkje i målestokk

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Ørsta 22.5.2013

Vedlegg A1:

"REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22 I HERØY KOMMUNE"

VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vestlandsnytt 16.10.2012 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad er sett til 27.11.2012.

Følgjande merknader/innspele er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:

- | | |
|--|-----------------|
| 1) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 17.10.2012 |
| 2) Statens vegvesen | dat. 18.10.2012 |
| 3) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum | dat. 23.11.2012 |
| 4) Moen Eigedom AS | dat. 22.03.2013 |
| 5) Fjordvarme AS | dat. 26.11.2012 |
| 6) Fosnavåg Rederipark AS | dat. 26.11.2012 |
| 7) Søre Sunnmøre Landbrukskontor | dat. 27.11.2012 |
| 8) Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 04.12.2012 |

Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspele:

1. Noregs vassdrags- og energidirektorat

Utdrag:

NVE har ingen innspel til arbeidet med reguleringsendringar for Sjøsida eigedom.

Kommentar: ingen

2. Statens vegvesen

Utdrag:

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid.

Kommentar: ingen

3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Utdrag:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sjøsida Eigedom i Herøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringsendringa.

Kommentar: ingen

4. Moen Eigedom AS, eigar av hovudetg. Gnr. 34 bnr. 22

AG Plan og Arkitektur AS

Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no

firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841

Org.nr: 884 182 042 MVA

Leietakerene til Moen Eiendom genererer rundt 1000 kunder hver dag og enda flere fredag og lørdag. Dette fører til sterkt press på trafikken i området og på parkeringsplassen mesteparten av dagen....

Meny har varemottak ved siden av "tenkt overbygd kaidel" og har en rampe som ikke kommer frem på tekningen Deres. Vi har mottak flere (fra 3-5) ganger om dagen fra kl 7-1430 og 3 leveringer på kveldstid rundt kl 19 i løpet av uka. Dette er "varerute" biler i størrelse. Vi har også utkjøring selv av varer, t.d proviant og catering levering. Vinmonopolet har varemottak 2 ganger i uka ved vår hovedinngang. Posten 2 ganger daglig.

På bakgrunn utviklingen av forretningene er det all grunn til å tro at omsetningen vil fortsette å øke og trafikkbelastningen rundt vår parkeringsplass også vil øke. Vi vil derfor med dette påpeke at vi har ingen parkeringsplass til overs på vårt område.

Synes også at vi som berørt part burde få tilsendt all dokumentasjon i brev, slik som ligger tilgjengelig på AG plan sine internettsider.

Kommentar:

Varerampe – tilkomst kai-området

Vi er merksame på varerampen i enden (nord/austleg del) av eksisterande bygning. Kombinasjonen av varemottak og parkering på «kaiplanet» på dette området vil kunne føre til tidvise ulemper, særleg når vareruta står som skissert i vedlegget til merknaden og parkeringsplassane langs kai fronten er i bruk. Dei ulike seksjonane har vegrett over parkeringsplassen. Dette gjeld kai området og seksjon 7 og 7c. Bruken av varemottaka må såleis innrette seg etter allereie faktiske rettar og med nødvendige omsyn også for andre eigarar innan området. Så langt vi kan sjå vil ikkje dei to (2) tenkte parkeringsplassane til seksjon 7C på grunnplanet skape særlege vanskar for funksjonane i området.

Tal parkeringsplassar

Krav til parkeringsplassar går fram av gjeldande vedtekter og kommunen sine parkeringsvedtekter. Om verksemd treng meir plassar grunna utviklinga i kundegrunnlaget vert det ei sak for den enkelte eigar – i høve eigedomsrett på tilgjengeleg areal. I byggesak må tiltakshavar vise til parkeringsdekning i h.h.t. reguleringsplan og parkeringsvedtekt. I framlegg til plan har vi i planomtalen vist til korleis Sjøside Eigedom AS føreset å løyse parkeringskravet for eigen del. I praksis vil samla utbygging, som eigedomsselskapet vil stå for, måtte avgrensast i forhold til tal tilrettelagde parkeringsplassar. Ulik arealbruk løyser ut ulikt behov for tal parkeringsplassar.

5. Fjordvarme AS

Utdrag:

Det ligger godt til rette for at Sjøside Eigedom kan nytte sjøen som energikilde til oppvarming og kjøling ved hjelp av varmepumper. For å være framtidretta og ha en fleksibel løsnings, bør det velges vannbasert oppvarming av bygningsmassen. I tillegg bør utbygging av infrastruktur for varme- og kjøling koordineres med annen utbygging av infrastruktur, gjerne også for andre deler av sentrum.

Vi har stor tro på at mye av bygningsmassen i Fosnavåg kan nytte seg av varme og kjøling frå sjøen og dermed få til en reduksjon av klimautslipp, i tråd med kommunen sin klimaplan og nasjonal målsetting om ei omlegging til fornybare energiformer.

Å etablere framtidretta miljøvennleg energiforsyning krev vanligvis et godt samarbeid mellom kommune, offentlige og private utbyggere. Dette samarbeidet er viktig for å få til et større klimatiltak. Vi vil oppmode om å sette fokus på dette og starte prosessen gjennom reguleringsarbeidet.

Kommentar:

Vi kan ikkje sjå at det er tenleg gjennom reguleringsplan å pålegge Sjøside Eigedom AS bruk av vassboren varme. Slik energiløysing vil kunne vurderast i tilknytning til byggesak. Sidan tomte ligg til sjø tilseier dette potensialet at tiltakshavar vil vurdere type energiforsyning som del av energikonseptet for bygningsmassen ved nybygg.

6. Fosnavåg Rederipark AS

Utdrag:

Disponering av areal i bygga synest noko generell. Vi skulle gjerne sett at den var betre spesifisert. For vår del er det eigentleg tilkomst og parkerings-situsjonen som bekymrer oss. Då vil bruk av areal i bygget verte avgjerande for kor mange personer/ biler som skal nytte i og omkring huset. I tillegg ser vi at mange "uvedkomande" parkerer på taket vårt. Denne arealdelen av Fosnavåg sentrum har allereide i dag knapt med parkeringsplasser.

Vi ser at Reguleringsplanen tek inn deler av vår eigedom i reguleringsarealet. Det er vegen frå Tollåsbakken og opp på taket. Denne vegen, samt parkeringsplassen på toppen er vår eigedom, der dei andre selskapa i området har avtale med oss om bruken av denne. Sjøside Eigedom AS har avtale om tilkomst via 1 stk parkeringsplass til sin eigedom.

Vi ber om at våre eigarinteresser vert teke hensyn til og at vi får til det beste samarbeid i dette området. Når det gjeld front av bygget, d.v.s mot kaifronten, ber vi om at utbyggar tek mest mogeleg hensyn til sikta vår og bruker mest muleg glasvegger slik skissene viser.

Kommentar:

Reguleringsføremålet/disponering av bygget

Skisseprosjektet viser leilegheiter i 2. og 3. etg. Tiltakshavar ønskjer i midlertid større fridom i bruk og føremålet sentrumsfunksjonar med unnatak av hotell/bevertning. Dette føremålet er meint å vere noko generelt då siktemålet er å kunne nytte bygningsmassen til typiske sentrumsfunksjonar som forretning, tenesteyting, bustadbebyggelse og kontor. Slik tiltakshavar ser det no vil leilegheiter vere mest aktuelt.

Parkeringssituasjonen

Planområdet vil kunne nyttast til dei ulike føremåla i varierende grad. Kravet til parkering er annleis for bustader og forretning/kontor. Parkeringsdekninga er tenkt slik:

	Grunnplan	P-hus (omr. PH)	Seksjonane 7 og 7c	Sum P-plassar
Forretningane 1. etg.	38	2		40
Leiligheiter i 2. og 3. etg		22	2	24
Andre sentrumsføremål		22+23	6+2	53

Som det går framom er parkeringsdekninga løyst for forretningsdelen i 1. etg, for utbygging av leiligheiter på seksjonane 7 og 7c og i alternativet med «næringsmessig utbygging» vil parkeringsarealet kunne dekke ei utbygging på ca 2.650 m².

Tilkomst

Vi har sett det tenleg at tilkomsten til alle parkeringsareala vert vist i planen. Vegen frå Tollåsbakken til taket er difor med. Seksjonane 7 og 7c må inngå nødvendig avtale om tilkomst via veg V3 før slik tilkomst kan realiserast.

Fasadar

Vi kan ikkje «garantere» at fasadane vert som vist i skisseprosjektet. Tiltakshavar vil legge vekt på at nødvendige omsyn skal takast til nabobygg.

7. Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Utdrag:

Ut ifrå våre saksområde har vi ingen merknader til oppstart av reguleringsarbeidet.

Kommentar:

Ingen vesentlege.

8. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Utdrag:

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Planen må sikre/dokumentere tilgang til gode og funksjonelle uterom som er

eigna for leik og rekreasjon. Rettleiar T-1513 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

Kommentar:

I planframlegget er vist til uterom for leik og rekreasjon. Det er sett krav om ute opphaldsareal lik 20 m² for kvar leilegheit. Slik plass er føresett å kunne etablerast på taket til 1. etg. Med heis i bygget vil arealet vere universelt tilgjengeleg.

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:

- Merksemd på parkeringsdekning og tilkomst til parkeringsareal
- Merksemd på varelevering
- Merksemd på utsikt
- Merksemd på born og unge sine oppvekstvilkår.

Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Reguleringsplanen (og utbygginga) legg til grunn at parkeringskravet skal dekkast på område som høyrer til eigedomsseksjon som vert utbygd eller som utbyggar disponerer inntil byggeområdet.
- Varelevering må kvar enkelt eigar/drivar syte for skjer på ein god måte i høve dei rettar som er knytt til alle eigedomane i området.
- Tiltakshavar legg vekt på å ta omsyn til nabobygg. Vi finn likevel grunn til å ta fram at Fosnavåg er eit bymessig sentrum og at utbygging må sjåast i den samanheng.
- Ved utbygging til bustadføremål skal areal for leik og opphald leggest til rette på taket til 1. etg. Krav til ferdigstilling av leikearealet er sikra i føresegnene.


Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar RIF

Namn på tiltak/plan: Reguleringsendring for Sjøside Eigedom



Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? <i>Ikkje som vi eller tiltakshavar kjenner til. 2. og 3. etg skal byggast på eksisterande bygg. Vi legg til grunn at TEK sine krav til byggegrunn vert undersøkt/avklara ved prosjektering.</i>		
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging? <i>Eksisterande bygg har golvhøgde kote 2,63 medan framtidig havnivå er sett til kote 2,69. Havnivå/bølger er vurdert og det er lagt inn i føresegnene at konstruksjon skal sjekkast i tilknytning til prosjektering av 2. og 3. etg.</i>		
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon? <i>Det er teke inn bestemmingar om radon i føresegnene.</i>		
	i	Anna (spesifiser)?	X	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjere spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer? <i>Trafo i 1. etg i bygning føreset vi er tilfredstillande skjerna.</i>	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	


Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X

Sjekklista er gjennomgått den 25/3 - 2013 av sign: *Karin Stangedal*

Emne/kommentar	Bilde
Naturgitte forhold	
<p>Området grensar til sjø, og kan vere utsett for ekstremver/ havnivåstigning.</p> <p><i>Kommentar:</i> Vert å ta omsyn til i planarbeidet.</p>	 <p>Naturgitte forhold</p>
<p>Området inngår i 100-metersbeltet.</p> <p><i>Kommentar:</i> Reguleringsendringa gjeld del av eksisterande bygg.</p>	 <p>100-metersbeltet</p>

SJØSIDA EIGEDOM - SJEKKLISTE NATURMANGFALD

Punkt	Moment	Vurdering/kommentar
1.	Kva økosystem, naturtypar og artar vert råka av planen?	Så langt vi kan sjå blir ikkje økosystem, naturtypar eller artar råka av planen, på annan måte enn at planområdet grensar til og omfattar eit mindre sjøareal.
2	Korleis er tilstanden for dei aktuelle økosystema, og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypane og bestandane av artane på landsbasis og lokalt (på staden)?	Ingen særskilte registreringar i planområdet, jf. punkt under.
3.	Ligg det føre faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ingen treff i direktoratet for naturforvaltning sin naturbase. www.dirnat.no/kart/naturbase/
4.	Ligg det føre erfaringsbasert kunnskap om det aktuelle planområdet, skal denne informasjonen nyttast.	Så langt vi kjenner til, nei.
5.	Vil planen påverke trua og nær trua artar og naturtypar på Norsk rødliste for artar 2010 / naturtypar 2011?	Nei. Kjelde: www.artsdatabanken.no www.dirnat.no - Naturbase
6.	Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar?	Nei. Kjelde: www.artsdatabanken.no www.dirnat.no - Naturbase
7.	Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	Nei. Kjelde: www.dirnat.no - Naturbase
8.	Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	Nei. Kjelde: www.skogoglandskap.no
9.	Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Nei. Kjelde: www.dirnat.no/inon




SOL-/SKUGGEANALYSE MED PLANLAGT BUSETNAD SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22

18.3.2013

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør


•Arkitektbedriftene •Rådgivende Ingeniørers Foreining



GNR. 34 BNR. 22
SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2013 – KL.09.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2013 – KL.12.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2013 – KL.15.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 – KL.18.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 – KL.21.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2012 – KL.09.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2013 – KL.12.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2013 – KL.15.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2013 – KL.18.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2013 – KL.21.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2013 – KL.09.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2013 – KL.12.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2013 – KL.15.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2013 – KL.18.00





GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2013 – KL.21.00



5.5. Teknisk infrastruktur

Det vart klarlagt under oppstartsmøte at det ikkje er behov for ny teknisk infrastruktur som følgje av ønska utbygging. Tilknytning til offentleg veg blir som i dag.

5.6. Støy

Vegtrafikkstøy:

Det ligg ikkje føre trafikktaal for Edvin Jacobsen veg, Rådhusgata eller andre gater i sentrum anna enn for fylkesvegane. Edvin Jacobsen veg er ei ytre omkøyring i sentrum. Det ligg ikkje andre parkeringsplassar til denne gata enn parkeringa knytt til planområdet. Trafikken til/frå Fosnavåg har ÅDT 6250, medan trafikken på fv20 gjennom sentrum er ÅDT 1900. Trafikken til/frå Fosnavåg som "stansar" antar vi er retta mot parkeringsplassane og bebyggelsen elles. Trafikken til/forbi planområdet vil då bestå av "gjennomgangstrafikk" i Edvin Jacobsen veg og trafikk til/frå forretningane/verksemdene i planområdet.

Stipulerte trafikktaal, vurdering av støymengd (ved bruk av NBSTOY, Nordisk berekningsmetode, Sintef sin datamodell):

- Gjennomgangstrafikk ca ÅDT 300. Trafikk særleg på dagtid.
- Til/frå trafikk til verksemdene/forretningane innan planområdet, jf noverande matvarebutikk, Vinmonopolet, frisør mv: trafikk rekna som at støymengda tilsvarer «til» trafikk i 40 km/t. ÅDT ca 750.

Sum ÅDT ca 1050, i prognoseåret ÅDT ca 1365 (dvs. +30 %). Simuleringsføresetnader: 5 % tungtrafikk (i all hovudsak varelevering), Høgd opp til golv balkong: 4.2 m, ballkongvegg/skjerm: H=1,1 meter. Mottakarhøgde 1,5 meter. Gjennomsnittleg avstand køyretøy – mottakar: 17 m. Hastigheit køyretøy 40 km/t. Byveg.

Simulering av støymengd for opphald på balkong/terrasse 2. etg. mot gate er:

ÅDT	UTGANGSNIVÅ Lden	TOTALNIVÅ UTE den	TOTALNIVÅ UTE natt
1100	56,0	53,5	43,7
1300	56,8	54,3	44,4
1525	57,5	55,0	45,0
1700	57,9	55,4	45,5

Som simuleringa viser vil trafikk rekna som gjennomsnittleg døgntrafikk ÅDT måtte ligge over 1525 for å kome i konflikt med gul sone (55 dB). Sjølv med ÅDT lik 1700 vil overskridinga vere liten. Etter vår vurdering vil det vere rimeleg å tru at faktisk trafikkmengde ikkje overstig 1525 køyretøy som ÅDT om 10 år i dette området. Viser her til at det ikkje er andre tilgjengelege byggeareal i område og at parkeringsarealet er avgrensa som brukt i dag. Trafikkveksten vert difor «normal» og då gjeld påslaget på 30 % som stipulert vekst gjeldande.

Støy frå kai området:

I samband med vår utarbeiding av reguleringsplan for Fosnavåg hamn utarbeidde Multiconsult AS ein støyrapport der m.a. støy frå båtar var med. I Fosnavåg hamn er etablert verksemdar som Fosnavåg Seafood og Fosnavåg Notbøteri. Trafikken til Sunnmørsfisk AS er mindre i form av båtrafikk, tal leveransar ved kai, landligge mv og

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • Arkitektbedriftene • Rådgivende Ingeniørers Forening RIF

Ørsta 18.9.2012

Herøy kommune
Planutvalet
Postboks 274

6099 Fosnavåg

Spørsmål om oppstart - reguleringsendring for Sjøside Eigedom, gnr. 34 bnr. 22 (RP 15) – i Herøy kommune, jf. PBL § 12-8

I samsvar med § 12.8 i Plan- og bygningslova vert det med dette lagt fram for planutvalet i Herøy kommune spørsmål om oppstart av arbeid med reguleringsendring for Sjøside Eigedom, gnr. 34, bnr. 22.

Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.

Tiltakshavar: Sjøside Eigedom AS ved Helge Kvalsvik



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS

Post- og besøksadresse:
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

firmapost@agplan.no
www.agplan.no


Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •

Gjeldande reguleringsplan:

Området er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, RP 15, reguleringsendring for Sunnfisk, godkjend i kommunestyret 1.9. 2005) lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1-2) og parkering.

Føresegnene for reguleringsplanen seier følgjande om byggehøgder: Møne/gesims i B/F/K/1 maks cote +11,1 meter. Møne/gesims for F/K1 maks cote +7,2 meter. Eksisterande terreng rundt bygget har i dag ca kote 2,10. Dette mefører at område B/F/K1 kan byggast med netto bygningshøgde på ca 9 m. For område F/K1 vert tilsvarande bygningshøgde etter gjeldande plan 5,1 m.



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for området (RP15) med reguleringsendring for Sunnfisk AS

Planprogram, konsekvensutgreiing (KU):


Tiltaket er etter vår vurdering, og slik det vart konkludert i oppstartsmøte, ikkje av ein slik karakter at det er naudsynt med planprogram eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

Tenkt arealbruk:


Noverande arealbruk på grunnplanet, jf reguleringsplanen områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å byggje på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane skal primært romme leilegheiter, men reguleringsformålet vil vere «sentrumsfunksjonar» med unntak av hotell/bevertning.

I forhold til noverande reguleringsplan vil bygningsmassen også omfatte «firkanten» mellom F/K1 og noverande varemottak (nord-/vestsida av kaia). Her er kaiplanet tenkt nytta til m.a. parkering.

Bygningen sør om forretningsdelen, merka P på skisse nedom, vil bli nytta til parkering. Det vil bli vurdert om parkering skal leggst til rette for i 2 plan/etg.høgder inne i bygget.




Skisse 1. etg.



Skisse arealbruk 2. og 3. etg.

Tilkomst – vegtilknytning offentlig veg:

Tilknytning til offentlig veg (jf markering under) blir som vist i gjeldande reguleringsplan for området, dvs



avkøyrslene til Holmefjordvegen vert oppretthaldne. Vidare vil vegen frå Tollåsbakken og opp på taket til bygget tenkt nytta til parkering – vere med. Vegen er tilkomst for etablerte verksemder/bustader i dag – dette vil bli oppretthalde jf vegrettar. Samtidig vil «restarealet» over noverande forretning bli drøfta med bakgrunn i trong om utomhus leikeareal og ev særskilde behov for parkering.

Parkering:

Parkeringsbehovet vil bli løyst innan planområdet. Vi viser her til gjeldande reguleringsplan og til tenkt bruk av bygningen i sør. Som del av reguleringsplanen vil parkeringsdekninga bli vist i hht parkeringsvedtektene. Så langt vi kan sjå no vil parkering kunne dekkast i tenkt «parkeringshus», på ny overbyggd kaidel og på grunnplanet utomhus på eigedomen.

Promenade langs sjøen:

Promenade langs sjøen vil bli drøfta med kommunen under vegs i planarbeidet. Dette ut frå dei prinsippa som elles er lagt til grunn for slik promenade langs sentrum si kystlinje. Vi legg til grunn at vist parkeringsareal i gjeldande plan vert oppretthalde (jf parkering på «nytt kaidekke»). Langsgående promenade må difor dels basere seg på å nytte sjøen/etablere flytebrygger. Ein viktig del av diskusjonen kring «promenaden» vert kaia sin funksjon, muligheit for tilflot.

Uteopphaldsareal:

Både kommuneplanen og tekniske forskrifter (TEK) sine krav til opphaldsareal ute vil bli drøfta og avklara under planarbeidet. Det vert lagt til grunn at areal på tak kan nyttast til føremålet. Elles viser vi til at sentrumsbusetnad generelt sett vert noko avhengig av kringliggande grøntstruktur. Ei utfordring vil nok vere gangavstanden til større leikeplass, jf kommuneplanen sitt til maks gangavstand 250 meter. Vi viser til at bustadføremålet ligg inne i gjeldande reguleringsplan og vi legg til grunn at gangavstanden som faktisk vert frå planområdet til nærmaste større leikeplass, jf K-planen, er akseptabel ut frå sentrum sin funksjon.

Ny bygningsmasse:

Det vart under oppstartsmøtet lagt vesentleg vekt på at bygningsmassen må bli innlemma på ein god måte i forhold til eksisterande bygningar i sentrum. Med bakgrunn i dette har vi utarbeidd eit skisseprosjekt som har som siktemål å vise storleiken på bygningsmassen og korleis bygningane er tenkt utforma. Skisseprosjektet er vist med teikningar og 3D-modell. Som modell er også vist bygningane i sentrum elles. Grunnlaget for 3D-konstruksjonen er kommunen sitt grunnkart.

Skisseprosjektet viser:

- Kartskisse
- Snitt
- 3D-illustrasjonar

I eige vedlegg er teikningar, 3D-modellane og sol-/skuggeanalyse vist.

Ny bygningsmasse



Skisseprosjektet, jf. teikningar:

1. etg.:

Skisseprosjektet viser at 1. etg./grunnplanet vert oppretthalde med funksjonane som i dag. Der vert gjort mindre endringar for å få plass til inngang/trapperom for 2. og 3. etg. I tillegg er et ønskje om å bygge på hjørnet mot nord. 2. og 3. etg. er såleis skissert med tilkomst frå eksisterande trapperom (ved sidan av inngang til salslokale), samt tilkomst frå nytt trapperom i ny bygningsmasse på hjørnet mot nord

2. etg.:

Her er førebels vist 11 leilegheiter med tilhøyrande uteplass og felles tilkomstareal. Storleiken på leilegheitene varierer frå BRA 50 m² til 110 m² (inkl. bodar). Uteplass kjem i tillegg, 20 – 40 m². Fellesareal (trapp, gang, m.m.) kjem i tillegg.

3. etg.:

Det er førebels skissert 5 leilegheiter med tilhøyrande uteplass og felles tilkomstareal. Storleiken på leilegheitene varierer frå 110 m² til 190 m². Fellesareal (trapp, gang, m.m.) kjem i tillegg.

Byggjehøgder, oppdeling i volum (viser m.a. til snitt som er lagt ved):

Eksisterande bygning/forretning har ei innvendig høgde på 4,25 m. Kvar av dei to (2) nye etasjane har ei innvendig høgde på ca. 2,6 m. Medrekna etasjeskiller og tak vert ny byggjehøgde for den delen av bygningen som har to (2) etg. lik 8,8 m rekna frå ferdig innvendig golv 1. etg. Der bygningen har tre (3) etg vil høgda på huset tilsvarande vere inntil 12,5 meter høgt. Terrenget rundt bygningen ligg på ca. kote 2,1. Dette medfører at 2. etg. vil ha ei kotehøgde på ca. 10,9 og 3. etg. ei kotehøgde på ca. 14,6. (Vi har ikkje eksakt innmåling av høgda på eksisterande golv).

Tredje (3.) etg. er delt inn i fleire volum. Dette for å opne landskapsrommet samt skape luft mellom dei enkelte husværa/leilegheitene. Løysinga vil bryte ned volumet og medverke til at inntrykket av den samla bygningskroppen vert langt mindre kompakt. Etter vår vurdering er dette ei god løysing. Vi viser til illustrasjonar.

Sol-skuggeforhold:

Vi har laga ei oversikt med utgangspunkt i normalt nytta datoar og klokkeslett. Viser til vedlegg. Skuggeeffekt på nabobygningar vil først «slå inn» på kveldstid med lav sol Så langt vi kan sjå vil ikkje bygningen ha skuggeeffekt anna

Ny bygningsmasse:

Eksisterande bygning inneheld salslokale mm i 1. etasje, samt disponibelt areal i 2. etasje. I tillegg er det parkering som har tilkomst frå parkeringsplass/inngangssone. Areal for eksisterande 2. etasje er ein del mindre enn arealet i 1. etasje. Eksisterande bygningsmasse består av fleire ulike volum, og det er nytta ein kombinasjon av flatt tak og saltak.

Oppdragsgjevar ønskjer å bygge på eksisterande bygning, slik at bygningsmassen totalt har tre etasjer. Mot nord er det ønskje om å føre opp volum i tre etasjer. Mot nabobygget på vestsida skal arealet framleis vere opent/ubebygd i 2. og 3. etasje. Vidare er det ønskje om å fjerne eksisterande saltak, samt å "oppgradere" bygningsmassen.

Ny løysing viser no at 2. og 3. etasje er inntrekt i forhold til eksisterande bygningsmasse. Det er også arbeid med volumoppbygginga av det nye for å skape "variasjon" i bygningsmassen – noko som også er med på å skape meir "private rom" for leilegheitene mm. I 3. etasje er bygningsmassen delt opp ytterlegare, noko som "tek ned" høgda på bygningsmassen og "gir luft" – dette gir også "siktlinjer" gjennom bygningsmassen. Ved å trekke inn ny bygningsmasse i forhold til eksisterande, legg ein også til rette for (romslege) private uteplassar.

2. og 3. etasje er no planlagd med tilkomst frå eksisterande trapperom mot parkeringsplass, samt frå nytt trapperom mot nord. Det er også tenkt installert heiser i trapperom. Leilegheiter mm er organisert slik at dei får tilkomst frå begge desse trapperomma, og trapperomma vert bundne saman av fellesareal. Uteplassar (felles) får tilkomst frå fellesareal. Slik det er skissert no er det terrasse i 2. etasje mot nabobygget på vestida, samt terrasse i 3. etasje mot nordaust (over varemottak).

Slik vi ser det vil det vere positivt med ei fortetting i sentrum - ei "forsterking av urbane trekk". Dette vil også vere ei vidareutvikling av eksisterande bygningsmasse. Eksisterande bygningsmasse i 1. etasje er forholdsvik "lukka". I samband med dei nye planane vil t.d. nye og oppgraderte inngangar på bakkenivå føre til betre kontakt mellom ute og inne, samt kunne fungere som ei "tydeleggjering" av bygningsmassen.

På forslaget som er vist er også "grøne vekstar"/"grønt" trukke inn i bebyggelsen – dette er nytta bevisst som element for å "dele opp"/"sonedele" bygningsmassen, jf. m.a. uteplassar.

Vi ønskjer å streke under at dette er førebels skisser. I samband med vidare detaljering av prosjektet vil det såleis bli endringar i forhold til det som er vist no. Også tal leilegheiter mm kan endre seg som følgje av det vidare arbeidet. Men, vedlagde illustrasjonar viser ideane og intensjonane som ligg til grunn.

Registreringar i tilgjengelege databaser gjeldande for planområdet:

Så langt vi kan sjå er der ikkje registreringar av viktige natur, miljø eller andre samfunnsmessige forhold. Som del av ROS-vurderinga vil vi ta omsyn til framtidig havnivå. Om området er utsett for havbølger vil vi også sjå på.

Eitt moment som vart peika på i oppstartsmøte er ev. støy frå omgjevnadene. Det er vanskeleg å stipulere trafikkstøy i sentrum. Så langt vi har kjennskap til har ikkje kommunen trafikkstal for gatenettet i sentrum. Vurdering vil likevel bli gjort ei skjønns messig vurdering. Erfaringar tilseier at trafikken på dagtid er vesentleg større enn trafikken på kveld og natt.


Plantype - utforming:

Tiltakshavar legg til grunn å fremje plansaka som ein detaljplan etter PBL § 12-3.

Framdrift:

Tiltakshavar ønskjer å setje i verk planarbeidet snarast. Vi torer difor å be om snarleg tilbakemelding på førespurnaden.

For tiltakshavar



Kåre Gjengedal
Siv.ing/planleggar

Vedlegg:

- Kartskisse
- Snitt
- 3D illustrasjonar av bygg
- Sol-/skugge forhold

- Side 8 av 8

Uprenta vedlegg:

- Referat frå oppstartsmøte 26.4.2011, med vedlegg.

Kopi: Sjøside Eigedom AS ved Helge Kvalsvik, Igesundvegen 20, 6090 Fosnavåg



Teikn. Nr.		REV. NR:									
Type teikning SKISSEPROSJEKT											
<table border="1"> <thead> <tr> <th>Index</th> <th>Dato</th> <th>Beskriving</th> <th>sign.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td> </td> <td> </td> <td> </td> <td> </td> </tr> </tbody> </table>				Index	Dato	Beskriving	sign.				
Index	Dato	Beskriving	sign.								
ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS Webjørn Svendsengt. 12 6150 Ørsta Tlf. 700 61600 E-post: firmapost@agplan.no											
Fase: SKISSEPROSJEKT											
AG PLAN OG ARKITEKTUR AS		PROSJEKTNR.: 2154									
Tittel: SJØSIDA EIGEDOM AS SJØSIDA 6090 FOSNAVÅG		Godkjent <table border="1"> <tr> <td colspan="2">Kontroll prosjekt.</td> </tr> <tr> <td>Sign.</td> <td>Kontroll</td> </tr> </table> Filnavn 2154-120917.pln Dato 17.09.12 Målestokk 1:500 <table border="1"> <tr> <td colspan="2">Kontroll utførende</td> </tr> <tr> <td>Sign.</td> <td>Kontroll</td> </tr> </table>		Kontroll prosjekt.		Sign.	Kontroll	Kontroll utførende		Sign.	Kontroll
Kontroll prosjekt.											
Sign.	Kontroll										
Kontroll utførende											
Sign.	Kontroll										
Teikningsnummer: TYPE TEIKNING: SKISSE KART		Prosjektnr. for prosjekterande /lev.									
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>											

Teikn. Nr. REV. NR:

Type teikning
SKISSEPROSJEKT

Index	Dato	Beskriving	sign.

ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS
 Webjørn Svendsengt. 12
 6150 Ørsta
 Tlf. 700 61600
 E-post: firmapost@agplan.no


Fase: **SKISSEPROSJEKT**

AG PLAN OG ARKITEKTUR AS **PROSJEKTNR.: 2154**

Tittel: SJØSIDA EIGEDOM AS SJØSIDA 6090 FOSNAVÅG	Godkjent	
	Kontroll prosjekt.	
	Sign.	Kontroll
	Filnavn 2154-120917.pln	
	Dato 17.09.12	
Målestokk 1:200		
Kontroll utførende		
Sign.	Kontroll	

Teikningsnummer: TYPE TEIKNING: SKISSE SNITT A-A	Prosjektnr. for prosjekterande /lev.
--	--

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke




FØREBELS TEIKNING!
 Vurdere i høve konstruksjon mm
 Førebels høgder mm
 Ca-plassering nye veggar/konstruksjonar mm er vist med mørk farge.



Teikn. Nr.		REV. NR:	
Type teikning SKISSEPROSJEKT			
Index	Dato	Beskriving	sign.
<p>ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS</p> <p>Webjørn Svendsengt. 12 6150 ørsta Tlf. 700 61600 E-post: firmapost@agplan.no</p>			
Fase: SKISSEPROSJEKT			
AG PLAN OG ARKITEKTUR AS		PROSJEKTNR.: 2154	
Tittel:		Godkjent	
SJØSIDA EIGEDOM AS SJØSIDA 6090 FOSNAVÅG		Kontroll prosjekt.	
		Sign.	Kontroll
		Filnavn 2154-120917.pln	
		Dato 17.09.12	
		Målestokk	
		Kontroll utførende	
		Sign.	Kontroll
Teikningsnummer:		Prosjektnr. for prosjekterande /lev.	
TYPE TEIKNING: ILLUSTRASJON FØR			
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>			



Teikn. Nr.		REV. NR:	
Type teikning SKISSEPROSJEKT			
Index	Dato	Beskriving	sign.
<p>ARK : AG PLAN OG ARKITEKTUR AS</p> <p>Webjørn Svendsengt. 12 6150 ørsta Tlf. 700 61600 E-post: firmapost@agplan.no</p>			
Fase: SKISSEPROSJEKT			
AG PLAN OG ARKITEKTUR AS		PROSJEKTNR.: 2154	
Tittel: SJØSIDA EIGEDOM AS SJØSIDA 6090 FOSNAVÅG		Godkjent Kontroll prosjekt. Sign. Kontroll Filnavn 2154-120917.pln Dato 17.09.12 Målestokk Kontroll utførende Sign. Kontroll	
Teikningsnummer: TYPE TEIKNING: ILLUSTRASJON ETTER		Prosjektnr. for prosjekterande /lev.	
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>			



SOL-/SKUGGEANALYSE MED PLANLAGT BUSETNAD


SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22

18.9.2012

AG Plan og Arkitektur AS


Rådgjevande arkitekt og ingeniør

•Arkitektbedriftene •Rådgivende Ingeniørers Forening



GNR. 34 BNR. 22
SOL-SKUGGEANALYSE
21.MARS 2012 Ę KL.09.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 Ę KL.12.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 Ę KL.15.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 Æ KL.18.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

21.MARS 2012 Ę KL.21.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2012 Ę KL.09.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2012 Ę KL.12.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2012 Ę KL.15.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2012 Ę KL.18.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. JUNI 2012 Ę KL.21.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2012 Ę KL.09.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.12.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.15.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.18.00






GNR. 34 BNR. 22

SOL-SKUGGEANALYSE

23. SEPTEMBER 2012 Æ KL.21.00





HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2012/1453
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
284/12	Formannskapet	02.10.2012

FØRESPURNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID FOR SJØSIDA EIGEDOM GNR 34 BNR 22.

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk eigedom gnr 34 bnr 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum.

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 02.10.2012

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk eigedom gnr 34 bnr 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum.

Særutskrift:

AG Plan og Arkitektur AS, Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta
Sjøsidea Eigedom AS v/Helge Kvalsvik, Igesundvegen 20 6090 Fosnavåg

Vedlegg:

Oppstartsmøte regulering datert 05.06.2012
Referat frå førehandskonferanse datert 20.06.2012
Spørsmål om oppstart frå konsulent datert 18.9.2012

Saksopplysningar:

Tiltakshaver Sjøside Eigedom har engasjert AG Plan og Arkitektur AS for å bistå dei i ei reguleringsendring av gnr 34 bnr 22 i Fosnavåg sentrum. Omsøkt område er regulert i dag gjennom reguleringsplan Sunnfisk eigedom gnr 34 bnr 22 (planid 1515200502).

Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.


Plangrense omfattar deler av gnr. 34 bnr. 22, 43, 323, 324, 494, 517, mfl. Med i planarealet er og eit mindre sjøareal. Endeleg plangrense kan bli noko justert som følgje av planprosessen og saka sin gong.

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 20.6.2012 på Herøy rådhus, der vart saka presentert og skjema for oppstart gått gjennom. Det vart utarbeidd eit referat frå møte, datert 21.06.2012.

Gjeldande reguleringsplan:

Området er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, RP 15, reguleringsendring for Sunnfisk, godkjend i kommunestyret 1.9. 2005) lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1-2) og parkering.

Føresegnene for gjeldande reguleringsplan seier følgjande om byggehøgder: Møne/gesims i B/F/K1 maks cote +11,1 meter. Møne/gesims for F/K1 maks cote +7,2 meter. Eksisterande terreng rundt bygget har i dag ca kote 2,10. Dette medfører at område B/F/K1 kan byggast med netto bygningshøgde på ca 9 m. For område F/K1 vert tilsvarande bygningshøgde etter gjeldande plan 5,1 m.




Utsnitt

Noverande arealbruk på grunnplanet, jf reguleringsplanen områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å byggje på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye

etasjane skal primært romme leilegheiter, men reguleringsformålet vil vere «sentrumsfunksjonar» med unnatak av hotell/bevertning.

I forhold til noverande reguleringsplan vil bygningsmassen også omfatte «firkanten» mellom F/K1 og noverande varemottak (nord/-vestsida av kaia). Her er kaiplanet tenkt nytta til m.a. parkering



Skisse 1 etasje.

Skisse 2 og 3 etasje.

Byggjehøgder:

Eksisterande bygning/forretning har ei innvendig høgde på 4,25 m. Kvar av dei to (2) nye etasjane har ei innvendig høgde på ca. 2,6 m. Medrekna etasjeskiller og tak vert ny byggehøgde for den delen av bygningen som har to (2) etg. lik 8,8 m rekna frå ferdig innvendig golv 1. etg. Der bygningen har tre (3) etg vil høgda på huset tilsvarande vere inntil 12,5 meter høgt. Terrenget rundt bygningen ligg på ca. kote 2,1. **Dette medfører at 2. etg. vil ha ei kotehøgde på ca. 10,9 og 3. etg. ei kotehøgde på ca. 14,6.** (Høgdeberegningane er utført av konsulent)

Vurdering og konklusjon:

Ein vurderer tiltak som bidreg til å auke folketalet i Fosnavåg sentrum som positivt. Sentrum treng tilførsel av ny bustadmasse/leiligheter og omsøkt plan kan medverke til å utvikle eit vidare sterkt kommunesenter og skape auka aktivitet. Fosnavåg er no i ei rivande utvikling gjennom realisering av hotell, konserthus, parkeringshus, leilighetsbygg samt mange andre spennande prosjekt.

Kommunen har gjennom oppstartsmøte signalisert at prosjektet må ta omsyn til ein framtidig promenade innanfor planområdet. Promenaden vil vere eit sentralt element i utviklinga av sentrum som vil gi Fosnavåg ein ekstra kvalitet som kystby samt nærområdet til prosjektet. Vidare har ein signalisert at på gatenivå skal det vere forretning og i 2 etasje kan ein tillate ulike kombinasjonar av formål. Ein har vidare lagt til grunn at tiltakshaver og konsulent har eit sterkt fokus på høgder og kvalitet av bygningsmassen og prøver å «dempe» høgdeverknadane av tiltaket gjennom god estetikk og arkitektur.



Skisse prosjekt frå konsulent (ikkje endeleg).

Planprogram og KU

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensanalyse og planprogram er nødvendig.

Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Som del av planarbeidet, skal det utarbeidast ROS-analyse. Omsyn til m.a framtidig havnivå, havbølgjer og støy vil vere naturlege element å sjå nærare på.

Ein viser vidare til vedlegg i saka for ytterligere dokumentasjon og presentasjon av prosjektet.

Konklusjon:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk eigedom gnr 34 bnr 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum.

Fosnavåg, 19.09.2012

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Saksbehandler : Jarl Martin Møller

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • Arkitektbedriftene • Rådgivande ingeniørers forening RIF

Ørsta 15.10.2012

Grunneigarar, off. mynde, organisasjonar

Tiltak:

OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.6.2008) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med

DETALJPLAN (REGULERINGSENDRING) FOR SJØSIDA EIGEDOM, GNR. 34 BNR. 22 MFL, I HERØY KOMMUNE

Hovudføremålet med planarbeidet er primært å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22.



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00
www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA


ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •

Tiltakshavar, vedtak om igangsetting av planarbeidet:

Tiltakshavar er Sjøside Eigedom AS. Utførande konsulent er AG Plan og Arkitektur AS.

Planområde:

Arealet omfattar om lag 7,9 daa. Vist plangrense omfattar deler av gnr. 34 bnr. 22, 43, 323, 324, 494, 517, mfl. Med i planarealet er eit mindre sjøareal i samsvar med ønskje frå kommunen




Planområde /plangrense: **— — — —**

Gjeldande planar:

Reguleringsplanar:

Området er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, RP 15, reguleringsendring for Sunnfisk, godkjend i kommunestyret 1.9. 2005) lagt ut til forretning/kontor (F/K1) og bustad/forretning/kontor (BFK1-2) og parkering.



Utsnitt av gjeldende reguleringsplan for området (RP15) med reguleringsendring for Sunnfisk AS

Spørsmål om oppstart:

AG Plan og Arkitektur AS sendte inn spørsmål om oppstart av reguleringsarbeid til Herøy formannskap i brev datert 18.9.2012. Formannskapet i Herøy handsama saka i møte 2.10.2012, sak 284/12, der det blei gjort følgende vedtak:

"Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Sunnfisk Eigedom gnr. 34 bnr. 22 (1515200502) i Fosnavåg sentrum".

Tenkt arealbruk:

Noverande arealbruk på grunnplanet, jf. reguleringsplanen områda F/K og B/F/K skal halde fram, dvs. bruksføremålet forretning/kontor. Tiltakshavar ønskjer å byggje på fleire etasjar på eksisterande bygningsmasse på gnr. 34, bnr. 22. Dei to nye etasjane er primært tenkt nytta til leilegheiter/kontor, men andre funksjoner aktuelle og reguleringsformålet vil vere «sentrumsfunksjonar» med unntak av hotell/beverning.

I forhold til noverande reguleringsplan vil bygningsmassen også omfatte «firkanten» mellom F/K1 og noverande varemottak (nord-/vestsida av kaia). Her er kaiplanet tenkt nytta til m.a. parkering.

Bygningen sør om forretningsdelen, merka P på skisse nedom, vil bli nytta til parkering. Det vil bli vurdert om parkering skal leggast til rette for i 2 plan/etg.høgder inne i bygget

Promenade langs sjøen:

Promenade langs sjøen vil bli drøfta med kommunen undervegs i planarbeidet. Dette ut frå dei prinsippa som elles er lagt til grunn for slik promenade langs sentrum si kystlinje. Vi legg til grunn at vist parkeringsareal i gjeldande plan vert oppretthalde (jf parkering på «nytt kaidekke»). Langsgående promenade må difor dels basere seg på å nytte sjøen/etablere flytebrygger.

Reguleringsføremål:

Aktuelle reguleringsføremål er bustader med tilhøyrande anlegg (sentrumsføremål), samferdselsanlegg (veg med tilhøyrande areal, parkering), bruk og vern av sjø (promenade/kai) og ulike omsynssoner. Fleire føremål kan kome til undervegs i reguleringsprosessen.

Tilkomst:

Tilknytning til offentleg veg blir som vist i gjeldande reguleringsplan for området, dvs. avkøyrslene til Holmefjordvegen vert oppretthaldne. Vidare vil vegen frå Tollåsbakken og opp på taket til bygget tenkt nytta til parkering – vere med. Vegen er tilkomst for etablerte verksemder/bustader i dag – dette vil bli oppretthalde jf. vegrettar. Samtidig vil «restarealet» over noverande forretning bli drøfta med bakgrunn i trong om utomhus leikeareal og ev særskilde behov for parkering.

Parkering:

Parkeringsbehovet vil bli løyst innan planområdet. Vi viser her til gjeldande reguleringsplan og til tenkt bruk av bygningen i sør. Som del av reguleringsplanen vil parkeringsdekninga bli vist i hht parkeringsvedtektene. Så langt vi kan sjå no vil parkering kunne dekkast i tenkt «parkeringshus», på ny overbygd kaidel og på grunnplanet utomhus på egedomen.

Planprosess, medverknad:

Opp mot kommunen:

Tiltakshavar vil under planarbeidet drøfte/avklare med kommunen ev. overordna forhold som vert berørt av utbygginga. Tiltakshavar vil halde møte med kommunen under planprosessen for å diskutere ev. merknader ved forvarslinga og hovudprinsippa ved reguleringa (med bakgrunn i skisser).

Opp mot særskilte grupper:

Vi ser ikkje behovet for eige møte med «særlege» grupper, som elderrådet, kommunalt råd for funksjonshemma, ungdomsrådet, og barn og unge sin representant, utan at dette vert meldt inn no under forvarslinga.

Type reguleringsplan:

Reguleringsplanen vil bli fremja som ein detaljplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

Konsekvensane av planen, ROS, jf Plan- og bygningslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3:

Tiltaket er vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang og av slik karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet. Ut frå dei registreringane som ligg føre i tilgjengelege databaser kan vi førebels ikkje sjå potensiale for vesentlege konsekvensar i høve ROS.

Innspel/merknader til varsel om oppstart:

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

AG Plan og Arkitektur AS (helst på E-post):

firmapost@agplan.no

Frist: 27.11.2012

eller

Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta

E-post og ev skriv skal vere merka: Reguleringsendring for Sjøside Eigedom, Herøy kommune

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til:


Helge Kvalsvik i Sjøside Eigedom AS, tlf. 91 36 93 58, eller AG Plan og Arkitektur AS v/ Kåre Gjengedal.

Vidare saksong:

Planforslaget

Siktemålet er å ferdigstille framlegg til plan i første kvartal 2013. Framlegg til plan vil då bli lagt fram for formannskapet i Herøy kommune med sikte på vedtak om offentlig ettersyn av planframlegget. Innspel/merknadar som er komne inn som følgje av denne oppstartsmeldinga/annonsen, vil bli gjort greie for. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Interesserte får då nytt høve til å kome med innspel/merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Vennleg helsing



Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar, RIF

Vedlegg:


- Annonse

Som uprenta vedlegg følgjer (sjå heimesidene til AG Plan og Arkitektur AS www.agplan.no og Herøy kommune www.heroy.kommune.no):

- Spørsmål om oppstart til kommunen, dat. 31.8.2012
- Vedtak og saksutgreiing i formannskapet, F-sak 92/12 (4.9.2012)

Kopi:

- Sjøside Eigedom AS, v/ Helge Kvalsvik, Igesundvegen 20, 6090 Fosnavåg



Lokalisering av planområdet

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • Arkitektbedriftene • Rådgjevande ingeniørers forening RIF

Ørsta 15/10 2012

Vestlandsnytt

Vi ber om at vedlagde annonse vert teken inn i avisa Dykkar ein gong over 2 spalter TYSDAG 16.10.2012. Annonseteksta er teksta mellom dei stipla linene.

Annonsen skal trykkast i svart/kvitt inkl. kartutsnitt. **Kartutsnitt skal tilpassast ca 1 ½ spaltebreidde.**

OPPSTART AV PLANARBEID


I samsvar med § 12-1, 12-8 og 12-14 i Plan- og bygningslova vert det med dette kunngjort at følgjande privat reguleringsarbeid vert sett i gong:

DETALJPLAN (PBL § 12-3), REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM, HERØY KOMMUNE, VARSEL OM IGANGSETTING AV PRIVAT PLANARBEID, JF. PBL § 12-8

Målet med reguleringsendringa er primært å leggje til rette for etablering av fleire etasjar på del av eksisterande bygningsmasse på gnr. 34 bnr. 22. Aktuelle bruksføremål er m.a. leilegheiter, kontor og andre sentrumsfunksjonar. Elles vil promenaden langs sjøen bli vurdert i samråd med kommunen. Del av området er tidlegare regulert, jf. reguleringsplanen «Sunnfisk Eigedom».

Tilknytning til off. veg blir som i gjeldande reguleringsplan. Vidare vil vegen frå Tollåsbakken og opp på taket til bygget vere med.

Planområdet gjeld eigedomar vist på kartutsnittet nedanfor. Arealet omfattar om lag 7,9 daa.



Planområde

Tiltaket er vurdert til å vere av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2.

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00
www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

- Side 2 av 2

Tiltakshavar er Sjøside Eigedom AS. Arbeidet vert utført av AG Plan og Arkitektur AS.

Grunneigarar, off. mynde og organisasjonar vert varsla i eige skriv. Varslingsdokumenta er tilgjengelege på nettsidene www.agplan.no og www.heroy.kommune.no.

Innspel til reguleringsarbeidet skal vere skriftlege og sendast til

AG Plan og Arkitektur AS

Adresse: firmapost@agplan.no eller Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA innan **27.11.2012**. E-post (ev skriv) skal vere merka: REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM, HERØY KOMMUNE.

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12, 6150 ØRSTA. Tlf 700 61 600

Vi minner om at annonsen skal trykkast i svart/kvitt, inkl. kartutsnitt. Der er òg viktig at teksta AG Plan og Arkitektur AS er utheva med tjukk skrift, og brukar heile spaltebreidda.

Vedlagt følgjer også kartutsnittet i jpg format.

Vi ber til slutt om at faktura for annonsen vert sendt direkte til tiltakshavar:

Sjøside Eigedom AS
v/ Helge Kvalsvik
Igesundvegen 20
6090 Fosnavåg

Med vennleg helsing

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

Rammeavtale

mellom

Herøy Byggsenter Eigedom AS/ Herøy Byggsenter AS

og

Moen Eiendom AS

1: EIGEDOMEN

Gårdsnummer: Utskilt andel/ seksjon av 34

Bruksnummer: 22

Kommune Herøy

Postnummer/ sted: 6099 FOSNAVÅG

Moen Eiendom AS kjøper ferskfiskseksjon i tidligere Sunnfisk Eiendom AS. Heile seksjonen er med i handelen unntatt fellesareal ved inngang. Dette området er på ca. 125m².

“Innhuk nord vest” vert eigd av H.B.Eigedom AS, men Moen Eiendom AS gis rett til å nytta dette området til parkering, inntil H.B. Eigedom AS skal nytta det til andre formål. Dersom det då er ledige parkeringsplasser i “ bunkersen”, som H.B.Eigedom eig, men ikkje nyttar, skal Moen Eiendom AS kunne nytte desse.

Parkeringsområde i “innhuk nord aust” ved framtidig varemottak, og langsida mot Vågsplassen, unntatt ved hovedinngang, vert eigd og disponeres av Moen Eigedom AS.

H.B.Eigedom AS skal ha rett til å bygge over “innhuk nord aust” i etg. skille(høgd ca. 4,2m), dersom dei ynskjer det.

H.B.Eigedom AS fjerner beddet, opparbeider og asfalterer, eventuell steinlegg parkeringplassen mot Vågsplassen, derom det vert eit krav frå kommunen.

H.B.Eigedom AS koster bygging av kaidel på ca 20m mot Esso. Denne vert eigd av Moen Eiendom AS, men H.B.Eigedom AS skal ha bruksrett.

Moen Eiendom AS har òg same bruksrett som H.B.Eigedom AS til kai mot Esso. Alt av retter og eigedomsgrenser vert i fylgje teikning over eigedomen, og dette skal fylgje avtala.

Dersom H.B.Eigedom AS skulle velgja å trekkja seg frå avtala med Sunnfisk Eigedom AS, skal Moen Eiendom AS gis muligheit til å overta gjeldende avtale.

Del av Avtale med ^{Moen} ~~Herøysenter AS~~

§ 7 SÆRLIGE BESTEMMELSER


Det gjøres herved avtale om følgende forhold:

- a) Herøy Byggsenter Eigedom AS, monterer leca- vegg mellom resterende del av seksjon nr.5 (bunkersen) og utskilt del av seksjon 5, mot inngangsparti, som synt på planteikning.
- b) Herøy Byggsenter Eigedom AS, beholder retten til utbygging over den tidlige filehallen og over inngangsparti til Meny.
- c) Rørøpplagg for vann og avløp, som i dag er avslutta i butikken, skal kunne videreførast gjennom hulldekke til framtidig 2. etg., når denne utbygginga kjem.
- d) Selger står fritt til å rive "Bunkersen", og bygga den opp att som parkeringhus i 2 etg., der tilkomsten til første plan kjem der det er saga hol, og tilkomst til andre plan ved oppkjørsel til kontorfløya. Ombygginga må nøye planlegges for gjennomføring på kortast mulig tid.
- e) Selger gis rett til ankomst til bunkersen ved hovedinngang til "Meny", slik det er tatt hull for. Selger gis og rett til tilkomst til 2. etg over "Meny" gjennom oppgang til høgre for butikkinngang.
- f) Heis og trapp frå parkeringshuset må kunne monteres ved noverande hovedinngang til kontorfløya.
- g) Kjøper tar over og står for alt ansvar og opparbeiding/ bygging av kai som var med i opprinneleg utbyggingsavtale.
- h) Kjøper vert gjort kjend med utbyggingsplanane til Herøy Byggsenter Eigedom AS.
- i) Selger flytter noverande vanninntak, og fjerner stålkonstruksjonen det er montert på. Vanntilførselen får hovedinntaket i "bunkersen".
- j) Kloakkledning fra kontorfløya vert montert inn til søyle.
- k) Moen Eiendom AS, skal ha tilgang til trappeoppgang til teknisk rom.
- l) Vegg mot "sluse", flyttes maksimalt for å gi størst mogeleg butikk.
- m) Av oppgjør i følge §2, kan kr 400.000,- tilbakehaldast til lokalet er ferdig "råbygg".
- n) Ved underskrift av denne avtalen, er kontraktsarbeidet vedr. utbygging mellom Herøy Byggsenter AS og Moen Eiendom AS slutført og avslutta.

Sunnfisk Eiendom AS
Seksjonering
Målestokk 1/500 - Dato 3/6-05



Sporstøl Arkitekter AS



Del av avtale med For, Pederspave

§ 8 SÆRLIGE BESTEMMELSER

Det gjøres herved avtale om følgende forhold:

- a) Herøy Byggsenter Eigedom AS, har rett til å fritt disponere dei areal som inngår i opsjonsavtalen dei 2 åra dette gjeld.
- b) Herøy Byggsenter Eigedom AS, gis rett til utbygging over den tidligare filehallen og over inngangsparti til Meny i h.h.t. teikninger fremlagt på møte 25/4-06, utan innsigelser frå kjøper.
- c) Kjøper plikter å videreføre avtalen under punkt b og f, dersom han selger kontorfløya.
- d) Selger står fritt til å rive uteområdet som no vert nytta til parkering, og bygga det opp att som parkeringhus i 2 etg. Uteområdet vert tilordna med same areal som før. Ombygginga må nøye planlegges for gjennomføring på kortast mulig tid.
- e) Selger ordner med "gå"-tilkomst til området i denne perioda. Bilparkering i denne perioda må skje på f.eks. Vågsplassen eller Rådhusplassen.
- f) Heis og trapp frå parkeringshuset må kunne monteres ved noverande hovedinngang til kontorfløya, og sammenkobles med glasshus til 2 etg. over Meny i h.h.t. framlagt skisse.
- g) Kjøper har bruksrett til oppkjørsel til parkeringsområdet utenfor kontora. Kjøper eig denne oppkjørselen, samt parkeringsområdet utenfor kontora, dersom opsjonsavtala vert nytta. Jamfør § 1.
Herøy Byggsenter Eigedom AS får bruksrett til innkjørsel til eventuelt parkerinshus og parkeringsarealet over butikkinngangen.
- e) Kjøper vert gjort kjend med utbyggingsplanane til Herøy Byggsenter Eigedom AS.
- f) Dersom kjøper selger noko av kontorlokala før tida på opsjonsavtala er utløpt, plikter han å innfri opsjonsavtala.
- g) Vanntilførselen har hovedinntaket i "bunkersen".
- h) Kloakkledning fra kontorfløya går gjennom "ferskfiskavdeleinga". Denne løysinga er det gjort avtale med Northern Sea om at skal beholdes.
- i) Vegger tettes mot lukt. Dette gjeld vegg mot fiskeanlegg og vegg i teknisk rom.
- j) Ventilasjonsanlegget skal sjekkes, og filter skiftes.
- k) Dersom tetting av dørhull mot arkiv og trimrom, dekkes dette i fellesskap.

BEGJÆRING OM RESEKSJONERING

TIL

SØRE SUNNMØRE TINGRETT

- I. Eiendommen gnr. 34, bnr. 22 seksjon nr. 1 eies av Sunnfisk Eiendom AS. Det er inngått avtale mellom eier på den ene siden og et sameiekonsortium bestående av 5 sameiere som er:

Herøy Byggsenter Eiendom AS, Moen Eiendom AS, Igesund AS, Igero AS og Normar Eiendom AS

om overdragelse av eiendommen.

Eiendommen skal deles 10 eierseksjoner, hvorav 4 gjelder fellesareal fordelt på hovedseksjonene slik vedlagte oversikt og spesifikasjon viser.

Før skjøter på de enkelte seksjoner utstedes, er det nødvendig å få eiendommen gnr. 34 bnr. 22 seksjon nr. 1 reseksjonert.

- II. Eiendommen skal nyttes til næringsformål (kontor og forretningsdrift). Eiendommen består av flere bygninger som tidligere har vært benyttet til fiskeriproduksjon, herunder filethall, fryseri og administrasjonsbygg over 3 etasjer.
- III. Sunnfisk Eiendom AS og begjærer med dette eiendommen oppdelt i eierseksjoner i henhold til avtalt fordeling og slik det fremgår av kartvedlegg til herværende dokument.
- IV. Over de enkelte seksjoner gis følgende beskrivelse:

Seksjon A: Eier: Herøy Byggsenter Eiendom AS

Seksjonen utgjør seksjonsnummer 1,1B, 5,7,7C og 9 og har et brutto areal på 3.880, samt andel av brutto fellesareal 1307 m².


Eget areal fordeler seg slik:

Seksjon nr. 1:	Kontor/næringsareal i 2.etg.:	714 m²	<i>Solgt</i>
Seksjon nr. 5:	Kontor/næringsareal i 1.etg.:	888 m ²	<i>Bunkeren</i>
Seksjon nr. 7:	Kontor/næringsareal i 2.etg.:	923 m ²	
Seksjon nr. 7:	Uteareal	:1108 m ²	
<u>Seksjon nr. 7 C:</u>	<u>Uteareal</u>	<u>: 247 m²</u>	
Sum areal eget:		: 3880 m ²	

Fellesareal:

Seksjon nr. 1B:	Uteområde: 853 m ²	: Andel : 734 m ²
Seksjon nr. 9:	Kontor/næringsareal 1. etg: 366 m ²	: Andel : 130 m ²
<u>Seksjon nr. 7:</u>	<u>Fellesareal fra seksjon 6B</u>	<u>: Andel: 443 m²</u>
<u>Sum areal felles:</u>		<u>: 1307 m²</u>


Sunnfisk Eiendom AS
Seksjonering
Målestokk 1/500 - Dato 12/4-05



Sunnflisk Elendom AS
Seksjonering
Målestokk 1/500 - Dato 26/4-05



Sporstøl Arkitekter AS



SEKSJON NR. 7
UTEOMRÅDE/TAK
Areal 1108 m²

SEKSJON NR. 7
2. ETO
Areal 923 m²

35/2

34/517

34/517

34/522

34/494

34/494

34/323

34/171

34/324

34/323

34/170

34/43

34/148

34/147

34/750

34/453

34/146

34/36

34/476

34/530

34/531

34/476


34/75

34/73

34/34


34/476

Sunnfisk Eiendom AS
Seksjonering
Målestokk 1/500 - Dato 12/4-05



Sporstøl Arkitekter AS

SEKSJON NR. 10
UTEOMRÅDE
Areal 247m²



④ RØIPELT

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 Ørsta

Dato:	<u>22/3-13</u>	26.11.12
Saksbeh.:	<u>KG</u>	
Ark.nr./Prosjnr.	<u>2151</u>	
Kopi til:	<u>Saks & K.</u>	

Merknad til varsel om oppstart av regulering Sjøside Eigedom

Som eier av hovedetasjen av Gnr 34 /22 som Sjøside Eigedom vil regulere vil vi komme noen merknader og opplysninger. Moen Eiendom AS eier i dag rundt 2100 kv.meter innvendig areal og rundt 1250 kv. Meter utvendig(parkering) på grunnplan.

Våre leietakere er butikkjeden MENY, Vinmonopolet, Trendy Frisør og Pernilles Clinique. Meny Fosnavåg har også Post i butikk alene i for Ytre Herøy Kommune. Som medeier i kolonialforretningen Meny Fosnavåg har jeg førstehåndskunnskap om dei trafikkale forhold rundt området vårt og vil komme med opplysninger som må hensyntas i den videre prosessen.

Leietakerene til Moen Eiendom genererer rundt 1000 kunder hver dag og enda flere fredag og lørdag. Dette fører til sterkt press på trafikken i området og på parkeringsplassen mesteparten av dagen.

Åpningstiden for Meny Fosnavåg er man-fre 08-22 og lørdag 08-20.

Meny har varemottak ved siden av "tenkt overbygd kaidel" og har en rampe som ikke kommer frem på tekningen Deres. Vi har mottak flere(fra 3-5) ganger om dagen fra kl 7-1430 og 3 leveringer på kveldstid rundt kl 19 i løpet av uka. Dette er er "varerute" biler i størrelse. Vi har også utkjøring selv av varer, t.d proviant og catering levering. Vinmonopolet har varemottak 2 ganger i uka ved vår hovedinngang. Posten 2 ganger daglig.


På bakgrunn utviklingen av forretningene er det all grunn til å tro at omsetningen vil fortsette å øke og trafikkbelastningen rundt vår parkeringsplass også vil øke.

Vi vil derfor med dette påpeke at vi har ingen parkeringsplass til overs på vårt område.

Synes også at vi som berørt part burde få tilsendt all dokumentasjon i brev, slik som ligger tilgjengelig på AG plan sine internettsider.

Ved evt. andre spørsmål vennligst ta kontakt med undertegnede.

Jon Robert Moen
Moen Eiendom AS



Fjordvarme AS
Postboks 181, 6772 Nordfjordeid
Telefon: 57 86 48 23
Mobil: 908 26 775
Epost: magne.hjelle@fjordvarme.no
Bank: 3790 12 72736

E-post:
firmapost@agplan.no

26.11.2012

Innspill til planarbeid for Sjøside Eigedom AS

Vi viser til oppstartsmelding for planarbeidet for Sjøside Eigedom i Fosnavåg sentrum og kommer med et innspill knyttet til energibruk:

Det ligger godt til rette for at Sjøside Eigedom kan nytte sjøen som energikilde til oppvarming og kjøling ved hjelp av varmepumper. For å være framtidsette og ha en fleksibel løsning, bør det velges vannbasert oppvarming av bygningsmassen. I tillegg bør utbygging av infrastruktur for varme- og kjøling koordineres med annen utbygging av infrastruktur, gjerne også for andre deler av sentrum.

Vi har stor tro på at mye av bygningsmassen i Fosnavåg kan nytte seg av varme og kjøling fra sjøen og dermed få til en reduksjon av klimautslipp, i tråd med kommunen sin klimaplan og nasjonal målsetting om ei omlegging til fornybare energiformer.

Å etablere framtidsette miljøvennlig energiforsyning krever vanligvis et godt samarbeid mellom kommune, offentlige og private utbyggere. Dette samarbeidet er viktig for å få til et større klimatiltak. Vi vil oppmode om å sette fokus på dette og starte prosessen gjennom reguleringsarbeidet.

Fjordvarme AS har gjennom fjordvarmeprosjektet på Nordfjordeid fått mye erfaring med å prosjektere og drifte energianlegg til oppvarming og kjøling med bruk av sjøvann. Vi kommer gjerne og tar en presentasjon av fjordvarmekonseptet om det er ønskelig.

Med hilsen
Fjordvarme AS

Steven Johnsen
Prosjektingeniør

Magne Hjelle
dagleg leiar

AG Plan & Arkitektur AS

6150 Ørsta.

Dato:	27.11.2012
Saksbeh.:	KG
Ark.nr./Prosjnr.	2151
Kopi til:	Saksdok.

REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM. HERØY KOMMUNE.

Merknad frå Fosnavåg Rederipark AS, eigar av gnr 34 brnr 22 snr 1

Viser til tilsendte dokument i saka, men som nærmaste nabo etterlyser vi eigentleg meir fylldig informasjon, noko vi delvis ser av dokumenta som er lagt ut på AG plan sine internett-sider.

Disponering av areal i bygga synest noko generell. Vi skulle gjerne sett at den var betre spesifisert. For vår del er det eigentleg tilkomst og parkerings-situasjonen som bekymrer oss. Då vil bruk av areal i bygget verte avgjerande for kor mange personer/ biler som skal nytte i og omkring huset. I tillegg ser vi at mange "uvedkomande" parkerer på taket vårt. Denne arealdelen av Fosnavåg sentrum har allereide i dag knapt med parkeringsplasser.

Vi ser at Reguleringsplanen tek inn deler av vår eigedom i reguleringsarealet. Det er vegen frå Tollås-bakken og opp på taket. Denne vegen, samt parkeringsplassen på toppen er vår eigedom, der dei andre selskapa i området har avtale med oss om bruken av denne. Sjøside Eigedom AS har avtale om tilkomst via 1 stk parkeringsplass til sin eigedom.

Vi ber om at våre eigarinteresser vert teke hensyn til og at vi får til det beste samarbeid i dette området.

Når det gjeld front av bygget, d.v.s mot kaifronten, ber vi om at utbyggar tek mest mogeleg hensyn til sikta vår og bruker mest muleg glasvegger slik skissene viser.

Fosnavåg 26.01.2012


Paul Harald Leinebø

**FOSNAVÅG
REDERIPARK AS**
Postboks 23
N-6099 Fosnavåg



Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Bjarne Otnes, 71258413

Vår dato
04.12.2012
Dykkar dato
15.10.2012

Vår ref.
2012/7001/JOEI/421.4
Dykkar ref.

AG Plan og Arkitektur AS
WEBjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Dato:	6/12-12.
Saksfch:	KV
Arkt. nr.:	2151
Kopert:	Saksdfl.

Herøy kommune.

Reguleringsendring Sjøsidea eigedom gnr34 bnr22 m.fl. Fråsegn til melding om oppstart.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge sine interesser

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Planen må sikre/dokumentere tilgang til gode og funksjonelle uterom som er eigna for leik og rekreasjon. Rettleiar T-1513 om barn og planlegging frå Miljøvern-departementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Bjarne Otnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje signatur.

Kopi:

Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen, Region midt



Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Bjarne Otnes, 71258413

Vår dato
04.12.2012
Dykkar dato
15.10.2012

Vår ref.
2012/7001/JOEI/421.4
Dykkar ref.

AG Plan og Arkitektur AS
WEBjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Dato:	6/12-12.
Saksfch:	KV
Arkt. nr.:	2151
Kopert:	Saksdfl.

Herøy kommune.

Reguleringsendring Sjøsidea eigedom gnr34 bnr22 m.fl. Fråsegn til melding om oppstart.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge sine interesser

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Planen må sikre/dokumentere tilgang til gode og funksjonelle uterom som er eigna for leik og rekreasjon. Rettleiar T-1513 om barn og planlegging frå Miljøvern-departementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

Med helsing


Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Bjarne Otnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje signatur.

Kopi:

Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen, Region midt



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2012/32
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
122/13	Formannskapet	02.07.2013

REGULERINGSPLAN FOR HULDAL AUST - 2. GONGS HØYRING AV PLANPROGRAM

Tilråding:

1. Formannskapet vedtek at revidert forslag til planprogram for privat planarbeid med detaljreguleringsplan for Huldal Aust gnr 34 bnr 165 m.fl datert 15.05.2013, skal leggest ut til offentlig ettersyn i 6 veker og sendast aktuelle høyringsorgan, grunneigarar og naboar til uttale, jfr. PBL § 12-9.
2. Formannskapet føreset at det i det vidare arbeid med planprogram, KU og seinare detaljreguleringsplan vert teke særleg omsyn til dei momenta som rådmannen har påpeika i sine vurderingar og dei tidlegare tilbakemeldingane som er gjeve til konsulent.

Særutskrift:

- Bergsøy IL, Postboks 12, 6099 Fosnavåg
- Sporstøl Arkitekter AS, Postboks 301, 6067 Ulsteinvik
- Utviklingsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her

Vedlegg

- 1 V1_Forslag til planprogram_rev_15052013
- 2 V2_Kartutsnitt med plangrense_M_1_1000
- 3 V3_Utsnitt kommuneplanens arealdel_Skalert
- 4 V4_Innspel til planarbeidet ved varsel om oppstart
- 5 V5_Situasjonsplan Huldal aust_M_1_1000
- 6 V6_Perspektiv_3D illustrasjonar nr 1-4
- 7 V7_ROS_analyse_sjekkliste

Saksopplysningar:

Som bakgrunn for planarbeidet vert det frå Bergsøy IL (BIL) opplyst at dei i framtida vil konsentrere utviklinga og utbygginga av sine anlegg til området ved Bergsøy stadion. I denne samanheng ønskjer dei å legge til rette for bustadbygging m.v. på eksisterande eigedomar/bane i Huldalen med sikte på seinare sal av dei nemnde eigedomane (gnr. 34 bnr. 165 m.fl.).

Det vart halde oppstartmøte saman med representant for BIL og utførande arkitekt Sporstøl Arkitekter AS den 24.05.2011. Hovudkonklusjonen frå dette møtet var at kommunen på visse vilkår ville tilrå at det vart utarbeidd plan. Vilkåra gjekk mellom anna på justering av planavgrensinga og krav om utarbeiding av planprogram. Sistnemnde var grunngeve med at tiltaket ikkje var i samsvar med overordna plan (kommuneplanen). Det vart i oppstartmøtet også gjeve tilbakemelding på at tiltaket ville krevje konsekvensutgreiing (KU) og at spørsmålet om oppstart måtte leggest fram for formannskapet saman med forslag til planprogram. Forslag til planprogram vart oversendt kommunen den 22.09.2011.

Formannskapet har tidlegare handsama planprogram for planarbeidet og vedtok samstundes at det kunne startast opp arbeid med privat reguleringsplan for eit avgrensa område i Huldalen. Konsulent gjennomførte varsel om oppstart av planarbeid, der planarbeid og planprogrammet blei kunngjort i avis og på nettsida til Herøy kommune. Planprogrammet blei lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til regionale instansar, grunneigarar og naboar. Innspel til planarbeidet følgjer som vedlegg nr 4 til denne saka.

Med bakgrunn i dei innspela som blei motteke og i etterkant av høyringsperioden, har det vore gjennomført møte mellom Utviklingsavdelinga, plankonsulent og representant frå tiltakshavar. I møte blei ein samde om å gå vidare med planarbeidet med sikte på utarbeiding av ein privat detaljreguleringsplan for området i Huldalen. Med bakgrunn i tilbakemeldingane (innspela) frå 1.gongs høyringsperiode, og då med særskilt omsyn til innspelet frå Møre og Romsdal fylkeskommune, blei det vurdert som naudsynt å utarbeide eit revidert planprogram med sikte på ny politisk behandling og 2.gongs høyring til regionale instansar, grunneigarar og naboar for å sikre medverknad i planarbeidet. Det ligg ikkje føre endringar i tidlegare varsla plangrense. Denne er på 39.3 daa som vist i vedlegg 2. Planprogram skal no vere utarbeidd etter reglane i PBL § 4-1. Programmet skal, etter vedtak i formannskapet, utleggast til offentleg ettersyn i minimum 6 veker og samtidig sendast aktuelle høyringsorgan til uttale. Evt. justert planprogram skal, etter høyringsperioden vedtakast av Formannskapet og legge rammer for det vidare arbeidet med utarbeiding av ein privat detaljreguleringsplan.

Vurdering

Rådmannen viser til at revidert planprogram av 15.05.2013 er meir utfyllande enn førre forslag til planprogram som har vore på høyring. Innhaldet i planprogrammet oppfyller no etter rådmannen si vurdering dei krava som blir stilt til eit slikt dokument i plan- og bygningslova (PBL) § 1-4. Planprogrammet skal, etter stadfesting, legge rammes for det vidare arbeidet med utarbeiding av eit privat planforslag med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Her skal planprogrammet blant anna gjere greie for; formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad spesielt i forhold til grupper som ein antek blir særleg råka, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Planprogrammet skal her vere tingingar av vidare utgreiingsarbeid (KU), der svara skal gjevast i konsekvensutgreiinga som ein del av planomtalen ved offentleg ettersyn / høyring av planforslaget.

Revidert planprogram er oppbygd med ein del I som inneheld ei skildring av planens innhald og rammeverk. Del II av planprogrammet inneheld program for konsekvensutgreiing (KU) som skal vere ein del av ein framtidig planomtalen ved offentleg ettersyn/ høyring av planforslaget.

Formål med planarbeidet:

Hovudformålet med det private planarbeidet er å legge rammene for utvikling av eit sentrumsnært og moderne utbyggingsområde sentralt i Fosnavåg. I tillegg vert det opplyst at ein søker å legge gode rammes for alternative områder for uteopphald/leik som erstatning for bortfall av dagens ikkje aktive idrettsbane. Tiltakshavar vil i løpet av planprosessen legge prosjektet og eigedomar ut for sal. I planprogrammet er moglege løysingar vist gjennom perspektiv / 3D-illustrasjonar og situasjonsplan. Desse følgjer som vedlegg til denne saka.

Slik det er skissert i planprogrammet med tilhøyrande illustrasjonar og situasjonsplan, vil det private planforslaget sjå nærare på ulike alternative utbyggingsmønster for bustadformål på noverande idrettsbane i Huldalen. Dei ulike alternativa vil innehalde formål som; nye bygningar, uteareal, parkering, tilkomstveg, utviding av barnehagen, gangveg, parkområde og leikeplassar. Gjennom planprogrammet blir det vidare vist til historikken rundt Huldalsbana som tidlegare idrettsarena i Fosnavåg sentrum. Hovudaktiviteten til BIL er i dag flytta til kulturhusområdet (Havila Stadion Fosnavåg), eit område som i dag har to godt tilrettelagde kunstgrasbaner som skal dekkje idrettsbehovet til BIL gjennom året. Området ved Havila Stadion Fosnavåg inneheld difor element som gir grunnlag for eit samla og varierende aktivitetstilbod for barn og unge, både gjennom organisert og uorganisert aktivitet. I planprogrammet blir nemnt at bruk av Huldalsbana som idrettsområde blir sett på som uaktuelt for BIL sine formål, sidan all idrettsaktivitet no er flytta ut av dette området og til Havila Stadion Fosnavåg. Når det gjeld friidrett, så er desse aktivitetane i dag lokalisert i hovudsak til Heidbana(Bendalen).

Planprosess

Planarbeidet skal følgje reglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter. Når det gjeld prosess for behandling av planforslag er det sett opp ein eigen framdriftsplan i planprogrammet. Konsulent har som mål å få godkjend ein reguleringsplan i løpet av januar – mars 2014. Rådmannen vurderer denne framdriftsplanen som realistisk og absolutt mogleg å gjennomføre innanfor skisserte rammes.

Medverknad og innspel til planarbeidet

Utover dei lovbestemte krava til medverknad, er det nemnt i planprogrammet ei utvida form for medverknad i form av eit ope folkemøte i forkant av planforslag til offentleg ettersyn. Bakgrunnen for folkemøte er å sikre reell medverknad før utarbeiding av eit forslag til detaljregulering. Rådmannen vurderer ei utvida form for medverknad som både riktig og viktig grep i denne plansaka, sett i høve formål, interesser og behovet for gjennomføring av konsekvensutgreiing. Ein vil også understreke at planforslaget må drøftast med særskilde grupper som ein del av den vidare planprosessen.

Når det gjeld dei innspela som har kome til 1.gongs høyring av planprogram, føreset rådmannen at desse blir kommentert og gjort greie for av konsulent som ein del av planomtalen til offentleg ettersyn. Det same gjeld innspel til planprogram ved 2.gongs høyring.

I høve innspelet som har kome frå Møre og Romsdal fylkeskommune til 1.gongs høyring av planprogram, er rådmannen av den oppfatning av at Fylkeskommunen går langt i å «diktere» kommunen sin arealbruk i denne saka. Møre og Romsdal fylkeskommune varslar at dei vil fremje motsegn til planforslaget;

**«Vi vil allereie no varsle at vi kan ha motsegn mot plana med utgangspunkt i interessane til barn og unge dersom desse ikkje er ivaretekne eller utgreidd tilstrekkeleg»
(Brev frå MRfylke, datert 10.02.2012).**

Gjennom dialog med Fylkeskommunen i samband med handsaming av revidert planprogram, er det stadfesta frå Fylkeskommunen at deira utsegn framleis står ved lag, og at det uavhengig av innhaldet i planprogrammet vil kome ei motsegn i denne saka med bakgrunn i barn- og unge sine interesser.

Rådmannen ynskjer vidare å gjere Fylkeskommunen merksam på at formannskapet, gjennom sitt tidlegare vedtak, har stilt seg positiv til at denne delen av Huldalen kan utnyttast til bustadformål framfor idrett. Endring av området til bustadformål er også sendt som innspel til rullering av kommuneplanens arealdel, og innspel er positivt handsama av arbeidsgruppa der ein tilrår at dette området blir teke inn i kommuneplanen som bustadområde.

Kommunen har avgrensa med areal i sentrumsområdet som er eigna til nye bustadformålet, og ser ei vidare satsing på bustader i sentrum som viktig og avgjerande for å kunne auke aktivitetsnivået i dagens Fosnavåg. Ein ser denne satsinga som eit viktig grep i høve vidare samfunnsutvikling og i høve det vidare grunnlag for eksisterande og nye funksjonar i sentrum. Rådmannen er av den oppfatninga av at dersom ein skal kunne auke aktivitetsnivået i sentrum, er ein avhengig av at det bur endå fleire innbyggjarar i sentrum som kan nytte seg av dei funksjonane som blir etablert.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Herøy kommune ved formannskapet har godkjent planprogrammet i møte av 07.09.2011. Når det gjeld avklaring i høve til om reguleringsplanen utløyser krav til konsekvensutgreiing, oppfattar vi det slik at Herøy kommune har lagt til grunn § 3 d i Forskrift om konsekvensutgreiingar, men at i høve til § 4 er det ikkje vist til konkret kriterie. Vi meiner både § 4 c og d vil utløyse krav til konsekvensutgreiing i denne saka.

MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

Barn og unge

Vi meiner det største konfliktpotensialet er knytt til eventuell endring av friområde til andre føremål, som utbyggingsføremål for bustadar. Dette er direkte i strid med kommuneplanen. Konsekvensane for barn- og unge må det difor leggast stor vekt på. Vi vil vise RPR for barn- og unge pkt 4 og 5. I punkt 5 d er det set krav om fullverdig erstatning ved omdisponering av areal som m.a er avsett til friområde. Det er særleg viktig å få tak i relevant informasjon om kva bruk arealet har hatt og har i dag ved å intervju barn- og unge. Gjennomføre barnetråkkregistrering kan vere viktig dersom dette ikkje er gjort tidlegare. Dette er også nyttig i høve til trafikktryggleiksvurderingane.

Vi finn at planprogrammet har med dei tema som er relevant for denne saka.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samfunnstryggleik

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og

sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklista ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: www.fmmr.no/sjekklister.

Naturmangfaldlova

Vi vil viser til naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Barn og unge

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området.

Støy

Støytilhøva må avklarast. Miljøverndepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*, med tilhøyrande rettleiar, skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Med helsing



Jon Ivar Eikeland (e.f)
Fung. samordnar

Kopi: Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sporstøl Arkitekter as
Pb 301
6067 ULSTEINVIK

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	21.12.2011	71060/2011/REGULERINGSPLAN	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	10.02.2012

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gbnr 34/165 m fl - Huldal Aust - Bergsøy IL - fråsegn til varsel om oppstart - offentlig ettersyn av planprogram

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

GENERELT

Innleiingsvis vil vi påpeike at oversendingsbrevet har manglar både innholdsmessig og utformingsmessig. Hovudpoenget med å varsle oppstart er å oppmode til aktiv medverknad i planprosessen. Ein reguleringsplan med krav om planprogram og konsekvensutgreiing er eit klart signal frå kommunen om at planen har eit visst konfliktpotensiale. Det vert difor viktig å kommunisere tydeleg kva idé som er tenkt realisert, og korleis prosessen vidare er tenkt gjennomført. Det er òg viktig å formidle om det er kommunen sjølve som er regulant, eller om det er ein privat oppdragsgjevar. Oppstartsvarselet skal vere enkelt oppsett, og språk og struktur slik at meinigmann kan forstå det.

Når det vert opplyst om at det skal haldast folkemøte, bør det første møtet tid- og stadfestast. Det er også viktig at ein gjer greie for kva vurdering og lovheimel som ligg til grunn for kravet om planprogram og konsekvensutgreiing.

Slik brevet er utforma, er det uryddig og uklart kva som er sett i gong og kva som skal utgreiast. Slik sett vil vi nok tilrå omarbeiding av planprogrammet med sikte på nytt ettersyn.

MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET

Disposisjon

Av oversendinga kjem frå at det ligg føre nokre mistydingar. I forslaget til planprogram som no er utlagd til høyring, ber regulanten kommunen om å ta stilling til spørsmålet om konsekvensutgreiing. Vi gjer merksam på at spørsmålet om konsekvensutgreiing skal vere avklart av kommunen før oppstart varslast. Det skal opplysast om lovheimel og kva vurdering som ligg til grunn for avgjerda. Særleg viktig er det å gjere greie for oppfangingskriteria etter forskrift om konsekvensutgreiing (§§ 3 og 4), då desse også er førande for utgreiingsbehovet. Det vesentlege med planprogrammet er nettopp å klargjere kva kunnskap som er nødvendig for å avdekke planen sine konsekvensar for miljø og samfunn, og dermed gjere avgjerdsgrunnlaget best mogleg. Planprogrammet må

derfor slikje klart mellom nosituasjon, og situasjonen som blir følgje av at planen vert realisert.

Utgreiingsbehovet skal liste opp alle tilhøve der det i dag ikkje er klarlagt tilstrekkeleg kva verknad planen vil ha for miljø og samfunn. I tillegg til å gjere greie for kva tema som skal utgreiast, bør det også gjerast greie for korleis og kven som skal gjere dette. Dette har også kommunen teke stilling til i sakspapira, men det er ikkje følgt opp i planprogrammet.

Planprogrammet skal i utgangspunktet fungere som "tinging" av utgreiingar, og som sjekklister etter kvart som utgreiingane er gjennomførde. Lovkommentaren til Plan- og bygningslova gjev fyldigare omtale.

Når det gjeld konkrete tema som må utgreiast, vil vi foreslå mellom anna følgjande:

- Verknadane av endra bruk av areala, med særleg omsyn for barn og unge. Vi viser her til Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, og rettleiar T2/08 til desse. Legg særleg merke til det som vert skrive kring krav om fullverdig erstatningsareal. Som registreringsmetode kan vi nemne "Barnetråkk" som aktuell. Sjå rettleiar om dette på Miljøverndepartementet sine nettsider. Behovet for leikeareal i området må dokumenterast.
- Verknaden plana får for skulekapasitet og tenestetilbod i området.
- Vurdering av eksisterande og behov for teknisk infrastruktur som følgje av utbygginga.
- Verknadane av at idrettsbana forsvinn, bør vurderast i eit folkehelseperspektiv. Vi viser mellom anna til den nye Folkehelselova som vart iverksett i år. Idrettsbaner krev for øvrig store areal, og det er ikkje lett å etablere slike inne i bustadområde. Av flyfoto ser vi at det er langt til næraste idrettsbane.
- Alternative lokaliseringar av utbygginga må vurderast. Alternativsvurderinga er eit sentralt element av ei konsekvensutgreiing. Sjå lovkommentaren til Plan- og bygningslova § 4-1 om planprogram og konsekvensutgreiing.
- Verknaden av nye bygningar, behovet for illustrasjonar og krav til desse. Kva førehald vert viktige å belyse? Korleis påverkar utbygginga bygningsmiljøet i området?
- Verknader av plana i høve til risiko og sårbarheit.
- Verknadene plana får i høve til auka trafikk, støy og liknande må vurderast.
- Det er krav om arkeologisk registrering for ein del av området.

Vi vil i tillegg peike på at forslaget framsett udokumenterte påstandar mellom anna om behovet for arkeologiske utgreiingar og om konsekvensar av plana i høve til forureining.

Som rammer for planlegginga må ein også nemne Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge og rettleiaren til desse, jamfør nedanfor. I tillegg bør avviket frå kommuneplanen omtalast og korleis dei planane påverkar kvarandre.

Planprogrammet skal gjere godt greie for den vidare prosessen, med opplegg for medverknad. Denne delen må vere utfyllande i høve til den politiske og framdriftsmessige prosessen, og det må kome fram korleis folkemøta skal varslast.

Når det gjeld oppbygging av planprogrammet kan vi bidra med vidare rettleiing.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege råd

I det vidare arbeidet med plana vil vi oppmode om at Miljøverndepartementet sin rettleiar for reguleringsplanlegging vert nytta. Konekvensutgreiinga vil i praksis vere kappitlet "verknader av plana" i planomtalen, jamfør pbl § 4-2. Planprogrammet er tinginga og konsekvensutgreiinga er svaret. Struktura på desse dokumenta må difor vere slik at dei let seg samanlikne, og innhaldet slik at det gjev reelt grunnlag for å konkludere.

Det er opplagt at plana har eit konfliktpotensiale i og med bortfallet av ei idrettsbane som ligg tett opp i etablert bustadområde og som venteleg er i bruk. Som utgangspunkt vil ein måtte rekne med at ein her utfordrar Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge, som Fylkeskommunen er sett til å forvalte. Det vert difor viktig å gjere greie for den faktiske bruken av bana, herunder kva rolle ho spelar som leikeområde for borna og for organisert idrett i nabolaget. *Vi vil allereie no varsle at vi kan ha motsegn mot plana med utgangspunkt i interessane til barn og unge dersom desse ikkje er ivaretekne eller utgreidd tilstrekkeleg.*

Automatisk freda kulturminne

Arkeolog frå kulturavdelinga har vore på synfaring i området. Mesteparten av arealet er nedbygd og har følgjeleg heller lågt potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det er likevel eit myrområde nord i området som må avklarast og vi vil difor melde krav om arkeologisk registrering, jf. lov om kulturminne § 9. Ut frå vår kjennskap til automatisk freda kulturminne i nærområdet er det først og fremst buplassar frå steinbrukande tid det er potensiale for her.

I følgje § 10 i lov om kulturminne er det tiltakshavar som må dekke utgiftene til registreringa. Arbeidet er rekna til å la seg gjennomføre innanfor rammene av eit vekeverk i felt, noko som gjev følgjande kostnadsoverslag:

1 veke feltarbeid à 30.000,-	30.000,-
3 dagsverk etterarbeid à 3.000,-	9.000,-
2 14C-prøver à 4.000,-	8.000,-
Sum	47.000,-

Det er naudsynt å bruke gravemaskin for å fjerne torvlaget i området, og vi gjer merksam på at utgifter til maskin ikkje er med i kostnadsoverslaget.

Vi gjer også merksam på at tinging av arkeologisk feltarbeid må vere skriftleg, og det må gå klart fram kven utgiftene skal fakturerast til.

KONKLUSJON

Planprogrammet som er lagt fram stettar berre delvis krava til eit planprogram, og er uklart i høve til både rammer for utbygging, prosess og konfliktpotensiale. Planprogrammet må difor omarbeidast vesentlig slik at det er i samsvar med dei krav lova sett til innhald og utforming. Det dokumentet som er sendt ut er etter vår vurdering ikkje eigna som høyringsdokument. Vi vil tilrå ny varslig med ei utforming slik at ein oppmodar til aktiv medverknad, og slik at folk kan forstå kva ide som er tenkt realisert.

Vi vil allereie no varsle at vi kan finne det aktuelt å fremje motsegn mot planane, dersom barn og unge sine interessar ikkje er tilstrekkeleg utgreidd eller ivaretekne. Saka har også

eit folkehelseperspektiv som må drøftast inngåande. Arkeologisk registrering for ein del av området må òg vere gjennomført før ein plan kan godkjennast.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgiver

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Trond Eilev Linge, tlf 71 25 88 40

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her
Herøy kommune



Statens vegvesen

Sportstøl Arkitekter AS
Boks 301
6067 ULSTEINVIK

MOTTATT 8 FEB 2012

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2011/190357-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.02.2012

Varsel om oppstart av planarbeid Huldal aust i Herøy kommune. Uttale.

Viser til varsel i e-post av 21.12.2011 frå Sportstøl Arkitekter AS om oppstart av planarbeid for Huldal aust i Herøy kommune.

Frå Statens vegvesen si side har vi i denne omgang ingen merknad/innspel til varsla planarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune
Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 815 44 040
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Sporstøl Arkitekter AS
Boks 301
6067 Ulsteinvik

MOTTATT 13 FEB 2012

Sign

HULDAL
BARNEHAGE

HULDAL
FORELDREEIDE
BARNEHAGE

Huldal
6090 FOSNAVÅG

Telefon: +47 70 08 96 09
E-post: post@huldal-barnehage.no

Bankkonto: 3910 37 25600
Foretaksnr.: 983 616 739

Dykkar referanse:
Renate S Paulsen

Skrevet av:
Renate Paulsen

Dokument navn:
Merknader til varsel om oppstart
av planarbeid for Huldal aust.

Dato:
07.02.12

Side 1 av 3

Merknader til planarbeid og planprogram for Huldal aust

Styrrar i Huldal foreldreeigde barnehage og prosjektleiar Bjørnar Sporstøl møttest til eit møte og befaring i Huldal barnehage og området ikring den 19.01.12. Prosjektleiar informerte om varslingsdokumenta.

Styrer ved barnehagen informerte generelt om barnehagen med hensyn til antall barn, ansatte, trafikkforhold, bevegelses- og bruksmønster, arealbehov, fysiske omgivelser m.m. .

Dette møtet gav oss von om at barnehagen sine interesser skal verte godt ivaretekne i denne prosessen med ei framtidig omregulering til bustader på fotballbana og ikring liggande areal.

Huldal foreldreeigde barnehage har i styremøte 03.02.12 orientert seg i høve det utsendte varselet om oppstart av planarbeid på planprogram for Huldal aust.

Barnehagen ser positivt på ei utbygging av bustader i vårt nærrområde. Vi ser at det kan medføre ei rekrutering av potensielle brukarar av barnehagen i framtida.

Vi er sjølvsagt opptekne av å sikre oss nok areal til uteleik og tilgang til friområde i nærleiken av barnehagen.

Sidan oppstart av barnehagen for 20 år sidan har vi boltra oss i areal på bana. Slik sett er vi godt vande. Samtundes har vi sakna ei fast innegjerding av barnehagen sitt uteområde i front av bygget/på bana. Det har ikkje lete seg gjere å endre på dette så lenge bana har vore nytta til fotball. Sikkerheit og tryggleik står i høgsetet i vår barnehageverden. Eit fullstendig innegjerda uteleikeområde har stått på vår ønskeliste lenge. No håper vi å kunne få på plass dette, ved å nytte oss av opsjonen på kjøp av areal i front av tribuna, som vi har avtalt med fotballgruppa når vi kjøpte huset og det resterande arealet vi har hand om i dag.

Vidare følgjer merknader vi finn viktige i denne prosessen:

- **Avgrensning og sikring av området for barnehagens aktivitet:** Vi finn det særskilt viktig å presisere at barnehagen ynskjer ei raskast mogleg avklaring av opsjonsområdet. Det må i ei tidlig fase avklarast kva som vert barnehagens framtidige leikeområde på bana, slik at dette kan utbyggast, sikrast og inngjerdast.

Det er særskilt viktig at dette er gjort før den planlagte utbygging av området vert sett i gang. Med ei så pass stor utbygging av eit område vil vi i lang tid vere nabo med eit anleggsområde. Derfor ser vi det som ei føresetnad for sikkerheita for dei små, at vi kan vere ferdig med ny innegjerda leikeplass den dagen tunge maskiner og anleggstrafikk kjem i gang rundt oss. Å legge til rette for nye leike-uteoppholdsareal som buffer mellom barnehage og ny bebyggelse er ønskelig. Vi ser med spenning fram mot ei ny skisse over området slik det eventuelt kan verte.

- **Arealbehov:leike og oppholdsarealparkering/totalt tomtebehov:** Barnehagen har i dag godkjenning på 1763 m² leikeareal ute. Inne er leike og opphaldsarealet 242,5 m². Parkering på ca 1000 m². Det totale arealbehovet / kravet for ein barnehage etter vår størrelse er eit samla totalareal på 2600 m². I og med at Huldal foreldreeigde barnehage berre eig halva av den eksisterande opparbeidde leikeplassen i enden av bana, ser vi føre oss å opparbeide ny leikeplass i front av tribuna. Slik vil vi samle aktiviteten vår betre. Vi viser til opsjonsavtalen om kjøp av tilleggsareal fra Bergsøy IL for å kunne støtte dette. Barnehagen ynskjer her ei antydning på kvadratmeterpris fra Bergsøy IL. Om utbyggjar vil kunne nytte seg av det arealet som i dag ligg som leikeplass kan vi einast om dette via sal av areal/eventuelt bytte.
- **Parkering:** Dagens plassering av parkeringsplass vil vi skal oppretthaldast, men adkomst kan med fordel tilknyttas ny veg i planområdet. Dette grunnet noko bratt adkomst mellom dagens parkering og kommunevegen.
- **Akebakke:** Det er ønske om å kunne anlegge akebakke nord av barnehagebygget. Pr.d.d vert det aka i hellinga parallellt med dagens leikeplass. Vi ser at den nok vil verte bebygd.
- **Sikring av fjellvegg i sør:** I samband med planarbeidet og gjennomføring /sprengning for tunnel/anlegg med ny innfartsveg har barnehager påpekt faren for stein kan løsne fra fjellveggen. Bhg påpeiker og etterlyser geologiske undersøkingear og sikringstiltak i samband med dette. Fylkesgeologen har vore kontakta i denne saka.
- **Barnehagen sin bruk av nærområdet for turer m.v.:** Vi er opptekne av å ha fri tilgang til turområder i nærmiljøet. Sikker veg med fortau når vi kjem ut om gjerdet er ei forutsetning for tryggleik for både små og store.
- **Generell bruk av grusbana og dagens trafikkmønster for gåande og syklende:** Stiforbindelser mellom Huldalsveien, grusbana og vidare mot Fosnavåg sentrum vert påpeika. Mange gåande trafikkerer over bana i det daglige. Vi anser det som viktig at det fortsatt vert høve til dette.
- **Anna:** Det påpeikast at det er problem med vannansamling i sørenden av bana ved barnehagen, samt i skråninga ved grillplassen sør om barnehagebygget.

Vi håper at dette vil betre seg når nye vegar med avløp, dreneringsanlegg i området vert etablert.

Vi vil vere tett med i den vidare prosessen og ser lyst på framtida her i Huldalen !

Renate Sævik Paulsen

Styrar



Stian Elveseter

Styreleiar



Bjørnar Sporstøl

Fra: Bjørnar Sporstøl
Sendt: 24. januar 2012 10:08
Til: 'post@huldal-barnehage.no'
Kopi: Hallvar Ulfstein (hallvar.ulfstein@havila.no)
Emne: Møte og befaring 19-1-2012 - Møtenotat - VARSEL OPPSTART
PLANARBEID OG INNHENTING AV HØRINGSUTALER PÅ PLANPROGRAM
HULDAL AUST- HERØY KOMMUNE

Til:
Huldal Foreldreeigd Barnehage BA
V/Styrer Renate Sævik Paulsen
Huldal
6090 Fosnavåg

Møte og befaring 19-1-2012 – Møtenotat:

VARSEL OPPSTART PLANARBEID OG INNHENTING AV HØRINGSUTALER PÅ PLANPROGRAM HULDAL AUST- HERØY KOMMUNE

I samband med varsel om planstart og innhenting av høringsuttaler på planprogram hadde vi ett møte med befaring den 19.1-2012 kl. 1000 -1130.

Møtet var ett første møte mellom styrer for barnehagen og undertegne.

Undertegnede informerte om varslingsdokumentene.

Styrer ved barnehagen informerte generelt om barnehagen med hensyn til antall barn, ansatte , trafikkforhold, bevegelses- og bruksmønster, arealbehov, fysiske omgivelser m.m. .

Videre ble det drøfte mulighet for å avholde informasjonsmøte for grunneiere, naboer og andre i samband med planarbeidet/planprogrammet .

Jeg har merket meg følgende med hensyn til det barnehagen anser som viktig for det videre planarbeidet:

- **Barnehager har som mål:** Er å fortsatt ha drift som dagens omfang på antall barn og ansatte. Det opplyses at det er 2 avdelinger: 1 stk. avd. 1-3 år med 12 plasser, 1 stk. avd. 3-6 med 24 plasser . I tillegg er det ca. 10 tilsette.
- **Avgrensning og sikring av området for barnehagens aktivitet:** Dette må i en tidlig fase avklares hva som blir barnehagens område slik at dette kan sikres og inngjerdes. Dette er og spesielt viktig i samband med den planlagte utbygging av området. Å legge nye leike- uteoppholdsareal som buffer mellom barnehage og ny bebyggelse er ønskelig.
- **Arealbehov:** Barnehagen har i dag godkjenning på 1800 m2. Behovet etter krav/regelen er på 2600 m2. Det vises til opsjonsavtale om kjøp av tilleggsareal fra Bergsøy IL for å kunne støtte dette. Barnehagen ønsker her en antydning på kvadratmeterpris fra Bergsøy IL.
- **Parkering:** Dagens plassering av parkeringsplass opprettholdes, men adkomst kan med fordel tilknyttes ny veg i planområdet. Dette grunnet noe bratt adkomst mellom dagens parkering og kommunevegen.
- **Akebakke:** Det er ønske om å kunne anlegge akebakke nord av barnehagebygget.
- **Sikring av fjellvegg i sør:** I samband med planarbeidet og gjennomføring /sprengning for tunnel/anlegg med ny innfartsveg har barnehager påpekt faren for stein kan løsne fra fjellveggen. Påpeker og etterlyser geologiske undersøkinger og sikringstiltak i samband med dette. Dette bør rette mot kommunen og plane det gjeld.
- **Barnehagens bruk av nærområdet for turer m.v.:** Turområder/-mål er Blåbærhammaren, Kleivaryggen, Heid m.m..
- **Generell bruk av grusbanen og dagens trafikkmønster for gående og syklende:** Stiforbindelser mellom Huldalsveien, grusbanen og videre mot Fosnavågsentrum påpekes. Dette vil bli gjenstand for vurderinger i det videre planarbeidet.

- **Annet:** Det påpekes at det er problemer med vannansamling sørenden av banen ved hanhagen, samt i skråningen ved grillplassen sør om barnehagebygget. Dette vil bedre seg når nye veger med avløp, dreneringsanlegg i området vert etablert.

Infomøte:

- Vi vil i lag med kommunen vurdere omfang og plassering. Bekrefter at Dere kan stille rom i barnehagebygg til dip. På kveldstid. Antydnet tidspkt. 1800-1930... Kapasitet er ca 25 personer. Vi vil komme tilbake med mer konkret opplegg om bruk av barnhagen skulle bli aktuelt.

Om det har tilføyelser til dette så er det bare å ta kontakt.

Hilsen

Bjørnar Sporstøl

Prosjektleder/ Byggeleder

E-post Direkte. bjornar@sporstol.no

Telefon. 70 01 85 50

Mobiltelefon. 91 86 87 94

Sporstøl Arkitekter as	Telefon.	70 01 85 50
Postboks 301	E-post	firmapost@porstol.no
6067 ULSTEINVIK	web	www.sporstol.no



PROSJEKTNUMMER 1538	Huldal	Situasjonsplan	REV	DATO	BESKRIVELSE	SIGN
TEGNINGSNUMMER A001			MÅLSTOKK 1 : 1000	S P O R S T Ö L		DATO 15.05.2013

REV	DATO	BESKRIVELSE	SIGN
	MÅLSTOKK 1 : 1000	S P O R S T Ö L	
	DATO 15.05.2013		




REV	DATO	BESKRIVELSE	SIGN
		INLETTOK	
	15.05.2013		

Huldal

Perspektiv III

S P O R T S T O L

PROSJEKTNUMMER	1538
TEKNIKERNUMMER	A303



REV	DATO	BESKRIVELSE	SIGN
MASTRIK			
	DAT	S P O R S T Ø I L	
	DAT	15.05.2013	
#1538 Huldal S/T Regiohaldning/teknisk/Reg. plan 15.05.2013			

Perspektiv IV

Huldal

PROSJEKTNUMMER
1538
 TEKNISKTJENESTE
A403

Vedlegg 04

SAK: PLANPROGRAM
DETALJREGULERING for Huldal aust - Herøy kommune.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga.

Rundskriv T-5/97 *Arealplanlegging og utbygging i fareområde* slår fast at kommunen har ein sjølvstendig plikt til å undersøkje med omsyn til farar både ved utarbeiding av arealplanar og ved vurdering av dele- og byggjetillatingar. Kommunen er ansvarleg for å foreta dei naudsynte forundersøkingane og for at resultatet av desse vert lagt til grunn i den vidare planlegginga. Skulle det oppstå skade som kunne vore unngått gjennom ein betre planprosess, vil kommunen kunne få eit økonomisk ansvar.

Fylkesmannen har som ei teneste til kommunane utarbeidd ei sjekkliste som gir ein standardisert og forenkla framgangsmåte for slike undersøkingar i **dispensasjonssaker, byggjesaker og reguleringsplanar/reguleringsendringar**. Ved utarbeiding av kommunedelplanar eller kommuneplanens arealdel bør ei meir omfattande ROS analyse ligge til grunn.

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Der ein finn at det truleg eksisterar risiko må kommunen sjå til at det hentas inn tilstrekkelig fagkyndige vurderingar før planen vedtas eller byggeløyve vert given. Ev. må det hentas inn ekspertundersøking av risikoen.

Sjekklista er ikkje fullstendig utfylt før den er datert og signert av den som går igjennom sjekklista.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

SAK: PLANPROGRAM

DETALJREGULERING for Huldal aust - Herøy kommune.

TILTAKSHAVER: **Bergsøy IL (BIL) – Boks 12 - 6099 Fosnavåg**

FORSLAGSTILLER: Sporstøl Arkitekter AS, Att. Bjørnar Sporstøl – Vikemyra 1 - 6065 Ulsteinvik

Tlf: 700 18 760 – Mail: firmapost@sporstol.no – WEB: www.sporstol.no

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	merknad
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	x		
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x		
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	Det vil bli gjennomført undersøkelser av grunnforhold av geolog.
	d	Er området utsett for flaum/flaumskred?	x		
	e	Er det registrert radon i grunnen?	x		
	f	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	x		
	g	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo?	x		
	h	Anna (spesifiser)?	x		
Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	x		
	b	Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	x		
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	x		
	d	Anna (spesifiser)?	x		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	x		
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	x		
Brann-/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?		x	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnett i området?	x		
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x		

	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skole/barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	x		Området har godt utbygd infrastruktur med gangveger og fortau mot sentrum
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	x		
Krafftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	x		
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	x		
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x		
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet ? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon/spillvatn?	x		
	b	Er det vassforsyning/drikkevatt i området	x		
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?		x	Huldal Barnehage er del av planområdet
	d	Er det omsorgs- og oppvekst-institusjonar i området?		x	D.o.
Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x		
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	x		
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x		
	d	Anna (spesifiser)?	x		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	x		
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x		

Sjekklista er gjennomgått den 15/5 - 2013 av *sign:* _____

Bjørnar Sporstøl



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/227
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
123/13	Formannskapet	02.07.2013

PER KRISTIN FRØYSA GNR. 21/1 INNLØYSING AV DRIFTSBYGNING.

Tilråding:

Herøy kommunen står ved tilbudet sitt til grunneigaren framsett i brev av 06.09.94 om at kommunen tek på seg å koste rivinga av bygget og at grunneigaren får behalde taksteinen.

Kommunen sine kostnader med rivinga vert dekt av disposisjonsfondet.

Særutskrift:

- Per Kristian Frøysa, Frøystadvåg, 6095 Bølandet
- Egedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- F-sak 86/13 med vedlegg.

Saksopplysningar:

Formannskapet gjorde slikt vedtak i F-sak 86/13 i møtet 14.05.13:

«Formannskapet ber om at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga på egedomen.»

Det er gjennomført tingingar med grunneigaren, sist i møte 19. juni d.å. Grunneigaren har kome med slik innspel i e-post datert 19.06.13:

«Viser til forhandlingsmøte i dag kl 14.

Vi sit i dag med ei bygning som kommunen i klartekst har sagt bør rivast, fordi den står altfor nær kommunevegen, og den representerer ein trafikkfare på grunn av siktforholda i krysset.

Kommunen vedtok i 1994 å ta på seg kostnaden med å rive bygget, men ville ikkje betale noko erstatning.

Bygninga var då brukt som reiskapshus og traktorgarasje, og dåverande eigar synest det var urimeleg at ho skulle byggje nytt reiskapshus, utan at det vart betalt erstatning for den gamle driftsbygninga.

Noverande eigarar har i brev av 12.06.12 tilbode kommunen å rive driftsbygninga, og kravde i tillegg ei erstatning på 50.000 kr.

Forstår gjennom forhandlingane at det kan sitje langt inne å få ut ei erstatning, og vi vil ikkje risikere at bygninga si framtid framleis skal vere i det uvisse.

Vi aksepterer difor kommunen sitt tilbod frå 1994 om å ta på seg kostnadane med rivinga av bygget, og fråfell erstatningskravet.

Med eit positivt vedtak i formannskapet om dette, vil vi rive taksteinen i løpet av skuleferien, og kommunen må då syte for at bygget blir reve før hauststormane set inn.

Vi reiv i fjor eternittkledninga som var på bygget, og leverte den til deponi.

Den består no berre av naturstein, simpel betong og reint treverk.»

I F-sak 86/13 vart det lagt til grunn at grunneigaren ville ta på seg å rive bygninga for 50.000 kr. Dette viser seg å vere ei mistyding. Kravet i brevet av 12.06.12 er slik å forstå at kommunen kostar rivinga av driftsbygninga og at grunneigaren i tillegg får ei erstatning på kr 50.000 kr.

Grunneigaren fråfell no kravet om erstatning. Dette betyr at grunneigaren godtek tilbodet som vart framsett i brev av 06.09.94, at kommunen tek på seg å koste rivinga av bygget og at grunneigaren får behalde taksteinen.

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at kommunen står ved tilbudet sitt til grunneigaren framsett i brev av 06.09.94 om at kommunen tek på seg å koste rivinga av bygget og at grunneigaren får behalde taksteinen.

Då dette var ukjende kostnader då budsjettet for 2013 vart vedteke, rår eg til at kostnaden med rivinga vert dekt over disp.fondet.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen


Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 20.06.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Fellessekretariatet

Per Kristian Frøysa

Frøystadvåg
6095 BØLANDET

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2013/227			FEL / BRB	16.05.2013

F-SAK 86/13. INNLØYSING AV DRIFTSBYGNING I FRØYSTADVÅG GNR 21, BNR 1.

Vedlagt følger F-sak 86/13.


Formannskapet handsama saka i møte 14.05.2013 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet ber om at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga på eigedomen.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:
Eigedomsavdelinga her
Utviklingsavdelinga her
Økonomiavdelinga her



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/227
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
86/13	Formannskapet	14.05.2013

INNLØYSING AV DRIFTSBYGNING I FRØYSTADVÅG GNR 21, BNR 1.

Tilråding:

Formannskapet ber om at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga på eignedomen.

Møtebehandling:

Ass. Rådmann møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet ber om at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga på eignedomen.

Særutskrift:

- Per Kristian Frøysa, Frøystadvåg, 6095 Bølandet
 - Egedomsavdelinga
 - Utviklingsavdelinga
 - Økonomiavdelinga
-

Vedlegg:

- F-sak 85/94
- Brev til Synnøve Frøystadvåg datert 06.09.94.
- Brev frå Per Kristian Frøysa datert 12.06.12.

Saksopplysningar:

I formannskapsmøte 04.05.94 vart det gjort slikt vedtak i F-sak 85/94:

«Saka vert utsett.»

Saka kom opp igjen i formannskapsmøte 08.06.94 i F-sak 128/94 der det vart gjort slikt vedtak:

«Det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21 bnr 1 om innløyseing av gamal driftsbygning og areal rundt, avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og av reguleringsgrensa i sør og vest.»

I brev av 06.09.94 kom kommunen med tilbod om å innløyse grunnen til kr 8,- pr m², koste rivinga av bygget og late grunneigaren behalde taksteinen.

I brev av 12.06.12 tilbyr grunneigaren seg å rive driftsbygninga mot ei erstatning på 50.000 kr.

Utviklingsavdelinga har kome med slik uttale i saka 19.04.13:

«Ein konkluderte med at kommunen ikkje vil ta stilling til saka før ein har "landa" arealdelen av kommuneplanen med omsyn til vidareutvikling av området.»

Kommunen hadde ein gjennomgang av saka med Per Kristian Frøysa 22.04.13. Han skriv så slik i e-post av 24.04.13:

«Utifrå det som kom fram under samtalan, ser eg ingen grunn til at denne saka skal knytast opp mot "landing" av arealdelen av kommuneplanen. Det kom ikkje fram noko innspel i kommuneplanen, eller hensyn til vidare planarbeid, som skulle påvirke denne saka.

Vi synest difor det er heilt urimeleg å sitje på denne saka i 10 månadar, for så å utsetje den mange månader til. Driftsbygninga har fått ytterlegare skader i ventetida, og det er ikkje forsvarleg at den blir ståande slik lenger. No må den enten restaurerast eller rivast.

Kommunen har gjennom tidlegare vedtekne planer lagt opp til at driftsbygninga skal fjernast, men det er aldri gjort noko formelt vedtak. De har 12.06.12 fått eit heilt konkret tilbod om å inngå frivillig avtale om å fjerne bygninga, og må snart kunne ta standpunkt til det.

Ber om at saka blir lagt fram for formannskapet ved første høve.»

Vurdering og konklusjon:

Denne saka handlar no om gamal driftsbygning på gnr. 21, bnr. 1. Kommunen har i F-sak 128/94 og i brev av 06.09.94 tilbode seg å koste rivinga av driftsbygninga. I brev av 12.06.12 tilbyr grunneigaren seg å rive bygninga for 50.000 kr. Grunneigaren har signalisert at det kan vere rom for å forhandle om prisen for rivinga.

Ut frå det som ligg føre i saka, vil eg etter ei samla vurdering rå til at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 29.04.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



HERØY KOMMUNE

Rådmannen

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

Arkiv: Rådm -
Vår ref.: OKR
Journal: 94/00740 Dok - 5

Fosnavåg, 09.05.94

Utval	Saksnr	Møtedato	Arkiv
Formannskapet	128/94	08.06.94	-L12

INNØYSING AV GRUNN OG DRIFTSBYGNING. FRØYSTAD.

BOKFØRING I FORMANNSKAPET

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.


Formannskapet har vedteke:

Det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21 bnr. 1 om innløysing av gamal driftsbygning og areal rundt, avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og av reguleringsgrensa i sør og vest.

Vert med vedlegg sendt Synnøve Frøystadvåg, 6095 Bølandet.

Vi vil kome tilbake for å avklare tid for forhandlingar.

Fosnavåg, 15.06.94.


Oddbjørg Remøy
e.f.



HERØY KOMMUNE

RÅDMANNEN

Ref.: OKR/
Arkiv: Rådm - 4.12
Journal: 94/00740 Dok - 4

Fornannskapet, 04.05.94
F-sak 85/94
Fosnavåg, 25.04.94

Til: Fornannskapet

INNLEYSING AV GRUNN OG DRIFTSBYGNING. FRØYSTAD.

Vedlegg: -kart

SAKSOPPLYSNINGAR:

Synnøve Frøystadvåg, eigar av gnr. 21 bnr. 1, skriv slik til Herøy kommune i brev av 22.02.94:

"Viser til reguleringsplan for Frøystad, vedteken av Herøy kommunestyre 25.06.75, og stadfesta av fylkesmannen i Møre og Romsdal 30.09.76.

EG ber herved kommunen om å innløse arealet som er regulert til vegføremål for omlegging av kommunevegen over min eigedom, ca. 1,8 da.

Den gamle driftsbygninga som ligg teit utanfor det regulererte området, vert i dag nytta til verkstad og reiskapslugar. Vi har no planar om å byggje om bygninga for å gjere den meir funksjonell til dette bruk.

Etter å ha studert reguleringsplanen fryktar vi at bygninga kan bli krøvd fjerna når kommunevegen skal utbeirast. Vi ynskjer ei avklaring på dette før vi går vidare med planlegginga av restaureringsarbeidet, då det vil vere bortkasta arbeid og pengar både for oss og kommunen, dersom bygninga vert ekspropriert etter at restaureringsarbeidet er utført.

Dersom innløysingsvedtak vert gjort no, er vi villige til å la kommunen rive bygninga mot ei rimelig godtgjerelse, og avstå naudsynt grunn til vegomlegging ved friviljug avtale."

Kommunen har løyst inn all vegggrunn innanfor reguleringsgrensene. Driftsbygninga som Synnøve Frøystadvåg ber om vert innløyst, ligg utanfor det regulererte området.

Teknisk etat har gitt slik uttale:

"Det vert vist til brev frå rådmannen av 04.03.93 der ein bed teknisk etat om å kome med ein uttale vedk. innløysing av vegggrunn frå gbnr. 21/1 på Frøystad.

Grunneigar bed om at kommunen tek stilling til kva som skal gjerast med den gamle driftsbygninga når ny veg vert bygd. Ein er villeg til å la denne rivast dersom dette er naudsynt for ny veg.

Kommunen har kjøpt inn all vegggrunn til ny fylkesveg innanfor det regulererte området. Føring er det klart at driftsbygninga som ligg like utanfor reguleringsområdet vil kome i berøring med vegen. Det er lagt opp til 4,5 m vegbreidd, og 3 m buffer på kvar side (det er førebels ikkje teikna ut skjæring og fylling). Driftsbygninga vil kome inn på bufferområdet, og ligg dessutan langt innanfor byggegrensa langs vegen. Siktførhølda i krysset antar bygninga tilseier også at bygninga representerer ein trafikkfare.

Vurderingane ovanfor pekar mot den konklusjon at driftsbygninga bør fjernast. Kommunen kan soleis med fordel nytta seg av tilbøddet frå grunneigar om frivilleg avståing av bygninga. Det vil samstundes vere naturleg å løyse inn arealet rundt, dvs. avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og reguleringsgrensa i sør og vest.


Teknisk sjef rår med dette til at kommunen tek sikte på å gjere innløysingsvedtak basert på ein frivilleg avtale med grunneigar."

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21 bnr. 1 om innløysing av gammel driftsbygning og areal rundt, avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og av reguleringsgrensa i sør og vest.


Thoralf Andréassen


Oddbjørg Remøy



0,8da

LEIK
0,4da

2,2da
J

K

3,0da

5,0da

1,2da

FORRETNING
N

21/23

FVT-17

VEG 5,0da

Frøystadvæg

JORDBRUK =

29,6 da

21/1

RIK VEG 854

258

259

*af 1/2
pudumma*

$A=235,845$
 $R=600$

$R=600$
 $A=225$

2.
PAI

7,5

8,8

30,0

4=23

R=30

257

124

20/16

GV 10

20/12

20/22

20/23

20/24

20/25

20/26

20/27

20/28

20/29

20/30

20/31

20/32

20/33

20/34

20/35

20/36

20/37

20/38

20/39

20/40

20/41

20/42

20/43

20/44

20/45

20/46

20/47

20/48

20/49

20/50

20/51

20/52

20/53

20/54

20/55

20/56

20/57

20/58

20/59

20/60

20/61

20/62

20/63

20/64

20/65

20/66

20/67

20/68

20/69

20/70

20/71

20/72

20/73

20/74

20/75

20/76

20/77

20/78

20/79

20/80

20/81

20/82

20/83

20/84

20/85

20/86

20/87

20/88

20/89

20/90

20/91

20/92

20/93

20/94

20/95

20/96

20/97

20/98

20/99

20/100

20/101

20/102

20/103

20/104

20/105

20/106

20/107

20/108

20/109

20/110

20/111

20/112

20/113

20/114

20/115

20/116

20/117

20/118

20/119

20/120

20/121

20/122

20/123

20/124

20/125

20/126

20/127

20/128

20/129

20/130

20/131

20/132

20/133

20/134

20/135

20/136

20/137

20/138

20/139

20/140

20/141

20/142

20/143

20/144

20/145

20/146

20/147

20/148

20/149

20/150

20/151

20/152

20/153

20/154

20/155

20/156

20/157

20/158

20/159

20/160

20/161

20/162

20/163

20/164

20/165

20/166

20/167

20/168

20/169

20/170

20/171

20/172

20/173

20/174

20/175

20/176

20/177

20/178

20/179

20/180

20/181

20/182

20/183

20/184

20/185

20/186

20/187

20/188

20/189

20/190

20/191

20/192

20/193

20/194

20/195

20/196

20/197

20/198

20/199

20/200

20/201

20/202

20/203

20/204

20/205

20/206

20/207

20/208

20/209

20/210

20/211

20/212

20/213

20/214

20/215

20/216

20/217

20/218

20/219

20/220

20/221

20/222

20/223

20/224

20/225

20/226

20/227

20/228

20/229

20/230

20/231

20/232

20/233

20/234

20/235

20/236

20/237

20/238

20/239

20/240

20/241

20/242

20/243

20/244

20/245

20/246

20/247

20/248

20/249

20/250

20/251

20/252

20/253

20/254

20/255

20/256

20/257

20/258

20/259

20/260

20/261

20/262

20/263

20/264

20/265

20/266

20/267

20/268

20/269

20/270

20/271

20/272

20/273

20/274

20/275

20/276

20/277

20/278

20/279

20/280


20/281

20/282


20/283

20/284

20/285



HERØY KOMMUNE
25.09.2012 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



RÅDMANNEN

Dato: 06.09.94
Journal: 94/00740 Dok - 9
Arkiv: Råd - -L12
Vår ref.: OKR
Dykkar ref.:

Synnøve Frøystadvåg

6095 Bølandet

INNØYSING AV GRUNN OG LÅVEBYGG, FRØYSTAD


Eg viser til møte 4. juli d.å der Per Kr. Frøysa og Roy Arne Frøystadvåg møtte på Dykkar vegne.

På grunn av sjukepermisjon og ferieavvikling har vi dessverre ikkje gitt noko tilbakemelding til Dykk før no.

Formannskapet drøfta saka i møte 6. juli. Dei meinte at kr. 8,- pr. m2 for grunnen var i orden. Men det var ikkje stemning for å betale noko for driftsbygninga. Kommunen tek på seg å koste rivinga av bygget. Vi forsto det slik at De ynskte å behalde taksteinen. Det skulle vere i orden.

Dersom De framleis er interresert i ein avtale med kommunen, i tråd med dei signal som vi har fått frå formannskapet, høyrer vi frå Dykk.


Thorleif Andreassen


Oddbjørg Remøy

Kopi: Teknisk etat

Per Kristian Frøysa
Frøystadvåg
6095 BØLANDET

Herøy kommune
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
12.06.12 Reg nr	Saksbeh
13 JUNI 2012	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr	Dok nr
Kassasjon	

INNLØYSING AV DRIFTSBYGNING I FRØYSTADVÅG GNR 21, BNR 1

Viser til F-sak 128/94, og skriv frå Rådmannen i Herøy 06.09.94, journal 94/00740 Dok-9.

Dåverande eigar av driftsbygninga fann det heilt urimelig at kommunen ville ha driftsbygninga fjerna av omsyn til regulert veg, og trafikktryggleik i vegkrysset, utan å betale noko form for erstatning. Sjølv om driftsbygninga var gamal, hadde den ein bruksverdi som lager for redskap, bygningsartikler, ved m.m.

Bygninga har vore brukt vidare som lagerbygning, men med eit rivingsvedtak hengende over, har bygninga ikke vorte vedlikehalden. Den er no også påført skade i orkanen.

For å få avklart situasjonen tilbyr vi igjen kommunen å rive driftsbygninga, mot ei erstatning på 50.000 kr. Vi meiner på linje med tidlegare eiga at det er rimelig med ei lita erstatning, sidan det er kommunen som ynskjer bygninga fjerna. Driftsbygninga har no vore i bruk som lagerbygning i 18 år sidan denne saka sist var til vurdering, og bygninga har framleis ein viss bruksverdi.

Driftsbygninga må no enten utbetrast, eller rivast, så vi ber om rask tilbakemelding på om kommunen godtek vårt tilbud.

Med helsing

Inger-Lise Frøystadvåg
sign.




Per Kristian Frøysa

Vedlegg:

F-sak 85/94, 04.05.94

F-sak 128/94, 08.06.94

Rådmannen i Herøy 06.09.94, journal 94/00740 Dok-9.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/631
		Arkiv:	K10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
124/13	Formannskapet	02.07.2013

FORVALTNINGSPLAN FOR RUNDE, GRASØYANE OG GOKSØYRMYRA - HØYRINGSUTTALE

Tilråding:

Formannskapet tek framlegg til «Forvaltningsplanen for Runde, Grasøyane og Goksøyrmýrane» til vitande.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset 6404 MOLDE

Vedlegg

1 Høyring forvaltningsplan Runde 09-05-2013.pdf

Saksopplysningar:

Forvaltningsplan for Runde og Grasøyane fuglefredingsområde og Goksøyrryane naturreservat vart sendt på høyring frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal i perioden 15.5.2013-1.7.2013.

Om forvaltningsplanen:

Føremålet med fredinga av Runde er «å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, serleg med omsyn til sjøfuglkoloniane.»

Bakgrunnen for vernet var for å sikre folk mot å klatre i fuglefjella, etter at det hadde skjedd ei dødsulukke der.

Føremålet med fredinga av Goksøyrryane er «å ta vare på eit myrområde med terrengdekkande myr, ein myrtype og myrvegetasjon som har vore vanleg i kyststrøka, men som på grunn av ulike former for inngrep har vorte sjeldan i god og typisk utforming.»

Forvaltningsplanen gjer greie for eigedomstilhøva i området med brukshistorie og kort om dei naturfaglege verdiane på Runde og Goksøyrryane. Planen gjer greie for det viktigaste fugle- og dyrelivet med utviklingstrekk for eit utval av fugleartane på Runde med ei kortfatta oversikt over truslane mot fugle- og dyrelivet. Dei fleste av truslane er faktorar som ikkje vert regulert av verneforskrifta og forhold som ligg utanfor kommunen og fylkesmannen sin kontroll.

I arbeidet med planen er det utarbeidd bevaringsmål og forvaltningsmål med forvaltningsoppgåver og tiltak. Ansvar for skjøtsel innanfor område ligg til Fylkesmannen og SNO og grunneigarar og andre interesserte kan ikkje drive tiltak etter skjøtelsparagrafen utan skriftleg løyve frå forvaltningsstyresmakta. Alle tiltak i området bør skje i perioden 31.9 – 31.3 for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Tiltaksliste i forvaltningsplanen:

Tiltak	Prioritet	Utførende aktor	Kostnad i 1000-kr	Finansiering	Frist	Merknader
Halde parkeringsplassen i god stand	1	Entreprenør		1426.30		Rusta opp hausten 2012
Forbetre kritiske punkt på stien oppe på fjellet	1	SNO, entreprenør	50 ¸	1426.30	2013	Første etappe
Informasjonstavler og info-punkt i områda	1	SNO/ FM	50 ¸	1426.30	2014	Løpande fornying
Kanaliserer ferdsel for å unngå slitasje på vegetasjon og forstyrning av fugleliv	1	FM/SNO				Info, fysisk styring av ferdsel
Utvikle autorisert infosenter	2	DN/MD	1.000 ¸	1427.21	2014	Årlege løyvingar
Ruste opp stien frå Goksøyr til Kaldekloven/Lundeura	2	Entreprenør	400 ¸	1426.30	2014	Andre etappe
Oppdatere infobrosjyren	2	FM	30 ¸	1426.30	2014	Oppdatere når opplaget går ut
Ruste opp stien frå reservatgrensa via Tinden til Raudenipa	3	Entreprenør	200 ¸	1426.30	2015	Tredje etappe
Hindre elektrokursjon av fugl på kraftlina på Goksøyr	3	Nettselskapet				Samarbeid, tilskottsordning
Fjerne feltet med sitkagran vest for Raudetinden		Entreprenør		1426.30		Vernskog. Må avklarast med kommunen før hogst

Vurdering:Konsekvensar for folkehelse:

Utbetring av turstiar og andre forhold på Runde vil gjere området meir attraktivt og kan ha positive konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje relevant.

Konsekvensar for drift:

Ikkje relevant,

Planen gir eit godt inntrykk av fuglebestanden innanfor fuglefredingsområdet og kva utfordringar dei står ovanfor. Det er likevel mykje som ligg utanfor kommunen sin kontroll som td. mink i området, tilgang til mat og attgroing og ein har derfor ikkje særlege merknadar til informasjonen knytt til fuglelivet og utfordringane, men tek det til vitande.

Ein ser derimot utfordringar knytt til turisme der det kan gjerast ulike tiltak for å betre forhold for fuglane:

- Lokal forstyrning med turgåarar kjem for nær reira og skremer vekk fuglane.
- Besøkande i Lundeura som bryt ferdselsforbodet i hekketida.
- Fuktige områder der folk går utanom stien og området utvidar seg i breidda.

For desse utfordringane er det utarbeid gode tiltak i tiltaksplanen som bør følgjast opp slik dei står.

Kommunen ynskjer at det vert lagt ved eit kartvedlegg som viser områda som er skildra i verneforskrifta og som er talsett. I verneforskrifta står det td.:

«Runde vestsida som ligg innafor grenser mellom følgjande punkt: (1) Grensa mellom gnr. 9, bnr. 10 og felles utmark for gnr. 9 i sjøkanten i Måganesstranda, (2) vinkelpunkt på eigedomsgrrensa ved høgde 172 m.o.h. over Trepet, (3) høgde 188 m.o.h. rett sør for Runde fyr, (4) kote 50 på rett line mellom pkt. (3) og Runde fyr, og (5) neset på nordkant av Krykkjehola.»

I forhold til turismeaktivitet knytt til RIB-båtar ser kommunen heilt klart utfordringar med at slik aktivitet ikkje vert regulert gjennom verneforskrifta. Ein bør kunne leggje begrensingar på slik aktivitet då det er ein potensiell trugsel for fugla som ligg på sjøen.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Formannskapet tek framlegg til «Forvaltningsplanen for Runde, Grasøyane og Goksøyryrane» til vitande.

Fosnavåg, 28.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga



**Runde og Grasøyane fuglefredingsområde
Goksøymyrane naturreservat
Herøy og Ulstein kommunar**

Framlegg til forvaltningsplan

Høyringsfrist 01.07.2013

Framside: Runde vestside (*foto: Øivind Leren*)

Innhald

1 INNLEIING.....	5
2 SKILDRING OG STATUS.....	5
2.1 Områdeomtale	5
2.2 Eigedomstilhøve	7
2.3 Brukshistorie	7
2.4 Naturfaglege verdier.....	8
2.4.1 Vegetasjon	8
2.4.2 Fugle- og dyreliv	9
2.4.3 Truslar	13
2.5 Bevaringsmål.....	14
3 BRUKARINTERESSER.....	18
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	18
3.2 Jordbruk og skogbruk.....	18
3.3 Turisme og friluftsliv.....	19
3.4 Undervisning og forskning.....	20
3.5 Bygningar og tekniske inngrep.....	21
3.6 Kulturminne.....	21
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK	22
4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	22
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	23
4.3 Informasjon og tilrettelegging	23
4.4 Oppsyn.....	24
5 SAKSBEHANDLING.....	25
5.1 Forvaltingsstyresmakt	25
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning.....	25
5.2.1 Verneforskrifta	25
5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova.....	26
5.2.3 Forholdet til andre lovverk	27
5.2.4 Tolking av unntaksreglane i verneforskrifta for fuglefredingsområda.....	27
5.2.5 Tolking av unntaksreglar og dispensasjonsbestemmingar for området med fuglelivsfreding	28
5.2.6 Tolking av unntaksreglane i verneforskrifta for Goksøymyrane naturreservat.....	28

5.2.7	Spesifiserte dispensasjonsbestemmeringar i verneforskrifta for Goksøymyrane naturreservat	29
5.2.8	Generelle dispensasjonsbestemmeringar	29
5.2.9	Generelle retningsliner for saksbehandling	30
6	FORVALTNINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT	30
7	REFERANSAR	31
	Publikasjonar	31
	Nettstader:	31
	Pers.medd.	31
	Vedlegg 1 - Forskrift Runde og Grasøyane.....	32
	Forskrift om vern for 4 fuglefredningsområder og vern av fuglelivet på og omkring Runde i Herøy og Ulstein kommunar, Møre og Romsdal.	32
	Vedlegg 2 - Forskrift Goksøymyrane naturreservat.....	35
	Forskrift om fredning av Goksøymyrane naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal. ..	35
	Vedlegg 3 - Naturmangfaldlova	37
	Nokre viktige bestemmeringar i naturmangfaldlova	37
	Vedlegg 4 - Tiltak på Runde/Grasøyane	39

1 INNLEIING

Runde fredningsområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 30. april 1981, i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970. Føremålet med fredinga er *å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, serleg med omsyn til sjøfuglkoloniane.*

Bakgrunnen for vernet var eit lokalt initiativ frå 1957 for å sikre folk mot å klatre i fuglefjella, etter at det hadde skjedd ei dødsulukke der. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltningsstyresmakt for Runde fredningsområde.

Goksøymyrane naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 13.12. 1996, i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970. Føremålet med fredinga er *å ta vare på eit myrområde med terrengdekkande myr, ein myrtype og myrvegetasjon som har vore vanleg i kyststrøka, men som på grunn av ulike former for inngrep har vorte sjeldan i god og typisk utforming.*


2 SKILDRING OG STATUS

2.1 Områdeomtale

Runde fredningsområde ligg ytst mot havet i kommunane Herøy og Ulstein, og omfattar fire fuglefredningsområde. Tre område ligg på Runde i Herøy kommune; Runde vestside, Runde nordside og Hellestien-Blåfjellet-Kløvfjellet-Geita. Det fjerde området er Grasøyane, som ligg i Ulstein kommune. Goksøymyrane naturreservat ligg på nordvestre del av fjellplatået på Runde, mellom delområda Runde vestside og Runde nordside i Runde fuglefredningsområde.



Figur 1 Fuglefredningsområda og naturreservatet



Figur 2: Runde fuglefredningsområde og Goksøymyrane naturreservat ligg ytst i kommunane Herøy og Ulstein. Dei fire områda ligg inne i eit dyrelivsfredningsområdeder alle fugle- og pattedyrartar er freda mot jakt- og fangst.

Grasøyane omfattar Grasøya og fleire større og mindre skjær. Grasøya er berglendt og snau på vestsida, graskledd og med skjelsand og rullestein på austsida. Dei andre skjæra er stort sett snaue.

Runde er 4,4 km lang, 2,6 km brei og har eit areal på 6,2 km². Det er to bygder på øya. I søraust ligg Runde og i nordaust finn vi Goksøyr. Mesteparten av øya består av eit platå, med nokre høgder og fjelltoppar. Høgste toppen er Vardane med sine 332 meter over havet. På midtre del av platået ligg ei rekkje små ferskvatn med mindre myrområde rundt.

Berggrunnen på Runde består for det meste av gneis, og i hovudsak kvartsdiorittisk til granittisk gneis. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gir eit sparsamt og noko surt jordsmonn. I eit slikt jordsmonn får vi ein vegetasjon som er tilpassa relativt næringsfattige forhold. Mange stader kan man også finne migmatittisk gneis og augegneis.

Høgslettene på fjellplatået ligg fleire stader på grus, og studie av desse steinane har vist at dei truleg er strandlipte, og er ført hit av isbrear og avsett i morenar. Heile vestsida av Runde har ein heilt særegen geologi med høge «fjellsøyler» som truleg vart danna då havnivået stod høgare, før landhevinga.

Vest- og nordsida er dominert av klippar og steile fjellsider som stuper ned i havet. I desse bratte fjellskråningane finst tusenvis av hekkande sjøfugl. Dette er det sørlegaste store fuglefjellet i Noreg.

2.2 Eigedomstilhøve

I verneforskrifta er følgjande eigedomar lista opp innafor Runde fuglefredingsområde:

Runde vestsida: Runde felles utmark, gnr/bnr 9/1-14, 17, 26, 30, 31, 36 og 38, Goksøyr felles utmark, gnr/bnr 10/1, 3-9, 12 og 18, og Staten v/Kystverket, gnr/bnr 10/2; alle i Herøy kommune.

Runde nordsida: Goksøyr felles utmark, gnr/bnr 10/1, 3-9, 12 og 18, og Staten v/Kystverket gnr/bnr 10/2; alle i Herøy kommune.

Hellestien-Blåfjellet-Kløfjellet-Geita: Gnr/bnr 9/1, 5, 7, 10, 11, 17 og 38, Runde felles utmark gnr/bnr 9/1-14, 17, 26, 30, 31, 36 og 38, og Goksøyr felles utmark gnr/bnr 10/1, 3-9, 12 og 18, samt gnr/bnr 10/10 og 17; alle i Herøy kommune. Ein ny gjennomgang i 2012: 9/1, 2, 5, 7, 10-13, 17, 38 og 47, 10/5 og 9, samt ein uregistrert eigedom.

Grasøyane: Indre Flø, gnr/bnr 3/1, 2, 3, 4, 5 og 6 og Staten v/Kystverket gnr/bnr 1/8. Alle ligg i Ulstein kommune.

Goksøyrmyrane naturreservat: I verneforskrifta for er følgjande eigedomar lista opp: Gnr/bnr 9/1-14, 17, 26, 30, 36, 38, 10/1, 19, 21 og 22; alle i Herøy kommune.

2.3 Brukshistorie

Dei frodige grasmarkane og lyngheiene som blir gjødsla av sjøfuglane, har vore verdifulle beitemarker i lang tid. Fram til 30-talet var det geiter på beite på øya, men ikkje i nyare tid (pers.med. Goksøyr K. A., 2012). Då hest framleis vart nytta i jordbruket var det også hest på utmarksbeite. Dette skal ha ført til eit høgt beitepress og trakkslitasjar i mange område. Bygdene Runde og Goksøyr hadde eigne utmarksbeite for kyr, medan sauene gjekk fritt over heile utmarka. Sauerasen sjeviot var den mest talrike. Denne rasen var ikkje på utmarksbeite om vinteren. I tillegg til beite vart grasmarkene slått. Sjølv i stupbratte skråningar og klipper vart gras sankt og frakta tilbake til gardane.

Det har ikkje vore praktisert lyngbrenning i nyare tid, men lokalbefolkninga meiner at denne driftsforma med stor sikkerheit har blitt nytta i gamal tid.

Av mangel på tre til fyring har det vore teke ut store mengder med torv frå myrene som har blitt nytta til brensel. I dag ser vi tydelege spor etter torvkutting på Goksøyrmyrane og Storemyra. Denne ressursutnyttinga stoppa gradvis etter at Runde vart kopla til straumnett på fastlandet i 1951.

Det tradisjonelle jordbruket vart oppretthalde til rundt 1950 då det maskinelle jordbruket kom. Menneske vart erstatta av maskinar, og folk måtte finne seg andre arbeidsplassar. Dette førte til at mange forlet Runde for å finne seg jobb i byen. Nokre bønder vart att og heldt fram med smør- og osteproduksjon i tillegg til sauedrift. Tal på gardar i drift er redusert frå 38 til 5 gardar i perioden 1928 til 2010, og folketalet har gått ned med heile 53 % sidan 1930. Den reduserte gardsdrifta har ført til ein stor nedgang i tal på beitedyr. I dag finn vi berre sau på utmarksbeite. Sjeviotrasen er bytta ut med gamal norsk sau og norsk kvit sau. Ein reduksjon

på 40 % sauer på beite, og fjerning av tyngre husdyrraser som hest og ku, har ført til store endringar i trakk og beitepåverknad i utmarka.

I perioden 1918 til 1955 hadde Runde eigen operativ vêrstasjon, men i 1955 overtok Svinøy vêrmålingene (Skoglund, 2011). Runde Miljøseiter har sidan 2005 samla data frå ein eigen vêrstasjon.

2.4 Naturfaglege verdiar

2.4.1 Vegetasjon

Klimaet på Runde er typisk oseanisk med milde vintrar og kjølege somrar. Øya tilhøyrrer hyperoseanisk sone og er eitt av Noregs mest vintermilde område. Det meste av nedbøren i vinterhalvåret kjem som regn, og Runde har ikkje eit langvarig dekkje av snø om vinteren. Desse klimatiske forholda er ideelle for utvikling og for å halde oppe lynghei- og myrvegetasjon. Runde har ein lang vekstsesong på over 200 dagar i året.

Det sterkt vekslende terrenget på Runde fører til ei variert samansetjing av vegetasjonstypar og vi finn sjeldan samanhengande gradientar frå fuktig til tørrare vegetasjon. Vegetasjonen er hovudsakeleg samansett av lynghei, myr, terrengdekkjande myr og grashei som står i mosaikk. I grenseområda mellom vegetasjonstypane får vi ein del overgangssamfunn som er vanskeleg å klassifisere. Dei dominerande vegetasjonstypane er svært homogene med relativt få artar, med andre ord er artssamansetnaden lite variert øya sett under eitt.

Store delar av vegetasjonen på Runde er karakterisert av eit sterkt innslag av beitetolerante planter og lyskrevjande artar av gras og urter. Det er også eit større innslag av oseaniske artar slik som purpurling, havburkne (nær trua), hinnebregne, fagerperikum, heifrytle, heistarr, kusymre og heisiv.

Vegetasjonstypane på plataet og høgdedraga er hovudsakeleg lynghei og terrengdekkjande myr. Dei vanlegaste artane i lyngheiene på Runde utanom røsslyng er tepperot, smyle, geitsvingel, skogstjerne, heisiv, krekling, bjønnskjegg og gulaks. I klippane og skråningane rundt fuglefjellet finn vi meir næringsrik grasvegetasjon på grunn av gjødslinga frå fuglane (Skoglund, 2011).

I Goksøyrrmyrane naturreservat dominerer terrengdekkjande myr. Hellinga her er opp til 25 grader. Lengst ned finst også flatmyr. Toppen av dei fleste kollane har fastmarksvegetasjon, men det finst også nokre høgmyrparti. Myrane er sterkt prega av torvstikking og husdyrbeite. Også gjødsling av fuglar synes å ha påverka vegetasjonen, der det går inn «ugrasartar» ute på myrflatene. Av interessante suboseaniske artar kan nemnast heiblåfjør, loppestarr og grønstarr. Elles dominerer duskull store areal, særleg i dei nedste delane. Ei rekke artar som vanlegvis ikkje veks på myrar med tjukk torv går inn, som til dømes geitsvingel, skogfrytle og vanlege artar av finnskjegg. På tynn torv er også skrubbær, heisiv, stivstarr og engfrytle. Bjønnskjegg-torvull-samfunn dominerer store areal der lyngartar finst. I botnen er husmosane blant dei vanlegaste, og artar som kystkransmose og kystjammemose finst (Moen, 1984).


Lauvtre finst hovudsakleg i vindskjerma område. Funn av fururøter, hasselnøtter og armtjukke greiner frå bjørk i torvmyrane vitnar om eit større innslag av tre i postglasial tid.

2.4.2 Fugle- og dyreliv

Runde er Noregs tredje største fuglefjell, der det har vore over 100.000 par hekkande sjøfugl. Det er også det sørlegaste store fuglefjellet i landet. Dei bratte fjellsidene på vestsida av øya husar fleire tusen hekkande sjøfugl av ulike artar. Fleire av fugleartane på Runde blir overvaka årleg av Norsk institutt for naturforskning (NINA), gjennom det nasjonale overvaksings- og kartleggingsprogrammet for sjøfugl; SEAPOP (*seabird populations*). Norsk ornitologisk foreining (NOF) har elles registrert gode bestandstal på Runde heilt bak til 1950-talet. I eit møte i arbeidsgruppa for forvaltningsplanen 20.03.2012 informerte Alv Ottar Folkestad om dei ulike artane og hekkehistorikken deira på Runde. I presentasjonen av dei ulike artane under, har vi brukt denne informasjonen, samt data frå SEAPOP sin kartteneste.

Havsule

Den første kolonien av havsule i Noreg vart etablert på Runde i 1946 (seapop.no). Sidan slutten av 1940-talet har havsulebestanden på Runde auka. I 2011 vart det telt opp om lag 2500 par, men det reelle talet er rekna med å vere langt høgare. Kolonien vert overvaka gjennom SEAPOP i eit kontrollfelt i Branden ved Brandjylet på basis av foto. I tillegg vert heile kolonien talt som del av det nasjonale sjøfuglovervaksingsprogrammet.




Figur 3: Tal på havsule frå midten av 1940-talet til og med 2011 på Runde frå SEAPOP si avanserte kartteneste (seapop.no).



Figur 4: Havsula hekkar i tette koloniar, gjerne med mindre enn ein meter avstand mellom reira. Foto: Asbjørn Børset.

Storjo


I 1980 hekka første par av storjo på Runde. Basismaten skaffar storjoen seg ved å jage havsula til ho gulpar opp maten, for så å ete dette sjølv. I tillegg ét storjoen ein del åtsel. I 2012 var bestanden vurdert til 90 par (84 par påviste). Denne arten har følgd utviklinga til havsula. Storjo var tidlegare vurdert som sårbar på artsdatabanken si raudliste, men er no klassifisert som livskraftig på grunn av at bestanden er i ekspansjon. På Runde hekkar storjoen i fleire delkoloniar over store delar av plataet.



Figur 5: Storjoen følgjer same utviklinga som havsula og ekspanderer på Runde (seapop avanserte karttjeneste).

Toppskarv

På 1970-talet husa Runde den største kolonien av toppskarv som har vore registrert på verdsbasis. Då var det om lag 5000 par på det meste i Skarveura, på nordsida av øya. På slutten av 1970-talet gjekk bestanden ned med 2/3, og har ikkje teke seg opp att etterpå. Dei to siste åra har det vore særleg dårleg, og i 2012 braut heile kolonien av og forsvann i juni. Småkoloniar på vestsida. Ein småkoloni på vestsida har gjort det betre dei siste åra.



Figur 6: Utvikling av tal på toppskarv lagt inn som sommarobservasjonar i SEAPOP avansert karttjeneste (seapop.no).



Figur 7: Bestanden av toppskarv har gått nedover i lang tid på Runde (foto: Jorunn Mittet Eriksen).

Krykkje

På 1970-talet var det 120.000 hekkande par på Runde. Etter denne tida har arten hatt store problem og det har vore ein kraftig bestandsnedgang. Bestanden har vorte redusert med 86% sida 1980 til 2008 (Lorentsen og Christensen-Dalsgaard, 2009). Dei siste åra har ikkje krykkja fått fram ungar. I 2011 fekk ikkje krykkja ein einaste unge på vingane. Krykkja er vurdert som trua på Rødlista (2010), då det er vist ein bestandsreduksjon over heile landet. Krykkja hekkar langs vestsida av øya, frå Krykkjehola til Stakkneset.



Figur 8: Bestanden av krykkje har gått ned med 86 % frå 1980 til 2008 (foto: Asbjørn Børset).

Lomvi

Lomvi hadde ein bestandsvekst fram til 1970-talet, men fekk ein kraftig kollaps på 1980-talet, før han auka noko ein periode att etter det. Frå ca. 2004-2005 har arten hatt hekke-svikt kvart år. Også lomvien hekkar langs vestsida av øya.



Figur 9: Lomvien slit med å få fram ungar både på Runde og elles i landet (foto: Jorunn Mittet Eriksen).

Havhest


Havhesten hekka på Runde allereie på 1920-talet, og auka fram til 1980-talet. Etter det byrja hekkebestanden å svikte, og dei siste 11 åra har det ikkje kome ungar på vingane. Viktigaste hekkeområda på Runde har vore langs nordaustsida av øya, frå Kvalneset til Blåfjellet.

Lunde

Lundefuglen hadde eit godt år i 2012, da det vart bra med småfisk i havområda på Sunnmørskysten. Bestanden av lunde synte ikkje nokon signifikant trend i perioden 1980-2006 (seapop.no), men dei siste åra, med unntak av 2012, har arten nesten ikkje fått fram ungar. Bestanden vert rekna til rundt 100.000 par tidlegare. No er den vurdert til å vere betydeleg mindre.



Figur 10: Bestanden av lunde på Runde har gått opp og ned over fleire år (foto: Asbjørn Børset).



Figur 11: Tal på individ av lunde (1000) i sommarsesongen frå 1995 til 2010. Data frå Seapop si kartteneste.

Rovfugl:

Fuglefjellet på Runde gir gode vilkår for rovfugl. Vandrefalken har vore her i alle år, også då bestanden var på botn på 1960-70-talet. Frå 1970-talet har det vår og sommar vore samla unge havørnar med kulminasjon i 2005 (43 talt på ein gong). Først i 2010 hekka arten på nytt på Runde etter 80 års fråver, og i 2012 var det to territorielle par på øya, medan talet på ungnørnar var redusert til eit fåtal (5-7 individ). Ramn hadde ein stabil bestand fram til 1980-talet, men har gått litt ned dei seinare åra.



Figur 12: Førekosten av havørn har auka på Runde. (foto: Espen Lie Dahl).

Anna fugleliv:

Ærfugl nyttar Grasøyane både som hekke- og myteområde. Andre artar som hekkar her er gravand, tjeld, steinvendar, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrell- og raudnebbterne, teist og ramn.

Det er høyrte spel av stormsvale på Runde, og det har også vore sett utflogne ungar, men det har aldri vore påvist hekking. Havsvale er heller ikkje påvist hekkande på øya, men er relativt talrik på sommaren.

Sildemåse og hubro var tidlegare regulære hekkefuglar, men sildemåsen er no berre sporadisk hekkande (to par i 2012), medan hubroen vart borte på 1980-90-talet. I Goksøyrryane har det enkelte somrar tydelegvis vore hekkande vaktlar (inntil 8-10 spelande hannar), og i same område også fleire gonger vore spelande åkerrikse. Grashoppesangar er påvist hekkande i Goksøyra og truleg også sør for Rundegardane.

Grasøyane er også eit viktig hekkeområde for sjøfugl, så vel som ender, vadarar og småfugl. I tillegg er det ein viktig myteplass for ender og grågås.

2.4.3 Truslar

Truslar mot fugle- og dyreliv

Dei største trugsmåla mot dei hekkande sjøfuglane i Runde fuglefredingsområde er faktorar som ikkje blir regulert av verneforskrifta. Det har dei siste åra vore ein nedgang i hekkebestandane for fleire av sjøfuglartane i Norskehavet. Nedgangen har vore mest dramatisk for artar som hentar mat langt til havs (pelagisk beitande artar), mellom anna lunde, lomvi, havhest og krykkje. Mangelen på mat kan kome av enten overfiske på byttedyra eller andre endringar i havet som endrar næringsgrunnlaget. Sjøfugl er dessutan utsette for å gå i fiskereiskap (garn og line) og bli skadde av oljeutslipp.

Lokalt er forstyrring i hekketida den største trusselen for enkelte artar. Når folk kjem for nær hekkande fugl kan dei forlate reiret. Egg og ungar er svært sårbare og bli tekne av rovdyr, fryse i hel eller bli overoppheita. Hyppige forstyrringar kan føre til at hekkinga i heile eller delar av kolonien vert avbroten. Dette gjeld særleg om fuglane er under stress får andre faktorar (matmangel, dårleg ver). I Lundeura har det vorte eit aukande problem at folk bryt ferdseforbodet i hekketida. Nokre fotografar gjer dette i jakt på gode motiv. I tillegg kan bruk av helikopter føre til vesentleg forstyrring. Verneforskrifta regulerer ikkje lågtflyging over verneområdet på annan måte enn at det er forbode å forstyrre fuglelivet. Andre verneforskrifter for sjøfuglreservat i fylket gir eit forbod mot lågtflyging under 300 meter over området.

Sjøfuglar kan vere sårbare om predatorar som til dømes mink blir introdusert til hekkeområda, og på Runde har villmink tidvis vore eit alvorleg problem, særleg for bakkehekkande fugl nær

strandsona (ærfugl, gravand, vadefuglar, måsar, ternar, teist). Dei seinare åra har minkbestanden i periodar vore markert mindre enn før, tydelegvis som følge av ein veksande og god oterbestand, men arten er framleis til stades og skaper problem for ein del fuglearter. På Grasøyane har det unntaksvis vore påvist mink i korte periodar, men det ser ut til at arten har problem i harde vintrar, og stort sett har øygruppa vore fri for mink.

I tillegg kan attgroing vere ein trussel for fuglar som er avhengig av opne reiområde. I dei store koloniområda er ikkje attgroing noko stort problem i dag, men for artar som havhest, toppskarv, tjeld, måsar, ternar og teist kan dette allereie vere eit problem i enkelte område som tidlegare var viktige (urene og fjellsida på Runde, Stigane og Skarvura, mindre felt i lundekoloniane, delar av Grasøya). Det er og teikn på at lyngheiane er i ein tidleg gjengroingsfase. Kan hende kan dette få konsekvensar for hekkande storjo og måsar over tid.

Truslar mot vegetasjonen

Det er slitasje på vegetasjon og jordsmonn fleire stader i Goksøyrrmyrane naturreservat. All ferdsla gir trakkaskader der det går stiar. Mange stader er det så fuktig at folk går på sida av stien, slik at det påverka området utvidar seg i breidda. Det er tilrettelagt med utlegging av stein og treverk, men det er behov for utbetring av mykje av dette, samt ny og betre tilrettelegging.

I skråninga ned mot sjøen, aust for Tinden, veks det eit felt med sitkagran. Grana kan spreie seg derifrå og inn i Goksøyrrmyrane naturreservat og fuglefredingsområdet. Feltet med sitkagran bør fjernast. Fram til det blir gjort må det overvakast om arten spreier seg inn i verneområdet. Spirar må da fjernast. Dette gjeld også om det spreier seg frå plantefelta lengst sør til Runde vestsida. Om andre framande artar blir oppdaga i verneområda, skal desse også fjernast.

2.5 Bevaringsmål

Verneformålet i fredingsforskriftene i boksane under, viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområda.

Verneformål Runde fuglefredingsområde, kapittel III:

Føremålet med fredninga er å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, serleg med omsyn til sjøfuglkoloniane.

Verneformål Goksøyrrmyrane naturreservat, kapittel III:

Formålet med fredinga er å ta vare på eit myrområde med terrengdekkande myr, ein myrtype og myrvegetasjon som har vore vanleg i kyststrøka, men som på grunn av ulike former for inngrep har vorte sjelden i god og typisk utforming.

Med **naturkvalitet** meiner vi naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde. For kvar naturkvalitet definerer vi eit **bevaringsmål**. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar. Vi har laga bevaringsmål for fleire av naturkvalitetane som er skildra i kapittel 2.4. For å definere naturkvalitetar og bevaringsmål er det naudsynt med kunnskap om naturtilstanden og utviklingstendensar i området. I denne planen er både eldre og nyare data nytta.

Generelt er det lite erfaring med bruk av bevaringsmål for naturkvalitetar i verneområde i Noreg. Det må difor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltningsplanen bør i tillegg reviderast kvart tiande år.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Naturkvalitet

Naturkvalitet blir definert som naturtypar, artar, geologi og landskap som skal bevarast i eit verneområde.

Forvaltningsmål


Forvaltningsmål blir sett for den tilstanden eller aktiviteten ein ønskjer for ulike brukarinteresser i eit verneområde.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvaliteter i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kva tilstand naturtypen er i.



Figur 13 Bevaringsmål i verneområda

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Runde og Grasøyane fuglefredingsområde, Goksøymyrane naturreservat

Mål	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstand	Tiltak
R1	Fuglefjell	Areal med hekkande lundefugl	Lundehekkning i alle områda som har vore i bruk	Kontroll av SNO og ornitologar	Middels	Unngå ferdsel i Lundeura ved avskjerming og informasjon
R2	Tareskog	Areal med gammal tareskog i god tilstand	Tareskogen i fuglelivsfredingsområdet skal ha god tilstand	Havforskningsinstituttet	Ukjent	Berekraftig taretråling
GM3	Terrengdekkande kystmyr (A08)	Framande bartre som sitkagran og bergfuru	Det skal ikkje finnast sitkagran, bergfuru eller andre utanlandske bartre	SNO	God	Fjerne oppslag og spreing
GM4	Terrengdekkande kystmyr (A08)	Myr utan gjengroing og slitasje	Goksøymyrane skal ikkje gro igjen og der skal ikkje vere skadeleg slitasje	Kontroll av SNO og botanikarar	God	Kanaliserer ferdsel til robuste stiar, beiting
GØ5	Skjer	Førekost steinkobbe	Det skal vere minst 30 dyr ved Grasøyane	Havforskningsinstituttet, kontroll av SNO og ornitologar	God	Unngå forstyrning.
6	Kystlandskap	Førekost mink	Det skal ikkje finnast mink i verneområda	Sporing av SNO	Ukjent	Sporsøk og eventuelt minkfangst

3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlaget for kva for aktivitetar som er tillate i Runde fuglefredingsområde, Runde fuglelivsfreding og Goksøyrryane naturreservat. I dette kapitlet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta til Runde fuglefredingsområde og Goksøyrryane naturreservat er bygd opp noko ulikt. Punkt IV og V i forskrifta til fuglefredingsområdet (vedlegg 1) listar opp kva for aktivitetar som ikkje er lov innafor vernegrensa, etterfølgt av unntak frå forboda. I forskrifta til Goksøyrryane naturreservat (vedlegg 2) listar punkt IV opp aktivitetane som ikkje er lov innafor vernegrensa. Punkt V nemnar så aktivitetar som er unntak frå forbodet. Punkt VI nemnar at det kan søkjast fylkesmannen om løyve til motorferdsel i samband med næring. For nærare tolking av verneforskriftene; sjå 5.2.4 – 5.2.6.

Aktivitetar som er nemnt i punkt IV og V i forskrifta til fuglefredingsområdet, eller punkt IV i forskrifta til Goksøyrryane naturreservat, og som ikkje er spesifisert som unntak eller søknadspliktig, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldlova. Denne paragrafen har erstatta den generelle dispensasjonsparagrafen i verneforskrifta, punkt VI i verneforskrifta for Runde fuglefredingsområde og punkt VIII i verneforskrifta for Goksøyrryane naturreservat (sjå 5.2.8).

Delkapitla under er delt inn i like brukarinteresser. Desse brukarinteressene er knytt opp mot gjeldande regelverk. Til slutt har vi definert dei viktigaste forvaltningsmåla som går under kvart delkapittel. Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan også bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

3.2 Jordbruk og skogbruk

Det er ikkje dyrka mark innafor verneområda, men det er om lag 11 dekar barskog på Runde i fuglefredingsområdet. Denne barskogen, som for det meste består av den utanlandske arten sitkagran, er først og fremst innafor delområdet Hellestien-Blåfjellet-Kløfjellet-Geita mot Runde. Denne skogen er saman med feltet sør for Runde vestsida og vest for Raudetinden definert som vernskog. Det vil seie at vi må ha løyve frå kommunen til felling av trea. Det er ønskjeleg at det blir hogd tre innafor verneområdet, da særskilt med tanke på at den ikkje skal spreie seg vidare i terrenget. Motorferdsel i samband med slikt arbeid må avklarast med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

I dag er det fire gardbrukarar som har utegangersau på beite på øya. Til saman har dei om lag 640 sauer. Beite er positivt for verneområda, då det er vist at lyngheiane er i ein tidleg gjengroingsfase (Skoglund, 2011). Verneforskrifta i fuglefredingsområdet opnar i punkt IV b)

for at beite skal kunne fortsette som før. Dette er ønskeleg med eit høgare beitetrykk. Vedlikehald av gjerde er direkte tillatt etter verneforskrifta. Må det nyttast motorferdsel i samband med slik aktivitet må det søkjast Fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve. Dette gjeld både fuglefredingsområdet og Goksøyryrane naturreservat. Det er ønskeleg med større beitetrykk. Det er ikkje kjent at det er beiteaktivitet på Grasøyane. Øya er graskledt og skal ha eit godt beitelandskap.

Forvaltningsmål for jordbruk og skogbruk

- Skog innafor verneområde kan hoggast
- Det er ønskeleg med eit høgare beitetrykk i verneområda

3.3 Turisme og friluftsliv

Runde er besøkt av mange tilreisande, både frå nærområdet og turistar. Ein teljar på stien opp frå Goksøy har registrert minst 30.000 personar tur/retur, og det er også folk som går opp frå området ved Rundebrua. Ein kan rekne at det er opp mot 40.000 besøkande årleg.

Runde fyr er overteke av Ålesund-Sunnmøre Turistforeining (DNT), og ligg dramatisk til på eit nes ned mot sjøen lengst nord-vest på Runde. Runde fyr ligg utanfor fuglefredingsområda og naturreservatet, men stien til turisthytta går gjennom Goksøyryrane naturreservat.

Den store utfarten fører til stadvis sterk slitasje på vegetasjon og jordsmonn. Det meste av Goksøyryrane er dekt av torvjord, og denne er svak mot slitasje (sjå kap. 4.1).



Figur 14 For svakt dimensjonert



Figur 15 Manglande samheng

I tillegg til ferdsel på land har det blitt populært med båtturisme rundt øya. Båtar fraktar turistane rundt fuglefjellet. I den siste tida har det vore ein auka aktivitet med RIB-båtar. Dette er hurtiggåande båtar som kan vere ein trugsel for fuglar som ligg på sjøen. Da

fuglefredingsområdet ikkje inkluderer sjøareal er ikkje denne aktiviteten regulert gjennom forskrifta. Sjølv om sjøarealet ligg innafør området med dyrelivsfreding inneber ikkje denne forskrifta noko anna enn eit vern mot jakt. Turisme utført på ein omsynsfull måte kan vere positivt for verneverdiane, da det kan bidra til auka forståing og kunnskap om hekkande sjøfugl og den vanskelege situasjonen mange av dei står ovanfor i dag.

Forvaltningsmål for turisme og friluftsliv

- Det skal leggst til rette for turisme og friluftsliv ved å utbetre stigsystemet på Runde
- Dei sårbare områda skal skjermast for ferdsel og slitasje

3.4 Undervisning og forskning

Runde har i lang tid vore besøkt av skuleklassar som kjem på besøk/leirskule. Aktiviteten var større tidlegare, men nyttast framleis av nokre skular. Området har eit stort potensiale til undervisning, då terrenget er lett tilgjengeleg og det er tilrettelagt for overnatting på øya. Det er ferdselsforbod innafør områda frå 15.mars til 31.august for dei tre delområda på Runde, med unntak av ferdsel på merka stiar. Så lenge denne ferdsla går føre seg i tråd med forskrifta er dette ein positiv aktivitet, og vil ikkje ha negativ innverknad på dei hekkande sjøfuglane. Det er viktig at det er satt opp god informasjon om fuglane og verneområdet i samband med dette. Goksøyrryane bør også kunne inkluderast i undervisninga.

Informasjon om verneområdet bør gjerast tilgjengeleg hos dei lokale som driv med turisme, som til dømes Goksøyr camping og Runde miljøsender.

Det nasjonale overvåkings- og kartleggingsprogrammet SEAPOP vart starta opp av NINA, Norsk Polarinstiutt (NP) og Tromsø Museum – Universitetsmuseet (TMU) i 2005. Prosjektet er eit langsiktig overvåkings- og kartleggingsprogram for norske sjøfuglar, og inkluderer område langs Norskekysten, på Svalbard og i tilhøyrande havområde. Føremålet er å skaffe og vedlikehalde kunnskap om sjøfuglar for å bidra til betre forvaltning av dei marine miljøa. Runde er ein av dei viktige nøkkellokalitetane i dette prosjektet, og fleire av fugleartane på Runde blir overvaka kvart år. Dette gir oss tidsseriar med gode data frå mange av artane på Runde. Norsk ornitologiske foreining (NOF) har elles gode bestandstal på Runde heilt bak til 1950-talet.

Forvaltningsmål for undervisning og forskning

- Det skal vere god og tilgjengeleg informasjon om verneområdet, inkludert Goksøyrryane naturreservat, og dei hekkande sjøfuglane
- Det bør samarbeidast med dei lokale som driv med turisme angående informasjon om verneområdet
- Det kan leggst til rette for forskning i verneområdet så lenge det ikkje går ut over verneverdiane

3.5 Bygningar og tekniske inngrep

Det er få bygningar og tekniske inngrep i verneområda. I fuglefredingsområdet har Tussa Nett ei høgspenteledning over ei strekning på ca. 700 m. Isolatorane er av ein type som utgjer ein fare for at større fuglar kan lage kortslutning dersom dei set seg på traversen, og det er ikkje gjennomført førebyggjande tiltak. Denne kan særleg utgjere ein risiko for hubro.

Elles går det ein kabel gjennom Goksøyrryane naturreservat. Det er også tydelege sår og merke i terrenget på myrane etter torvuttak.

På Grasøyane har Kystverket ein fyrstasjon som har funksjon som innseglingsfyr. Stasjonen har to fyrtårn, maskinhus, uthus, tuft etter assistentbustad ved vegen, samt naust og landing med ei lang brygge utover den langgrunne fjøra (sjå 3.6). I tillegg er det oppsett eit solcellepanel i nærleiken av bygningane som gir stasjonen strøm.

Forvaltningsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Det bør gjennomførast førebyggjande tiltak på høgspenteledningen mot kortslutning av fugl som set seg på traversane.

3.6 Kulturminne

Fem av bygningane som utgjer fyrstasjonen på Grasøya (den største øya lengst nord) er freda etter kulturminnelova. Fyret vart automatisert og avfolka i 1986. Anlegget har to fyrtårn. Eitt av dei er ei bygning i tre med tårn i hjørnet, det andre eit 16 meter høgt støypejernstårn frå 1950. Tretårnet vart skada i flyåtak i 1945, og støypejernstårnet er det siste som vart bygd i landet.

Freding er eit kvalitetsstempel og er den strengaste forma for vern. Når eit byggverk blir freda, er det fordi det har ein verdi for heile landet og fordi det har unike kvalitetar som må sikrast ei eintydig framtid. Vern av bygningar har heimel i kulturminnelova.

Forvaltningsstyresmakt er Riksantikvaren. Det er ei sikringssone rundt bygningane.

Det er fleire skipsvrak i området, og rett nord for Runde nordside ligg vraket av Akerendam som er kjent for den store lasta med myntar, herunder gullmyntar. Mykje av dette er teke opp, men framleis er det dykkarar som leiter etter restar av "Rundeskatten". Vraket og lasta er freda.

Forvaltningsmål for kulturminne

- Det skal ikkje settast i verk tiltak som skader kulturminna på Grasøyane.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtelsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplege resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO, og grunneigarar og andre interesserte kan ikkje drive tiltak etter skjøtelsparagrafen utan skriftlig løyve frå forvaltingsstyresmakta. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet bør skje i perioden 1. september til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Til planen er det utarbeidd ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 4. Beløpa skissert i tiltakslista er grove overslag over kostnadene knytt til kvart tiltak. Kostnadane kjem gjerne ikkje fram før etter ein innkjøpsprosess, og omfanget må tilpassast rammene i statsbudsjettet.

Slitasje i terreng

Stisystemet jf. kartvedlegg er sterkt nedslite. Dette gjeld både terrenget og treverket som er lagt ut til vandringar og klopper. Det er behov for ei kraftig opprusting av eksisterande tilrettelegging, og etablering av nytt. Drenering og sidegrøfter til stiane må vedlikehaldast, og det må avklarast kva materialar ein skal bruke på dei strekningane som skal utbetrast. Aktuelle metodar er utlegging av steinheller, bruk av treverk og utlegging av grus/pukk på fiberduk.

Generell gjengroing

Talet på beitedyr på Runde har gått kraftig ned, og storfe og hest beiter knapt i verneområda lenger. Det kan difor registrerast ei gjengroing på stader der sauene ikkje beiter nok. Det er ønskjeleg med sterkare beitetrykk.

Framande planteartar

Det er viktig å halde reservatet fritt for framande artar som sitkagran og bergfuru. Dei representerer ein fare for den lokale floraen ved å spreie seg og fortrenge annan vegetasjon, og dei endrar måte landskapsbilete, vasshushaldning og økologiske forhold elles.

Skjøtselstiltak

- Oppgradere stisystemet
- Auke beitetrykket
- Hindre oppslag av framande bartre og naturlege lauvtre ved hogst, rydding og beiting

4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om verneverdiane og deira tilstand. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Fuglefjella er no fanga opp av SEAPOP-undersøkingane, men mykje anna har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk. Kunnskapen som finst om verneområda er difor usystematisk. Det er ikkje gjort systematisk oppfølging av flora og fauna i området sidan vernet vart vedtatt, difor manglar nøyaktige data på utviklinga i området dei siste 20 åra. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for dei ulike naturtypene i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale i oppfølginga av reservatet i framtida.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i fuglefredingsområda, fuglelivsfredingsområdet og naturreservatet.
- Det skal leggjast opp til samarbeid og kunnskapsoverføring frå nasjonale program som t.d. SEAPOP.
- Koordinere overvaking av fuglane med overvaking av mattilgangen i havet.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er sett opp informasjonstavler for Runde fuglefredingsområde på Goksøyr der stien opp mot Kaldekloven startar. Tavler som viser dei ulike sjøfuglartane står på utkikkspunkt ved koloniane.

Fylkesmannen har utarbeidd ein enkel brosjyre på 4 språk som omtalar verneområda og sentrale fugleartar. Denne er trykt opp i 3 opplag/versjonar, og det er eit forbruk på 4-5.000 pr. år. All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

Det er ei utstilling om fuglelivet på Runde i Runde Miljøsender. Det er viktig å få utvikla denne vidare, og få autorisert dette som naturinformasjonssenter.

På toppen av Lundeura er det sett opp eit wire-rekkverk for å hindre at folk går ned i hekkeområda.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert følgde. I tillegg har SNO ein tett og god dialog med fylkesmannen, og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova). I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.

Det er lokalkontoret til SNO i Molde som har oppsynsansvaret for områda på Runde. Oppsynskapasiteten bør styrkast med ekstra ressursar i området.

5 SAKSBEHANDLING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Ansvar for forvaltninga av fuglefredingsområda på og omkring Runde og av Goksøyrryane naturreservat involverer følgjande styresmakter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltninga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedtatt blir gjennomført. MD er overordna styresmakt for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldlova.
- 2) **Direktoratet for naturforvaltning (DN)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldlova. DN avgjer kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for det enkelte verneområdet. DN er klageinstans for vedtak som forvaltningsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. DN skal også rettleie forvaltningsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltningsstyresmakt for fuglefredingsområda, fuglelivsfredingsområdet og naturreservatet.
- 4) **Herøy kommune** er styresmakt på fleire av dei andre lovverka som kan få betydning innan verneområda, eksempelvis plan- og bygningslova og motorferdsellova i utmark.
- 5) **Kystverket** har ansvaret for sjøverts ferdsel og sjøtryggleik i fuglelivsfredingsområdet.
- 6) **Fiskeridirektoratet** fastset regelverket for taretråling etter førebuande behandling **Møre og Romsdal fylkeskommune**.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta for fuglelivsfredingsområda og fuglelivsfredingsområdet finst som vedlegg 1, og verneforskrifta for Goksøyrryane naturreservat som vedlegg 2. Forskriftene er noko ulikt oppbygde. Sjølv om den generelle dispensasjonsheimelen i forskrifta § 7 no er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, slår overgangsreglane i § 77 i lova fast at eldre vernevedtak fortsatt gjeld inntil Kongen måtte bestemme noko anna. Direktoratet for naturforvaltning har utarbeida eit rundskriv «Forvaltning av verneforskrifter» (DN 2010) som vert lagt til grunn for saksbehandlinga.

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremje verneføremålet. Det er Fylkesmannen sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i forhold til verneformålet, og viss verneverdiane vert skadde, er det Fylkesmannen sitt ansvar at nødvendige tiltak blir sett i gang. Forvaltninga av verneområdet skal skje i eit langsiktig perspektiv.

Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og Fylkesmannen. Forvaltningsplanen for fuglefredingsområda på og ved Runde og Goksøyrrmyrane naturreservat er planlagt å rullerast kvart 10. år for å kunne fange opp eventuelle endringar i verneområdet (jf. kapittel 6).

5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga.

Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert forvaltningsplanar.

Etter § 8 i naturmangfaldlova skal offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypar og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast. Det er opp gjennom åra gjennomført ulike naturfaglege undersøkingar i fuglefredingsområda på og ved Runde og i Goksøyrrmyrane naturreservat, og det føreligg fleire rapportar som dokumenterer naturkvalitetane. Dette kunnskapsgrunnlaget er lagt til grunn i forvaltningsplanen. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, bl.a. i samband med vurdering av skjøtselstiltak.

Ut frå dagens kunnskap, vil aktivitetane som vil kunne skje etter verneforskrifta, neppe ha nokon særleg negativ innverknad på artane og naturtypane som ein ønskjer å ta vare på gjennom vernet. Verneforskrifta er til hinder for aktivitetar som ein vurderer å kunne ha negativ innverknad på verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidd innafør ramma av dei restriksjonane som er sett i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltningsplanen og oppfølging av denne med stor sannsynlegheit vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Den føreliggande kunnskapen om artane sin bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypane og økologisk tilstand i dette området, vurderer ein å stå i eit rimeleg forhold til forvaltningsplanen sin karakter, og retningslina om kunnskapsgrunnlaget i § 8 vert sett på som oppfylt. Førre-varprinsippet vert difor tillagt liten vekt i denne planen, jf. naturmangfaldlova § 9.

Forvaltningsplanen gir nærare retningsliner for aktivitetar som er tillate i fuglefredingsområda og i naturreservatet innafør ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Vurdering av den enkelte aktiviteten i forhold til samla belastning i verneområdet, vil være svært relevant ved vurderinga av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltningsplanen er det utarbeidd nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i områda. Dette vil gje eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Prinsippet i naturmangfaldlova § 11 om at kostnadene ved miljøføring skal berast av tiltakshavar, får ikkje særleg verknad, ettersom verneforskrifta som forvaltningsplanen bygger på, legg vesentlege avgrensingar på kva tiltak som kan gjerast i området. Dei tiltaka som vil kunne gjennomførast, vert vurdert til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem.

Prinsippa i § 12 vert vurdert til å være relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar blir vurdert som aktuelt bl.a. i samband med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering blir vurdert som relevant i samband med bl.a. behandling av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gjevast og eventuelt kva vilkår som bør setjast. Forvaltningsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mogeleg tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta være på. Gjennom den overvakinga av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

5.2.3 Forholdet til andre lovverk

Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova går føre andre lover eller forskrifter dersom det er ulikheiter mellom bestemmingane. Det er også viktig å merke seg at det andre regelverket gjelder i tillegg til verneforskriftene i område verna etter naturmangfaldlova. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfella vere nødvendig med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar når det gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er derfor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir behandla av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova avgrensar ikkje rådigheitsutøvinga utanfor verneområdet.

Etter naturmangfaldlova § 49 ein skal legge vekt på verneverdiane i naturreservatet for tiltak utanfor som kan påverke verneområdet, og som treng løyve etter anna lovverk.

I fuglelivsfredingsområdet vert det hausta tare ved tråling. Dette er regulert gjennom "Forskrift om høsting av tang og tare". Det er fylkesvise haustingsforskrifter som opnar og stenger felt for hausting, og dette er heimel for å kunne ha ei berekraftig tareforvaltning som tek omsyn til spesielle fugleinteresser.

Havne- og farvasslova og loslova styrer skipsfarten og tryggleiksomsyna knytt til denne.

5.2.4 Tolking av unntaksreglane i verneforskrifta for fuglefredingsområda

I **punkt IV** i verneforskrifta er det lista opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev dispensasjon frå verneforskrifta:

Nr a) opnar for felling av villmink.

Nr b) viser til at påverknad av vegetasjonen av vanleg ferdsel er tillate. Dette gjeld ferdsel til fots. I same punkt er det presiserte at beite skal kunne føregå som før.

Nr c) opnar for vedlikehald av gjerde, forankring av fiskereiskap og anna som følger av bruks- og eigedomsrettar i området. Drift og vedlikehald av fyrstasjonen på Grasøyane er også unnateke.

Nr d) fastset eit forbod mot all ferdsel og ilandstiging frå båt i tida 15. mars til 31. august for delområda Runde vestsida, Runde nordsida og Hellestien-Blåfjellet-Kløfjellet-Geita, og i perioden 15. april til 15. august for delområdet Grasøyane. Dette gjeld all ferdsel til fots, ridning, med båt (Grasøyane) og motorisert ferdsel på land. Det er likevel eit unntak for grunneigarane si næringsutøving etter dei eigedoms- og bruksrettar som gjeld, og ferdsel for dei som høyrer heime på Runde.

Det er vidare unntak for ferdsel etter oppmerka stiar fram til oppmerka utkikkspunkt. Dette gjeld: Stien fram til toppen på Lundeura i Runde vestsida, delar av stien frå Trepeta til Rundabranden som ligg i Runde vestsida, og stien fram til utkikkspunktet på Tinden i Runde nordsida.

Nr e) omtalar aktivitet av nasjonal karakter i samband med ulike rednings- og oppsynsføremål. Desse er alltid tillatne i verna område, men omfattar ikkje unntak for øving for nemnte føremål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet.

5.2.5 Tolking av unntaksreglar og dispensasjonsbestemmingar for området med fuglelivsfreding

I **punkt V** i verneforskrifta er det opna for at fugl eller pattedyr som gjer skade på innmark eller næringsverksemd kan skræmast bort.

Vidare opnar ein for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å felle visse artar som gjer omfattande skade på næringsdrift. Det skal skje i den vanlege jakttida for arten. Dette kan gjevast for raudrev, ramn, kråke og skjor som måtte gjere skade på husdyrhald eller anna landbruksverksemd.

5.2.6 Tolking av unntaksreglene i verneforskrifta for Goksøymyrane naturreservat

I **punkt V** i verneforskrifta listar ein opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon:

Nr 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Dette omfattar ikkje unntak for øving for nemnte formål.

Nr 2 opnar for tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beitetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Det er for tida lågt beitetrykk, og det er vere aktuelt å stimulere til beiting.

Nr 3 er ein referanse til friluftsløva, som stadfester allemannsretten til sanking av bær og sopp.

5.2.7 Spesifiserte dispensasjonsbestemningar i verneforskrifta for Goksøymyrane naturreservat

I **punkt VI** i verneforskrifta opnar ein for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med næring. Dette vil kunne gjelde motorferdsel i samband med gjerding og beitedrift. Ved behandling av slike søknader vil det med utgangspunkt i prinsippa i naturmangfaldlova leggjast særleg vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet.

5.2.8 Generelle dispensasjonsbestemningar

I pkt VI i verneforskrifta for fuglelivsfredingsområda og pkt VIII i verneforskrifta for Goksøymyrane naturreservat finst den generelle unntaksparagrafen. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, jf. §§ 8 – 12 (sjå kapittel 8.2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsbestemninga i § 7 er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldlova § 48:

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelige kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

«Dispensasjon i særlege tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrningar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søker og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i fuglelivsfredingsområda på og ved Runde og i Goksøymyrane naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne bestemminga.

«Dispensasjon for arbeider av vesentlig samfunnsmessig verdi» gjeld for tiltak som ikkje blei vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gjevast under heilt særskilte forhold av nasjonal betydning. Det vil ikkje være tilstrekkeleg grunnlag for å gje dispensasjon med bakgrunn i denne bestemminga i saker som berre har lokal eller regional betydning.

5.2.9 Generelle retningslinjer for saksbehandling

Retningslinjer for behandling av saker som gjeld dei ulike brukarinteressene er presentert i kapittel 3. Punkta under viser dei generelle retningslinjene for all saksbehandling som omhandlar fuglelivsfredingsområda på og ved Runde og i Goksøymyrane naturreservat:

- 1) Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskrifta, skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2) Normalt vil verneforskrifta ha strengare reglar enn det som gjeld etter anna lovverk. Søknader blir difor først vurderte etter verneforskrifta før eventuell vurdering etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje overstyrast av anna lovverk.
- 3) Nærare retningslinjer for saksbehandlinga er gitt under dei enkelte brukarinteressene. Det er viktig at det i all saksbehandling blir gjort ei samla vurdering i forhold til verknaden av tiltaket på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
- 4) Desse instansane skal ha kopi av alle vedtak: Herøy eller Ulstein kommune, Statens Naturoppsyn, Direktoratet for naturforvaltning.
- 5) Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltningslova. Direktoratet for naturforvaltning er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen føretek førebunde klagebehandling og vurderer innhaldet i klagen. Fylkesmannen kan etter dette endre sitt opphavelige vedtak. Dersom fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt, skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg behandling og vedtak.

6 FORVALTNINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT

Forvaltningsplanen for Runde og Grasøyane fuglefredingsområde og Goksøymyrane naturreservat gjeld fram til ny forvaltningsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Ein tek sikte på å gjere dette ca. kvart 10. år, første gong ca. 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidligare tidspunkt om det er nødvendig. Bevaringsmåla vil bli reviderte i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rulleringa av forvaltningsplanen.

7 REFERANSAR

Publikasjonar

Artsdatabanken, 2010. *Norsk rødliste for arter 2010*.

Artsdatabanken, 2011. *Norsk rødliste for naturtyper 2011*.

Artsdatabanken, 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*.

Bevanger, K & Refsnæs, S. 2011. *Fugl og kraftledninger. Tiltak som kan redusere fugledød*. NVE, Rapport nr 27/2011.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *DN-håndbok 17-2001 – Områdevern og forvaltning*.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. februar 2010*.

Direktoratet for naturforvaltning, 2007. *DN-håndbok 13-2007 – Kartlegging av naturtyper. Verdsetting av biologisk mangfold*

Lorentsen, S.-H. & Christensen-Dalsgaard, S. 2009. *Det nasjonale overvåkingsprogrammet for sjøfugl. Resultater til og med hekkesesongen 2008*. NINA Rapport 439.

Moen, A. 1984. Myrundersøkelser i Møre og Romsdal. Univ. i Trondh. rapp. bot. ser. 1984-5.

Skoglund, S.E.B., 2011. *Vegetasjonsendringer i myr og lynghei på Runde i perioden 1928 til 2010*. Masteroppgåve Universitetet i Bergen.

Nettstader:

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. www.dirnat.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. www.fylkesmannen.no/mr

Lovdata, 2009. www.lovdata.no/

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Norsk fyrhistorisk foreining: www.fyr.no

Norsk Institutt for Naturforskning: www.seapop.no

Pers.medd.

Folkestad, A.O. 2012

Goksøyr, K.A. 2012.

Vedlegg 1 - Forskrift Runde og Grasøyane

Forskrift om vern for 4 fuglefredningsområder og vern av fuglelivet på og omkring Runde i Herøy og Ulstein kommunar, Møre og Romsdal.

Fastsatt ved kgl.res. av 30. april 1981. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, §§ 13 og 14, 2. ledd, jfr. § § 9 og 10 er det i kgl.res. av 30. april 1981 oppretta 4 fuglefredningsområde og etablert fuglelivsfredning på og omkring øyane Runde i Herøy kommune og Grasøyane i Ulstein kommune under fellesnemninga Runde fredningsområde.

II

Fuglefredningsområda omfattar følgjande:

1. Runde vestsida som ligg innafor grenser mellom følgjande punkt: (1) Grensa mellom gnr. 9, bnr. 10 og felles utmark for gnr. 9 i sjøkanten i Måganesstranda, (2) vinkelpunkt på eigedomsgrensa ved høgde 172 m.o.h. over Trepet, (3) høgde 188 m.o.h. rett sør for Runde fyr, (4) kote 50 på rett line mellom pkt. (3) og Runde fyr, og (5) neset på nordkant av Krykkjehola.

Mellom (1) og (2) følgjer grensa eigedomsgrensene, mellom (2) og (3) går grensa langs brotkanten av fjellet, mellom (3) og (4) langs ei rett line, frå (4) til (5) følgjer den foten av ura og berghamrane, og frå (5) til (1) langs sjøkanten under fuglefjella.

Området omfattar følgjande eigedomar: Runde felles utmark, gnr. 9, bnr. 1-14, 17, 26, 30, 31, 36, 38. Goksøyr felles utmark, gnr. 10, bnr. 1, 3-9, 12 og 18, og statens eigedom v/Fyrdirektoratet, gnr. 10, bnr.2.

2. Runde nordsida som ligg innafor grenser mellom følgjande punkt: (1) Neset på nordsida av gjøttet rett aust for Runde fyr, (2) brotkanten i fjellsida rett aust for Runde fyr, (3) høgde 116 m.o.h. ovafor Tindeneset og (4) neset søraust for Gjøttane ved Tindeneset. Mellom (1) og (3) følgjer grensa brotkantar i terrenget, frå (3) til (4) følgjer den bratthenget og frå (4) til (1) følgjer den sjøkanten.

Området omfattar følgjande eigedomar: Goksøyr felles utmark, gnr. 10, bnr. 1, 3-9, 12 og 18, og statens eigedom v/Fyrdirektoratet, gnr. 10 bnr. 2.

3. Hellestien- Blåfjellet – Kløfjellet – Geita som ligg innafor grenser med følgjande punkt: (1) Vestenden av tunnelen på fylkesvegen, (2) brotkanten på vestsida av skardet nordnordaust for austspissen av Austefjellvatnet, (3) toppen av Blåfjellet, (4) punkt på eigedomsgrensa mellom gnr. 9, bnr. 6 og 7 under bratthenget i fjellsida, og (5) grensa mellom Runde felles utmark og utskift eigedom i kanten av fylkesvegen under Blåfjellet.

Mellom (1) og (2) følgjer grensa under bratthenga, deretter langs loddlinja til topps, mellom (2) og (3) følgjer den fjellkanten, frå (3) til (4) går den i rett line, dels langs eigedomsgrense, frå (4) til (5) først langs fjellfot og nedkant av urer til under Geita, deretter langs skilje mellom Runde felles utmark og utskift eigedom, og mellom (5) og (1) langs sørsida av fylkesvegen.

Området omfattar følgjande eigedomar: Gnr. 9, bnr. 1, 5, 7, 10, 11, 17 og 38, Runde felles utmark,

gnr. 9, bnr. 1 – 14, 17, 26, 30, 31, 36, 38 og Goksøyr felles utmark, gnr. 10, bnr. 1, 3 – 9, 12 og 18 pluss gnr. 10, bnr. 10 og 17.

4. Grasøyane som omfattar alle øyar, holmar og skjær i øygruppa Grasøyane i Ulstein kommune, og som er avgrensa av rette liner mellom faste punkt på følgjande måte: (1) Skjær nord for Grasøya til (2) stein nordaust for Grasøya til (3) stake nordaust for Skjærvøya til (4) varde på Ertenskjæret til (5) båk vest for Tøyrane og derifrå til (1).

Området omfattar følgjande eigedomar: Indre Flø, gnr. 3, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6 og staten v/Fyrdirektoratet, gnr. 1, bnr. 8.

Grensene for fuglelivsfredning og dei 4 fuglefredingsområda er avmerka på kart i målestokk 1:5.000, 1:20.000 og 1:50.000, dagsett Miljøverndepartementet april 1981. Kartet og vernereglane vert oppbevart i kommunane, hjå fylkesmannen og Miljøverndepartementet. Dei nøyaktige grensene for fuglefredningsområda på Runde blir avmerka med fargepunkt på steinar og oppsette pålar i terrenget.

Fuglelivsfredinga gjeld for resten av øya Runde og i dei tilgrensande sjøområde innafor følgjande grenser: Nordsida av Rimøya frå Kvieneset til Tenneneset, rett line til Langeneset på Nerlandsøya, nordaustsida av Nerlandsøya til Golleneset, rett line til minimumsavstand 2 km vest og nordvest av Kvalneset på Runde, deretter denne minimumsavstand til fast land til nord av skjera Voren, rett line til minimumsavstand 2 km nord av Grasøya, deretter denne minimumsavstand aust om øya til rett line kan dragast mot Kvieneset på Rimøya.

III

Føremålet med fredninga er å ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, serleg med omsyn til sjøfuglkoloniane.

IV

For fuglefredningsområda gjeld følgjande reglar:

- a) Alle fuglar og pattedyr med unntak av villmink er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art. Dette gjeld og uroing av fugl eller fugleungar på eller ved reir, eller fugl med ungekull.
- b) Vegetasjonen på land er freda, med unntak av det som følgjer av vanleg ferdsel. Beite skal kunne føregå som før.
- c) Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei natur-gjevne vekstvilkår for plantar og livsmiljø for fuglar og dyr, som oppføring av bygningar, bruk av kjemiske gifter, dumping av avfall o.l. Dette gjeld likevel ikkje vedlikehald av gjerde, forankring av fiskereiskap og anna som følgjer av dei eigedoms- og bruksrettar som gjeld i området, og heller ikkje det som følgjer av drift og vedlikehald av fyrstasjonen på Grasøyane.
- d) Av omsyn til fuglelivet er det forbod mot all ferdsel innafor områda, og mot ilandstigning frå båt i tida 15. mars til 31. august for områda 1 – 3, og i tida 15. april til 15. august for område 4. I denne tida er det og forbode på nokon måte å skremme ut fuglane ved hjelp av skot, blåsing i skipsfløyter o.l. Desse reglane skal likevel ikkje vere til hinder for grunneigarane si næringsutøving etter dei eigedoms- og bruksrettar som gjeld, eller for ferdsel for dei som høyrer heime på øya. Heller ikkje er det til hinder for ferdsel etter oppmerka stiar til og frå oppmerka utkikspunkt.

e) Ferdsel i samband med ambulanse, politi-, brannvern, forvaltnings-og oppsynsføremål er unnateke frå ferdselsforboda.

V

For området med fuglelivsfredning gjeld følgjande:

Alle fugle- og pattedyrartar, med unnatak av villmink, og også fuglereir, egg og ungar, er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag.

Fugl eller pattedyr som gjer skade på innmark eller næringsverksemd kan skremmast bort. Dersom det er fare for omfattande skade på næringsdrift, kan forvaltningsstyresmakta gje grunneigar, retthavar eller brukar løyve til å felle visse artar innafor den tid då det er lovleg jakttid for vedkomande art(ar).

VI

Miljøverndepartementet kan gjere unnatak frå fredningsføresegnene for vitenskaplege granskingar, som del av skjøtselplan for å oppfylle føremålet med fredninga, for oppretting av faste utvikingspunkt og tilkomstar for å hindre ulykker, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, og i serlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet for fredninga.

VII

Forvaltninga av desse reglane blir lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

VIII

Den myndigheit Kongen har etter § 10 til å fastsettje nærare reglar om skjøtsel, etter § 21 om merking av fredningar m.v., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 om å gjere unntak frå fredningsreglar, vert overført til Miljøverndepartementet.

IX

Desse reglane trer i kraft straks. Frå same tidspunkt vert fuglelivsfredninga på Runde frå 13. desember 1957 oppheva.

Vedlegg 2 - Forskrift Goksøyrryane naturreservat

Forskrift om fredning av Goksøyrryane naturreservat, Herøy kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 13. desember 1996 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr § 10 og § § 21, 22 og 23, er eit myrområde i Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 13. desember 1996 under namnet« Goksøyrryane naturreservat ».

II

Det freda området omfattar heile eller delar av følgjande gnr/bnr: 9/1-14,17,26,30,36,38, 10/1-19,21,22.

Reservatet dekkjer eit areal på ca 845 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000, dagsett Miljøverndepartementet september 1996.

Kartet og fredningsforskrifta blir oppbevarte i Herøy kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Formålet med fredinga er å ta vare på eit myrområde med terrengdekkande myr, ein myrtype og myrvegetasjon som har vore vanleg i kyststrøka, men som på grunn av ulike former for inngrep har vorte sjeldan i god og typisk utforming.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon, også døde buskar og tre, er freda mot ei kvar form for skade og øydeleggjing.
Nye planteartar må ikkje innførast, og det må ikkje fjernast planter eller plantedelar frå reservatet.
2. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, hensetjing av campingvogn o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakk- og vassleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utslepp av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, dumping av avfall, gjødsling eller bruk av kjemiske plantevernemiddel. Opplistinga er ikkje fullstendig.
3. Motorisert ferdsel er forbode.

V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
2. Tradisjonell beiting.
3. Sanking av bær og matsopp.

VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gje løyve til motorferdsel i samband med næring.

VII

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredningsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå fredningsforskrifta når formålet med fredinga krev det, for vitskapelege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, og i andre spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

IX

Forvaltinga av fredningsforskrifta vert lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

X

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 3 - Naturmangfoldlova

Nokre viktige bestemmelser i naturmangfoldlova

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskrifta og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskrifta eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg 4 - Tiltak på Runde/Grasøyane

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Kostnad i 1000-kr	Finansiering	Frist	Merknader
Halde parkeringsplassen i god stand	1	Entreprenør		1426.30		Rusta opp hausten 2012
Forbetre kritiske punkt på stien oppe på fjellet	1	SNO, entreprenør	50 ‘	1426.30	2013	Første etappe
Informasjonstavler og info-punkt i områda	1	SNO/ FM	50 ‘	1426.30	2014	Løpande fornying
Kanaliserer ferdsel for å unngå slitasje på vegetasjon og forstyrning av fugleliv	1	FM/SNO				Info, fysisk styring av ferdsel
Utvikle autorisert infosenter	2	DN/MD	1.000 ‘	1427.21	2014	Årlege løyvingar
Ruste opp stien frå Goksøyr til Kaldekloven/Lundeura	2	Entreprenør	400 ’	1426.30	2014	Andre etappe
Oppdatere infobrosjyren	2	FM	30 ‘	1426.30	2014	Oppdatere når opplaget går ut
Ruste opp stien frå reservatgrensa via Tinden til Raudenipa	3	Entreprenør	200 ‘	1426.30	2015	Tredje etappe
Hindre elektrokursjon av fugl på kraftlina på Goksøyr	3	Nettselskapet				Samarbeid, tilskottsordning
Fjerne feltet med sitkagran vest for Raudetinden		Entreprenør		1426.30		Vernskog. Må avklarast med kommunen før hogst



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JANBER	Arkivsaknr:	2013/666
		Arkiv:	K40

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
125/13	Formannskapet	02.07.2013

FORVALTINGSPLAN FOR HJORT I HERØY KOMMUNE 2013-2016

Tilråding:

Formannskapet godkjenner "Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016" slik den ligg føre.

Lovheimel:

FOR 2012-02-10-134 Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Grunngjeving:

Planen tek i vare dei oppgåvene kommunen er pålagt i forhold til målsettingar for utvikling av bestanden av hjort, jmf. § 3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Særutskrift:

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016
- 2 Vedlegg kart
- 3 Møteprotokoll Nemnd for vilt, fiske og friluft 040413
- 4 Saksframlegg sak 12/13
- 5 Høyringsbrev 070213
- 6 Møteprotokoll Nemnd for vilt, fiske og friluft 060213
- 7 Saksframlegg sak 07/13

Saksopplysningar:

Med Forskrift om forvaltning av hjortevilt av 2012 vart kommunen sitt ansvar for å utarbeide forvaltingsplanar for hjorteviltet sterkt framheva. Kommunen si rolle er først og fremst å lage realistiske, konkrete og etterprøvbare målsettingar. Forvaltninga skal vere basert på fag- og lokalkunnskap. Direktoratet for naturforvaltning tilrår at slike målsettingar vert felt ned i ein kommunal plan som vert rullert på same måte som andre kommunale planar.

Herøy kommune har tidlegare hatt ein plan for hjorteforvaltninga som berre har vore forankra gjennom vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. Førre plan var for tidsrommet 2009-2012.

Utkastet til forvaltingsplan var skriva ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor, og sidan drøfta i Nemnd for vilt, fiske og friluft, den 06.02.2013, før det var sendt på høyring. Høyringspartar var: valda i Herøy, kommunar i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Herøy og Sande JFF, Hareid, Ulstein, Herøy og Sande bonde- og småbrukarlag, Vestre Sunnmøre bondelag og Ålesund og Sunnmøre turistforening. Dei einaste tilbakemeldingane på høyringa kom frå Hareid kommune og Ørsta kommune. Hareid kommune hadde ingen merknadar til høyringa. Innspela frå Ørsta kommune vart drøfta i møte i Nemnd for vilt, fiske og friluft den 04.04.2013. Dei innspela ein såg som relevante vart teke inn i planen. Nemnda gjorde i sak 12/13 vedtak om å godkjenne planen slik den låg føre.

Planen inneheld ei oppsummering og drøfting av det datamaterialet som ligg føre frå vårteljingar, fellingar og registreringar i Naturbase. Planen tek vidare for seg tilrådde modellar for bestandsutvikling, fordeling av ansvar og oppgåver i forvaltninga og utvikling av bestandsplanar i Herøy kommune. Det viktigaste innhaldet i planen er kommunen sine målsetjingar og dei tiltak ein har for å nå målsetjinga. Desse er:

Hovudmålsetjing:

Hjorteviltet skal verte forvalta etter gjeldande lovar og reglar, med bakgrunn i den kunnskapen som er tilgjengeleg. Bestanden av hjort skal ha ei god alders- og kjønnsamansetting, og ein storleik som hindrar beiteskader og trafikkskadar av omfang. Vidare skal forvaltninga av hjorten og utøving av jakta ta i vare det biologiske mangfaldet og andre brukar- og samfunnsinteresser.

MÅLSETJING	TILTAK
<u>Innsamling av data</u>	
Få fleire til å levere sett hjort skjema Bruk av den nettbaserte løysinga for registrering av sett hjort	Refusjon av 30% fellingsavgift til vald som leverer sett-hjort skjema frå alle jaktfelt. Betre informasjon om betydinga av sett hjort skjema, og bruk og utfylling av skjemaa.
Få valda og jegerane til å ta i bruk portalane www.hjortevilt.no og www.hjorteviltregisteret.no	Opplysing til valdsansvarlege og jaktleiarar både skriftleg og gjennom møteaktivitet.
Registrering av slaktevekt	Arbeide for at valda registrer slaktevekt og at dataa har ei form som kan nyttast i Hjorteviltregisteret.
<u>Organisering av jakta</u>	
Betre utnytting av potensialet i jakt etter bestandsplan.	Informasjonsmøte med valda og rådgjeving i å jakte etter bestandsplan. Då det har vist seg at valda har utfordringar knytt til å jakte i samsvar med bestandsplanar, vil ein tilråde at nye bestandsplanar ikkje vert laga for meir enn 3 år.
Oppretting av bestandsplanområde	Arbeide for at vald med bestandsplan inngår samarbeid og opprettar bestandsplanområde der det er naturleg.
<u>Bestandsutvikling</u>	
Redusere uttaket av eldre dyr og bukk	Ein skal korkje ved godkjenning av planar eller tildeling ved måleretta avskyting la delen eldre dyr få overstige 40%. Ein viser til kap. 3 for meir detaljert informasjon om tilrådde bestandsmål.
<u>Viltfondet</u>	
Utarbeide prioriteringar og budsjett for bruk av det kommunale viltfondet	Ta opp saken i nemnda i samband med fastsetting av fellingsavgifter.

Vurdering og konklusjon:

Forvaltingsplanen sitt mål er å ta i vare dei oppgåver kommunen er pålagt jmf. §3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Den inneheld ei oppsummering av tilgjengeleg datamateriale om hjorten i Herøy kommune. Det har vore vektlagt å utarbeide ein plan som kan kome valda og grunneigarane til gode. Planen har vore ute på høyring, og både høyringsutkast og høyringsuttaler har vore drøfta i Nemnd for vilt, fiske og friluft, før nemnda godkjente planen.

Fosnavåg, 15.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Janne Olaus Bareksten

Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016

Målsetjingar og rammer



04.04.2013

Innleiing

15.02.2012 tredje Forskrift om forvaltning av hjortevilt i kraft. Det nye lowerket understrekar kommunen sitt ansvar for å vedta målsetjingar for utviklinga av hjortebestanden, i § 3 står det:

"Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e).

Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane. "

Forvaltinga skal vere basert på fag- og lokalkunnskap. Det har difor vore viktig å systematisere den kunnskapen som allreie er innsamla i kommunen. Ein ser og at det er eit behov for å arbeide meir med innsamling av data. Registrering av sett hjort under jakta vert framheva som det beste verkemiddelet for å skaffe kunnskap om bestandane. Det må på plass ei betre rutine for bruk av sett hjort skjema. Vidare har det også vore viktig å få fram ei klarare fordeling av ansvar mellom privataktørar, kommuneadministrasjon og politikarane.

Det har vore eit mål å utforme ein plan som kan kome til nytte for valda. Planen inneheld difor kalender for viktige datoar, rettleiing for utarbeiding av bestandsplan med meir. I 2012 kom det endringar av fleire føreskrifter som regulerar tilhøve knytt til hjortejakt. Det har difor vorte lagt vekt på å få fram dei viktigaste endringane i denne planen.

Innhald

Innleiing	2
1. Planprosessen.....	4
2.1. Trekk og tilhaldsstadar	4
2.2. Vårteljing	5
2.3. Sett hjort.....	6
2.4. Felling	8
3. Tilrådingar for bestandsutvikling.....	10
4. Fordeling av ansvar og oppgåver i forvaltinga	11
4.1. Grunneigarane.....	11
4.2. Valdsansvarleg.....	11
4.3. Jegerane	11
4.4. Kommunen og nemnda	11
5. Bestandsplanar	12
5.1. Kva er dei med jaktrett sitt ansvar?	12
5.2. Kva er kommunen/nemnda sitt ansvar?	13
5.3. Innhald i ein bestandsplan	13
6. Hjorten som skadedyr	15
7. Evaluering av førre rammeplanperiode	15
8. Målsetjingar og tiltak.....	16
9. Viktige datoar i samband med hjortejakta	17
10. Kjelder.....	17

1. Planprosessen

Herøy kommune har tidlegare hatt ein plan for hjorteforvaltninga som berre har vore forankra gjennom vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. Denne planen har hatt målsetjingar som har vore for lite konkrete. Førre plan var for tidsrommet 2009-2012.

Utkastet til forvaltingsplan var skriva ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor, og sidan drøfta i Nemnd for vilt, fiske og friluft, den 06.02.2013, før det var sendt på høyring.

Høyringspartar var: valda i Herøy, kommunar i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Herøy og Sande JFF, Hareid, Ulstein, Herøy og Sande bonde- og småbrukarlag, Vestre Sunnmøre bondelag og Ålesund og Sunnmøre turistforening. Dei einaste tilbakemeldingane på høyringa kom frå Hareid og Ørsta kommune. Hareid kommune hadde ingen merknadar til høyringa. Innspela frå Ørsta kommune vart drøfta i møte i Nemnd for vilt, fiske og friluft den 04.04.2013. Dei innspela ein såg som relevante vart teke inn i planen. Nemnda godkjente planen i sak 12/13.

2. Hjortebestanden i Herøy kommune

Generelt er bestanden av hjort på Søre Sunnmøre rekna for å vere tett samanlikna med andre delar av Noreg (Meisingset m.fl., 2008). Store delar av Herøy og Sande kommune er geografisk sett den same øya. Viltkartleggingane på 1980-talet viste fleire trekkruiter for hjort på tvers av kommunegrensa. Det er difor rimeleg å anta at hjortebestanden er felles for dei to kommunane. I eit langsiktig perspektiv kan det difor vere aktuelt å sjå på eit samarbeid med omsyn på utvikling av felles kommunal forvaltingsplan.

2.1. Trekk og tilhaldsstadar


Naturbase er Direktoratet for naturforvaltning si digitale løysing for informasjon om naturtypar og artar. Opplysingane om Herøy kommune sin hjortebestand i Naturbase er basert på viltundersøkingane på 1980-talet. Trekkruiter og beiteområde for hjort er illustrert i kart (Vedlegg 1). Då desse opplysingane er 25 år eller eldre kan det ha skjedd endringar sidan dataa var innsamla. Nemnd for vilt, fiske og friluft har drøfta opplysingane i Naturbase. Det vedlagde kartet viser og trekkruiter og beiteområde basert på lokalkunnskapen til nemnda om noverande forhold.

Følgjande opplysingar er registrert i Naturbase:

Registreringar i Naturbase for Herøy	
Trekkveg vår-haust	Jøsok-Måløya-Eika (U)
Trekkveg vår-haust	Leikong - Aurnes (U)
Trekkveg vår-haust	Tvers over vegen Leikongsætra
Trekkveg vår-haust	Simavatnet - Raudsandvatnet (S)
Trekkveg vår-haust	Rødskar-Vasshornet (S)
Trekkveg vår-haust	Sædalsmyrane (S)- Brandtua-Syrebakkane (S)
Trekkveg vår-haust	Ryssenaset- Nautøya-Røyra
Trekkveg vår-haust	Øyradalen-Øyravatnet
Trekkveg vår-haust	Holmevatnet -Røvarvatnet
Trekkveg vår-haust	Sættjørna - Sædalen (S)
Vinterbeiteområde (1026daa)	Dyrhaug/Svartelvdalen
Vinterbeiteområde (739daa)	Røyra/Frøystad
Vinterbeiteområde (574daa)	Jøsok
Vinterbeiteområde (2176daa)	Kvalsund/Koparstad/Lurvene
Vinterbeiteområde (377daa)	Aurvåg/Myrvåg
Vinterbeiteområde (596daa)	Tjørvåg
Vinterbeiteområde (353daa)	Sædalen
Merknad: U = Ulstein S= Sande Vinterbeite i Sædalen har også 693 daa i Sande kommune	

2.2. Vårteljing

Kvart år sidan 1999 har det vore gjennomført vårteljing av hjort på innmark i regi av Søre Sunnmøre Hjorteviltutval. Det vert telt hjort på nattetid to dagar i april/mai. Gjennomsnittstala frå vårteljinga har variert frå 50 til 102 dyr. Vårteljinga gjev berre eit samla oversyn på observerte dyr på teljetidspunktet, og fortel ikkje noko om fordelinga på kjønn og alder mellom dyra, eller om varierende tettleik i kommunen. Figur 1 viser talet på løyver som er gjeve i kommunen, talet på felte dyr og gjennomsnittleg tal frå dei 2 dagane i vårteljing i perioden 1999-2011.




Figur 1 Tidelte og felte dyr i Herøy 2001-2011 basert på tal frå SSB og kommunen

2.3. Sett hjort

Fordelane med talmateriale frå sett hjort skjema framfor vårteljningane er at desse seier noko om tetteliken og aldersstrukturen til bestanden. Nemnd for vilt, fiske og friluft vedtok allereie i 2002 at alle skulle levere sett hjort skjema. På trass av dette har både talet på innleverte skjema og kvaliteten på utfyllinga vore varierende. For å stimulere til auka bruk vart det i 2012 gjort vedtak om at vald, der det vart levert sett hjort skjema frå alle jaktfelt, under visse vilkår kunne få ein refusjon tilsvarande 30% av fellingsavgifta.


Sett hjort skjema skal fyllast ut for kvart jaktfelt slik at ein ideelt sett skal få eit skjema frå kvart jaktfelt. I 2012 vart det meldt inn jaktleiarar for 34 jaktfelt i Herøy kommune. I 2011, med den same valdsstrukturen som i 2012, vart det berre levert inn 13 skjema med sett hjort observasjonar som hadde ein kvalitet god nok til at det var mogleg å registrere opplysingar i Hjorteviltregisteret. Om ein legg til grunn at det vert levert eit skjema frå kvart jaktfelt vil dette bety at berre 40% av jaktfelta får registrert sett hjort. Grunna det avgrensa talmateriale er kvaliteten på dataa som kjem frå sett hjort observasjonar truleg mindre god.

Basert på dei opplysingane ein har frå sett hjort materialet, ser ein at det er ein trend at talet på observerte hjort under jakta vert sakte redusert. Figur 2 viser kor mange hjort som vert sett per jegerdagsverk.




Figur 2: Talet på hjort som i gjennomsnitt er observert per jegerdag. Grafen er generert frå Hjorteviltregisteret.

Sett hjort materialet viser også ei negativ utvikling for bestanden av bukkar. Figur 3 viser kor stor prosentdel dei eldre bukkane utgjer av sett hjort materialet. Som ein ser av grafen er delen av observerte eldre bukkar synkande. Figur 4 viser kor mange prosent av dei bukkane ein ser som faktisk vert felt. Denne prosentdelen aukar, noko som betyr at jakttrykket på bukk er aukande. Dette kan ha samanheng med eit redusert tal av bukkar totalt. På den andre sida tyder talet på observerte koller per bukk, som har lege på 0,79-1,51 i perioden 2002-2011, på at det ikkje er eit underskot på bukkar.




Figur 3: Den prosentvise delen av bukkar i sett hjort materialet. Prosenten er rekna ut frå dei kjente dyra, det vil sei at ein ikkje har rekna med dei dyra som er observert, men som ein ikkje kjenner alder og kjønn på.




Figur 4: Grafen viser kor stor del av dei bukkane ein observerar som faktisk vert felt, dette vert kalla jakttrykk. Grafen er automatisk generert i Hjorteviltregisteret.

2.4. Felling

Talet på tildelte løyve i kommunen har sidan 2000 variert frå 126 til 151 dyr per år, medan talet på felte dyr har variert frå 69 til 115 dyr i den same perioden. Før dette var både talet på løyver og felte dyr meir variabelt. Figur 5 viser talet på tildelte løyve og talet på felte dyr i perioden 1987-2011. For at ein skal kunne gjennomføre ei målretta forvaltning bør fellingsprosenten vere på minimum 85% (Meisingset, 2008). Fellingsprosenten i Herøy kommune var i nærleiken av dette målet i perioden 2006-2009, men ikkje i periodane 1986-2005 og 2010-2011. Figur 6 viser fellingsprosenten i kommunen i perioden 1987-2011. Når fellingsprosenten vert låg vil ikkje tiltaka som vert sett i gong gjennom målretta forvaltning ha god nok effekt. Det kan vere fleire grunnar til at fellingsprosenten er låg, men noko av forklaringa er at valda ikkje unyttar det potensialet som ligg i jakt etter bestandsplan på ein god nok måte.




Figur 5: Tildelte og felte dyr i Herøy kommune 1986-2011 henta frå SSB




Figur 6: Fellingsprosenten i Herøy i perioden 1986-2011, tal frå SSB.

Figur 7 viser den prosentvise fordelinga av felte dyr i dei ulike kategoriane. I perioden 2007-2011 har ein sett ei endring i samansettinga av dei felte dyra. Det har desse åra vore felt meir enn 50% eldre dyr, og i 2010 var uttaket av eldre dyr heile 61%. Det vil vere uheldig om ei slik utvikling held fram. Etter 2002 har ein sett ein reduksjon i uttaket av bukk samanlikna med perioden 1986-2000. Uttaket har lege rundt 50% (Figur 8).



Figur 7: Samansettinga av dei felte dyra gjeve i prosent for perioden 1986-2011, tal frå SSB



Figur 8: Kjønnsammansettinga til dei felte dyra i Herøy kommune i perioden 1986-2011, tal frå SSB

3. Tiltakingar for bestandsutvikling

Uttak av dyr gjennom jakt er eit av dei største påverknadane på sammansettinga av hjortebestanden. Fleire stadar i Noreg har ein i dag tette bestandar av hjort. Dette kan resultere i små dyr og at ein redusert del av ungkollene får kalv. Denne trenden kan verte forsterka gjennom uttak av dei store og eldre dyra gjennom jakt.

På lang sikt vil ein bestand med ei god kjønnsfordeling og store dyr vere attraktivt både med tanke på utvikling av bestanden og utøving av jakt. Utfordringa med dette er at det vil krevje ei avskyting av ein større del av yngre dyr og uttak av dei minste dyra i kvar årsklasse. Tiltakinga for forholdet mellom kolle og kalv, der dette målast ut frå sett hjort observasjonar, er at ein i gjennomsnitt skal sjå 1,5 til 2 koller per bukk. Vidare bør ikkje uttaket av hanndyr vere større enn om lag 50% (Meisingset, 2008). Meisingset tilrår vidare eit uttak på 25-30% kalv, 30-35% yngre dyr og like mange dyr av kvart kjønn i uttaket av alle årsklassar.

Samanliknar ein dette med den reelle fellinga som har vore i Herøy kommune ser ein at uttaket av eldre dyr har vore høgt dei siste åra. Med bakgrunn i dette kan det vere ønskjeleg å dreie den framtidige avskyting over på færre eldre dyr og meir ungdyr. I praksis er det uttaket av yngre koller som er mest utfordrande, då det ikkje alltid er råd å skilje ei yngre kolle frå ei eldre kolle.

Uttak i dei yngste klassane av dyr er og tilrådeleg der ein har manglande kunnskap om bestandsutviklinga. Eit stort uttak av dei yngste dyra fører til at det vert teke ut få produksjonsdyr som hindrar bestanden i å verte redusert. Ein vil også hindre ei store auke i bestanden då det vert rekruttert færre produksjonsdyr (Norges skogeierforbund m.fl., 2003).

4. Fordeling av ansvar og oppgaver i forvaltninga

Det er fleire aktørar som har oppgaver og ansvar innan hjorteforvaltninga. Dei viktigaste aktørane er grunneigarar, jegerar, nemnd for vilt, fiske og friluft og kommuneadministrasjonen.

4.1. Grunneigarane

Grunneigarane er dei som sit med jaktretten. Valdet, som er grunneininga i hjorteforvaltninga, er eit resultat av grunneigarsamarbeid. Ein veit at grunneigarsamarbeid er krevjande, då det er mange meiningar og faktorar som ein må ta omsyn til. Grunneigarane har moglegheit til å forvalte hjorten i sitt område gjennom organisering av jakt etter bestandsplan. Etter regelendringar i 2012 er det høve for fleire vald å samarbeide om ein bestandsplan, utan at ein treng å opprette nytt vald.

Grunneigarane bestemmer også korleis ein skal organisere jakta innan for valdet sine grenser og korleis verdien av viltet skal verte utnytta. I andre områder av landet ser ein ei satsing på sal/utleige av jakt. Dette kan vere ei inntektskjelde for grunneigarane, men potensialet er det ein kjenner til lite utnytta i kommunen.

4.2. Valdsansvarleg

Den valdsansvarlege er grunneigarane sin representant overfor kommunen, og er den som mottok fellingsløyve og all informasjon som går ut til valda. Den valdsansvarlege er pålagt fleire plikter gjennom nasjonalt lovverk og gjennom vedtak gjort i Nemnd for vilt, fiske og friluft. Forutan å ha ansvar for fellingsrapporten, innmelding av jaktleiarar og andre lokalt pålagte innrapporteringar, har valdsansvarleg plikt til å melde frå til kommunen innan 1.april om endringar i valdet sine eigedomsforhold og grenser. Dømer på slike endringar kan vere omregulering av areal til bustadforemål, som vil hindre jaktutøving i eit område, skifte av eigar og særskilt endringar knytt til kva eigedommar som inngår i valdet. Informasjonen som vert sendt ut frå kommunen går til den valdsansvarlege, som må syte føre at informasjonen vert kjent hjå grunneigarar og jegerar.

4.3. Jegerane

Jegeren er den som til slutt set hjorteforvaltninga ut i livet gjennom å velje kva dyr som vert felt. Kvar enkelt jeger er sjølv ansvarleg for å gjennomføre jakta på ein sikker og human måte, og i tråd med gjeldande regelverk.

4.4. Kommunen og nemnda

Herøy kommune er organisert med ei folkevald nemnd som har sekretariat på Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Nemnda sine oppgaver er mellom anna å fatte vedtak i saker knytt til viltforvaltning. Medlemmer av nemnda utfører også kontroll av felte hjort og vårteljingar. Administrasjonen på landbrukskontoret har mellom anna ansvar for å gjere saksførebuingar for viltnemnda, gjennomføre og følgje opp vedtak som er gjort i nemnda, registrere opplysingar i Hjorteviltregisteret og spreie informasjon.

5. Bestandsplanar

Bruk av bestandsplan er grunneigarstyrt forvaltning. Gjennom bestandsplanen legg grunneigarane føringar for korleis ein vil forvalte hjorten i eit område. Det må vere rom for at ulike vald har ulike målsetjingar.

Dei nasjonale føringane er at alt uttak av hjort i utgangspunktet skal skje gjennom bruk av bestandsplan. I Herøy kommune var det hausten 2012 fire vald. Tre av desse jaktar etter bestandsplan. Det fjerde valdet har ikkje tilstrekkeleg areal til å kunne jakte etter bestandsplan. Det har vore gjennomført tiltak som møte med grunneigarane for å fremje at valdet går inn i ei større eining. At ein allreie har ein valdsstruktur som gjer at jakta i all hovudsak går føre seg innan for ein bestandsplan er eit godt utgangspunkt. Nasjonale føringar tek sikte på enno større einingar, slik at det er mogleg å forvalte ein reell bestand gjennom ein bestandsplan, framfor delar av ein bestand, som ofte er tilfellet i dag.

Det arbeidet som skjer innanfor valda som jaktar med bestandsplanar har svakheiter. Når eit vald har fått godkjent ein bestandsplan skjer det ofte ei fordeling av dyr mellom jaktfelta slik at jaktfelta får eit spesifikt tal med dyr som dei kan ta ut. Strukturen på jaktfelta tilsvarar i hovudsak den strukturen som var i kommunen når ein hadde mange små vald. Ein har difor i praksis ikkje endra mykje frå den tida ein hadde tildeling ved målretta avskyting til små vald, men heller lete valdet stå for finfordelinga av dyra. Organiseringa utnyttar difor i lita grad moglegheitene som ligg i jakt etter bestandsplan.

Intensjonane med jakt etter bestandsplan er at ein skal ta utgangspunkt i kvar dyra er, og felle dyra der tettleiken er stor eller hjorten medfører skader. Med nytt regelverk er det mykje mindre rom for avvik frå den avskytingsplanen som valdet har fått godkjent. Om det er jaktfelt som ikkje tek ut dei dyra dei får tildelt år etter år, kan ein risikere at bestandsplanen mistar godkjenninga. Denne utfordringa kan til dømes verte handtert ved at valda lagar seg interne reglar som gjer at ein eit stykke ut i jakta omfordelar dyra i valdet slik at ein kan felle dyr der dyra er.

5.1. Kva er dei med jaktrett sitt ansvar?

Utarbeide bestandsplanen eller velje eit styre som kan utarbeide denne.

Følgje opp målsetjingane i planen.

Utarbeide reglar for valdet

Korleis ein skal handtere ulik tettleik med hjort i valdet?

Korleis førebygge at hjorten gjer skade?

Kva tiltak som må til for å få felt alle dyra?

Korleis skal ein organisere jakta?

Korleis kjøt skal verte fordelt?

5.2. Kva er kommunen/nemnda sitt ansvar?

Gjeve råd og rettleiing til grunneigarane om korleis dei kan gå fram for å organisere seg og utarbeide ein bestandsplan.

Behandle søknad om bestandsplan.

Sjå til at bestandsplanen vert følgd.

Med lovendringar i 2012 vart det innført strengare reglar for jakt etter bestandsplan. Det er kome krav om valdet/bestandsplanområdet må ha eit areal på minimum 20 gongar kommunen sitt minsteareal for å jakte etter bestandsplan. Kommunen/nemnda har ikkje lenger same høve til å gjere tildelingar som fråvik for regel om minsteareal. Det er også presisert at om eit vald/bestandsplanområde avvik meir enn 10% frå sin eigen årlege avskytingsplan har kommunen grunn til å trekke godkjenninga av planen.

Desse reglane er ei klar innskjerping av lovverket. På den andre sida må ein sjå desse reglane i forhold til intensjonane i lovverket. Ein bestandsplan skal i utgangspunktet gjelde for ein heil bestand. Det vil seie for heile hjortebestanden sitt leveområde. Dette vil i svært mange høve bety ei stort område på tvers av fleire kommunegrenser.

5.3. Innhald i ein bestandsplan

1.Målsetjing

Målsetjingane må vere i samsvar med kommunen sine overordna mål.

Kva er målsetjinga med planen?

Korleis skal ein oppnå denne målsetjing?

Døme:

Målsetjing: Å få fleire store bukkar.

Tiltak: Skyte meir spissbukk og kalv, frede alle bukkar med meir enn 4 taggar.

2.Bestandsutvikling

Ei skildring av bestanden som er i valdet/bestandsplanområdet og eventuelle endringar i denne.

Døme:

Kva veit ein om endringar i bestanden?

Er det særskilde trekkruiter som hjorten nyttar?

Er det områder som er særskilt attraktive for hjorten?

3. Plan for årleg avskyting

Ein plan for kor mange dyr valdet/bestandsplanområdet skal felle, fordelt på kjønn og alder.

Talet på dyr	År 1	År 2	År 3	I alt
Bukk				
Kolle				
Kalv				
I alt				

Prosentfordeling	Hanndyr	Hodyr	Kalv	Yngre dyr	Eldre dyr
	%	%	%	%	%

Den avskytinga ein planlegg må vere i samsvar med målsetjinga og tiltaka. Når fleire vald samarbeidar om ein bestandsplan, i eit bestandsplanområde, må det i tillegg vere ein tabell som viser fordelinga mellom dei ulike valda.

Korleis skal valdet gå fram for å sikre at denne planen vert følgt opp?

4. Vurdering av førre plan

Om valdet/bestandsplanområdet har hatt ein bestandsplan tidlegare bør ein vurdere korleis denne har verka.

Døme:

Har ein oppnådd målsetjingane?

Kvifor har ein/ har ein ikkje oppnådd dei?

Kva må ein gjere annleis for å unngå at eventuelle problem og utfordringar oppstår også i neste periode?

Kva har fungert godt i førre planperiode?

5. Eigeomsliste og kart

Liste over dei gards- og bruksnummera som inngår i valdet/bestandsplanområdet.

Eit oversiktskart som viser grensene til valdet.

6. Hjorten som skadedyr

Forutan å representere ei fare for trafikken kan hjorten gjere skade på skog og landbruksnæring. I Herøy kommune er skade på skog eit marginalt problem. Beiteskade førekjem hjå enkelte gardbrukarar. Slike problem skal i utgangspunktet verte løyst gjennom at valda tek omsyn til skader på jordbrukseigedom ved fordeling av dyr internt i valdet. Ein kan berre felle hjort som skadedyr etter løyve frå myndigheita. Eit skadeløyve må ha heimel i naturmangfaldslova. Det vert i lovverket understreka at skadefelling av dyr berre skal skje unntaksvis. Det er vidare krav om at det er forsøkt andre tiltak for å avverje skade. Det er og eit krav at skadeomfanget er av vesentleg økonomisk betydning. I områder der hjorten gjer skade er det ekstra viktig at alle dei dyra som ein har løyve til å felle i ordinær jakt vert felt.

Det er fleire tiltak ein kan nytte for å førebygge skade, men ikkje alle vil vere like veileigna overalt. Ein kan til dømes:

1. Felle flest mogleg av dei dyra ein kan ta ut i ordinær jakt i område der hjorten gjer skade. Valda bør prioritere dette ved ei intern fordeling av fellingskvota.
2. Gjerde inne rundballar.
3. Gjerde inn dyrk mark der ein har store avlingstap over lengre tid.
4. Opprette og vedlikehalde beite/viltåker som er særskilt tilrettelagt for hjorten.

Ein kan søke støtte frå kommunen sitt viltfond til tiltak som førebygg skade på landbruksnæringa, men viltfondet kan ikkje verte nytta til å gje erstatning for påført skade.

7. Evaluering av førre rammeplanperiode

Hjorteviltforvaltninga i Herøy kommune har vore styrt av "*Rammeplan for hjortevilt – Herøy kommune*" i perioden 2009 – 2012. Denne planen var utarbeidd ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor og har vore forankra med vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. Det heiter i denne planen at det er ynskjeleg med ei stabilisering av hjortebestanden, og eit uttak som tilsvarar gjennomsnittet i perioden 2000-2008 på om lag 105 felte dyr i året. Uttaket i perioden 2009-2011 samsvarar med dette.

I planen tilrår ein organisering av vald i større eininga gjennom oppretting av utmarkslag. I 2012 var hjortejakta i Herøy kommune organisert med 3 større vald som jaktar etter bestandsplan og 1 mindre vald som er pålagt målretta avskyting. Då det vesle valdet er eit vald der beiteskader har vore ei utfordring, er det uheldig at denne mindre eininga vert oppretthalden, framfor organisering i ei større eining som ville gje høve til eit større uttak av dyr. Valdet har vorte oppmoda fleire gongar om å søke samarbeid med nærliggande vald. Arealet som var organisert i to mindre vald på Jøsok vart i 2011 del av valdet Gurskøy sør i Sande kommune.

8. Målsetjingar og tiltak

Hovudmålsetjing:

Hjorteviltet skal verte forvalta etter gjeldande lovar og reglar, med bakgrunn i den kunnskapen som er tilgjengeleg. Bestanden av hjort skal ha ei god alders- og kjønnsamansetting, og ein storleik som hindrar beiteskadar og trafikkskadar av omfang. Vidare skal forvaltninga av hjorten og utøving av jakta ta i vare det biologiske mangfaldet og andre brukar- og samfunnsinteresser.

MÅLSETJING	TILTAK
<u>Innsamling av data</u>	
